

SAMANDRAG

I denne oppgåva ser eg på ein mogeleg kulturkonflikt i det norske friluftslivet i dag. I løpet av dei siste 10-15 åra har friluftslivaktivitetar i Noreg gjennomgått store endringar. Det tradisjonelle norske friluftslivet har fått selskap i fjellheimen av nye aktivitetar som frikøyning på ski og snowboard, kite, basehopping, elvepadling, rafting og terrengsykling. Dei nye trendane kan tydeleg merkast gjennom media, gjennom sal av utstyr og kurstilbod, eller ved ein dag med observasjon i eit skitrekk i Noreg. Dei nye aktivitetane tek med seg ein ny kultur til fjellet; nye klede, nytt utstyr, ny musikk, nytt språk og nye haldningar.

Møtet mellom det tradisjonelle og det nye går ikkje alltid like fredfylt for seg. For mange nordmenn er friluftslivet ein sentral del av kulturarven, og soleis viktig å ta vare på. Det tradisjonelle friluftslivet er prega av eit spartansk og "traust" liv i naturen, der enkelt utstyr, god dugleik, og fokus på det nasjonale er sentralt. Det teknisk avanserte, det "trendy" og det internasjonale ved det nye står i kontrast til desse tradisjonane. Gjennom 14 kvalitative intervju med aktive deltakarar innanfor både det tradisjonelle og det nye i friluftslivet i Noreg, har eg sett nærare på korleis møtet mellom dei to artar seg.

I lyset av sosiologisk teori utarbeidd av mellom andre Pierre Bourdieu ser eg på korleis informantane mine har opplevd møtet mellom dei to praksisformene. Den eine av dei to er etablert og i forsvar, medan den andre er ung og utfordrande. Det etablerte får definere kva som er "den naturlege måten" å te seg i feltet, og har gjennom dette mykje makt over korleis "riktig" bruk av feltet vert. Dei som høyrer til det nye føler seg noko mindreverdige i høve til det etablerte; dei tykkjer at dei bør ta omsyn til interessene til det tradisjonelle. Innanfor det tradisjonelle er ein derimot meir skeptisk til å gjere offer eller inngå kompromiss for at dei nye aktivitetane skal få gode tilhøve. Eit interessant funn er at dette makttilhøvet verkar å vere akseptert av både det etablerte og det nye.

Om ein ser til lovverket og haldningar uttrykt av styresmaktene, kjem denne maktfordelinga mellom det tradisjonelle og det nye tydeleg til syne. Rådande friluftslivspolitik er slik at den i stor grad tífredsstiller ønskja til den dominante praksisforma. Dette skjer mellom anna gjennom streng regulering av motorisert ferdsle og lover mot utbygging av anlegg og installasjonar. Dette dømet kan tyde på at det tradisjonelle friluftslivet har eit solid feste i store delar av det norske samfunnet, og forsterkar biletet av ei dominant og ei underlegen praksisform.

INNHALD

Samandrag	1
Innhald	2
1.1.1 Ein ny situasjon	6
1.1.2 Tradisjonelt vs nytt	7
1.2 Problemstilling	8
1.2.1 Mogelege konflikhtar	8
1.2.2 Kvifor er dette viktig?	9
1.3 Definisjonar	10
1.3.1 Friluftsliv	10
1.3.2 Praksisform	11
2 Friluftslivet i politikk og forskning	12
2.1 Friluftslivspolitik	12
2.2 Det tradisjonelle friluftslivet i norsk forskning	14
2.3 Det nye i friluftslivsforskinga	15
2.3.1 Individualiseringstesen som forklaringsmodell	15
2.3.2 Klasseperspektivet som forklaringsmodell	19
2.4 Samandrag av forskinga	22
3 Metode	24
3.1 Eit fleksibelt design	24
3.1.1 Meg sjølv i materialet	24
3.1.2 Intervjuguide	25
3.1.3 Kontakt med feltet	26
3.1.4 Behandling av data	27
3.1.5 Overførbarheit og metting	28
3.2 Møtet mellom teori og data	29
3.2.1 Teori vs data	29
3.2.2 Abduksjon	30
3.2.3 Grounded theory	31
3.3 Ethiske vurderingar	32
3.3.1 Veit informanten kva ho sjølv seier?	32
3.3.2 Konfidensialitet	33
4 Teoretiske diskusjonar	35
4.1 Individualisering eller klasse	35

4.1.1	Det seinmoderne og individualisering	35
4.1.2	Svaret frå strukturane	37
4.1.3	Pierre Bourdieu	38
4.1.4	Birminghamskulen	39
4.1.5	Klasseomgrepet og samfunnsteori i vår tid	40
4.2	Natur og kultur i friluftslivsforskning	41
4.2.1	Friluftslivet som noko naturleg	41
4.2.2	Friluftsliv som kulturell konstruksjon	43
4.2.3	Tordsson – og friluftslivsforskinga si oppfatting av friluftslivet	43
5	Tre praksisformer	48
5.1	Ikkje to, men tre	48
5.1.1	Utforminga av praksisformene – grounded theory	49
5.1.2	Om dimensjonane – aktivitet og natursyn	49
5.2	Dei tre praksisformene	52
5.2.1	Det tradisjonelle	52
5.2.2	Freeride	54
5.2.3	Freestyle	57
6	Klasse i praksisformene	60
6.1	Det tradisjonelle og klasse	60
6.1.1	Det tradisjonelle som naturleggjord praksisform	60
6.1.2	Den tradisjonelle praksisforma og middelklassen	63
6.1.3	Det tradisjonelle som elite i feltet	65
6.2	Freeride og klasse	69
6.2.1	Praksisforma freeride og middelklassen	69
6.2.2	Praksisforma freeride som del av eliten	71
6.3	Freestyle og klasse	74
6.3.1	Praksisforma freestyle og arbeiderklassen/den ”harde” middelklassen	74
6.3.2	Freestyle som autonom kultur	76
6.3.3	Freestyle som motstandskultur	79
7	Konflikt og makt	84
7.1	Konflikt i feltet	84
7.1.1	Konflikt knytt til aktivitetar	84
7.1.2	Konflikt knytt til natursyn	85
7.1.3	Heliskiing	86
7.1.4	Andre konkrete konflikhtar i feltet	90

7.2	Makt	91
7.2.1	Symbolsk makt – symbolsk vald	91
7.2.2	Konsekvensar av doxa	95
7.2.3	Freestyle og aversjon mot maktstrukturar	99
7.3	Konflikt og makt – oppsummering	101
8	Avsluttande diskusjonar	102
8.1	Overføringsverdi og relevans	102
8.1.1	Funna mine og anna forskning	102
8.1.2	Relevans av funna mine	104
8.2	Konflikten og samfunnet utanfor	104
8.2.1	Den praktisk, produksjonsorienterte alliansen	105
8.2.2	Den abstraksjonsorienterte alliansen	107
9	Samandrag og tankar om framtida	108
9.1	Samandrag	108
9.2	Tankar om framtida	109
	Litteraturliste	110
	Kjelder	115
	Vedlegg I – Intervjuguide	116

MAI 2003

Fire unge menn sit i ein sliten bil i ruskeveir innerst i Sognefjorden, på veg frå Oslo til eit avsidesliggande hotell i fjellet som heiter Turtagrø. "Herregud for eit veir," seier ein av dei. "Vi kunne ha vore på kino, Matrix Reloaded går på Colosseum. Tatt ei pils eller fem etterpå." Han sit trongt i den vesle, doggete bilen. Bagasjen er stapp full, med retroklede frå 70 og 80-talet til å gå på byn med blanda med skredsøkarar, gore-tex, randoneeutstyr og snowboard.

"Kvifor gidd vi dette, det er jo heilt fullstendig meningslaust. Ligge i telt i dette veiret!" klagar ein av dei. "Vel, extreme people, extreme living, hahaha..." legg han til, lett ironisk.

Når klokka endeleg passerer elleve dagen etter orkar dei fire karane å stå opp. Det første snowboarderen pakkar i Da Kine-sekken er mp3-spelaren og dei nye svære KOSS-headseta til 2000 kroner. Han set kursen for Dyrhaugstind medan In Da Club pumpar i øyro hans. Så svære hovudtelefonar gjer det umogeleg å få på seg hjelmen, men det er jo viktig å vere litt stylish og, ein kan ikkje forfalle sjølv om ein er ein dag vekke frå Grünerløkka. Han vert skikkeleg sliten sjølv om han hiv innpå med Gatorade™ frå camelbacken. Men på toppen skal han. Det å uttrykke seg sjølv i fjellet, å teikne linjer med brettet i den urørte fjellsida gjer livet verdt å leve. Og for å gjere det må han på toppen. Hadde vore fint med eit helikopter her.

Etter turen får dei 4 karane likevel pilsa sine. Eit klubbkonsept har tatt turen opp i naturen, DJ Evil Fjord har installert seg i kjellaren på hotellet og gjer overgangen frå kultur til natur litt enklare å takle. Fornøgde kan deltakarane på Fri flyt sin High Camp 2003 sjå seg sjølv på Magasinet på TV2 og konstatere at i kveld, så har dei treft blink med val av uteplass, i kveld er sannsynlegvis Turtagrø den hippaste og mest innovative klubben i heile Noreg.

1.1.1 Ein ny situasjon

Eg er sjølv ein av mennene i bilen i denne framstillinga. Eg var på veg til *Fri flyt*¹ sin High Camp, ein av dei største årlege happeningane innanfor det som vert kalla freeride-rørsla i Noreg. Turen til Turtagrø var ein del av arbeidet eg gjorde for å danne meg eit bilete av friluftslivet i dag, det denne oppgåva set som mål å sjå nærare på.

I det vi nærma oss Turtagrø gjekk tankane gjennom meg. Eg hadde vore på Turtagrø før, nytt stemninga i gangane på hotellet, bladd i bøkene om klatreheltar og ekspedisjonar, og ikkje minst gått i fjella. Men eg hadde aldri vore på Turtagrø på denne måten. Eg hadde aldri hatt med snowboard hit, eller planlagd å høyre ein DJ. Friluftslivet² mitt hadde til då på mange måtar vore todelt. På den eine sida har eg hatt eit tradisjonelt friluftsliv med lange fjellturar til fots og på ski, ofte saman med far min eller åleine. Samtidig har eg og kompisar halde på med aktivitetar i naturen som ikkje høyrer heime i arven frå Nansen. Eg har stått mykje på snowboard, sykla terrengsykkel, padla elver i kajakk. Men dette har alltid vore i andre område, med andre klede, andre menneske, og med ei heilt anna *stemning* enn det eg har opplevd når eg har drive med meir tradisjonelle aktivitetar.

Eg hadde no tatt med meg dei nye, moderne aktivitetane til det tradisjonelle Turtagrø. Denne invasjonen frå det nye inn i det tradisjonelle sine område har vore symptomatisk for mitt eige friluftsliv dei siste tre-fire åra. Skiljet mellom det tradisjonelle og det nye har vorte meir og meir utviska. Trugene har oftare og oftare blitt prioritert framom skiheis som måte å kome seg oppover når eg er på tur med brettet mitt. Eg har bore sykkelen lenger og lenger opp på fjellet, til områda der eg før berre hadde fjellsko eller fjellski på beina. Alt dette er eksempel på at eg har starta med nye aktivitetar i område der eg før berre dreiv med det tradisjonelle. Den eine aktiviteten har invadert den andre. Og i det eg starta å kombinere dei to skjøna eg fort at eg ikkje var den einaste som dreiv med slikt.

Etter kvart fekk eg eit snev av dårleg samvit når eg oftare og oftare tok brettet framom skia på fjelltur. Eg fekk ein smak av svik mot ein tradisjon eg var glad i. Det

¹ *Fri flyt* er eit magasin for ski, snowboard og bratt friluftsliv, som dei sjølv skriv på framsida. Magasinet har i løpet av dei siste åra segla fram som kanskje det fremste mediet for det som kan kallast freeride-rørsla i Noreg, og er ein sentral aktør innanfor det eg i denne oppgåva kallar den nye praksisforma i friluftslivet.

² Når eg her kallar mine eigne aktivitetar for friluftsliv, er dette ein omdiskutert måte å nytte ordet på. Eg har her inkludert aktivitetar som snowboard i skitrekking, terrengsykling, elvepadling i friluftslivsomgrepet. Denne måten å definere friluftsliv på er noko andre forskarar har gjort, som eg vil kome tilbake til.

var å ta med seg eit symbol på urbanisme, internasjonale trendar og kommersialisme inn i fjellet, det var å skitne det til. Dette fekk meg til å tenkje: Store endringar skjer innanfor det feltet av samfunnet og kulturen vår vi kallar friluftslivet. Og når noko nytt kjem til, fortrengrer det noko gammalt. Eg har undra på om tankane om svik og forureining av eit nasjonalt kulturuttrykk kanskje er eit teikn på at denne fortrengeinga ikkje går heilt smertefritt for seg.

Det kan altså sjå ut som at det tradisjonelle norske friluftslivet har fått selskap i villmarka. Der det før var ei gruppe brukarar som hadde hegemoni, kan det no sjå ut som vi tilsynelatande har fått to grupperingar som tydelig skil seg frå kvarandre.

1.1.2 Tradisjonelt vs nytt

Friluftsliv er ein viktig del av det vi ser på som det norske (Witoszek 1998, Woon 1993). Friluftslivet har hatt meir eller mindre konstante kjerneverdier i løpet av dei siste hundre år (Richardson 1994) og har basert seg på tradisjonelle norske aktivitetar som skigåing, fotturar, sanking, jakt og fiske. Det har nok vore endringar, men både aktivitetane og kjerneverdiane har halde seg konstante. Friluftslivet har vore eit enkelt liv i naturen, som har sett store krav til utøveren. Det har vore ein motpol til livet i byen og kulturen, og naturkontakten har alltid vore sentral. Det har vore knytt eit sett med verdier til det, som nøysemd, dugleik, og ein grunntanke om at friluftslivet sin særreigne type naturkontakt verkar dannande og er bra for menneska (Richardson 1994).

Det nye i norsk friluftsliv har i all hovudsak sprunge fram i løpet av dei siste 10-15 åra. Det er sentrert rundt ei mengde ulike aktivitetar som har det til felles at dei er nye måtar å ta i bruk naturen på. ”Ekstremспорт” er eit ord som til tider har vore nytta for å skildre aktivitetane det dreier seg om, sjølv om mange vil vere ueinige i bruken av både ”ekstrem” og ”sport” i samanheng med det nye. Frikøyring på ski og snowboard, kite, terreng/downhillsykling, elvepadling, fjellklatring, juving, basehopping og til dels surfing kan vere eksempel. Det kan sjå ut som om det er ein viss smitteeffekt mellom aktivitetane. Om ein på sumaren sykklar mykje eller driv med elvepadling, eller kanskje begge deler, er nok sannsynet stort for at ein brukar mykje tid på alpine ski eller brett vinterstid.

Mykje tyder på at dei som held på med dei nye aktivitetane har etablert seg som eit tydeleg fellesskap med eigne idear og verdier, praksisar, og ein eigen

symbolikk. Dette kan ein sjå ved at dei som høyrer til det nye ofte deler musikksmak, klesstil og til dels opererer med eit eige språk. Dei gjev ut eigne filmar, eigne magasin, har eigne nettsider og arrangerer eigne festivalar. Kanskje viktigast er at dei opplever natur på ein eigen måte, til dømes ved at dei ser positive sider ved naturen som ingen andre ser. Til saman gjer alt dette at ein kan foreslå å sjå på det nye som ei heilt ny *praksisform* innanfor friluftslivet.

Det tradisjonelle norske friluftslivet har likt seg godt åleine i fjellheimen. Kva vert reaksjonen når det no får selskap?

1.2 PROBLEMSTILLING

Det er i dag tilsynelatande to ulike praksisformer for bruk av naturen i Noreg: Det tradisjonelle friluftslivet og dei nye aktivitetane. Eg vil sjå nærare på ulikskapar mellom dei to praksisformene, om det i dag ligg an til konflikhtar mellom dei, og korleis makttilhøva dei imellom er.

1.2.1 Mogelege konflikhtar

Ein ser i dag tendensar til konflikhtar knytt til framveksten av den nye praksisforma. I media kjem det stadig fram eksempel på at turgåarar er sinte på terrengsyklistar, at sportsfiskarar vert forstyrra av elvepadlarar, at skigåarar er imot bygging av alpinanlegg, og at frikøyrarar ikkje får nytte helikopter for å kome seg til topps for å stå ned. Tvistane er knytte til kamp om områdebruk og ressursar. Natur er eit avgrensa gode, sjølv i Noreg. Dei mest spektakulære fjellområda er av favorittane både for rolege vandrarar på jakt etter flott utsikt og brettkøyrarar som vil ha bratte fjellsider med skitrekk og puddersnø.

Ein kan og sjå tendensar til konflikhtar på eit meiningsnivå. Det ser ut som det er knytt andre verdiar til det nye enn til det tradisjonelle. I det tradisjonelle ser slit og uthald i naturen til å vere viktige prøvelsar og karakterformande aktivitetar. Innanfor det nye kan det synast som om det er mindre fokus på slit; leiken er meir sentral. Det kan synast som at for dei tradisjonelle aktørane er turen opp på fjellet minst like viktig som turen ned medan for dei nye aktørane er slitet berre eit naudsynt onde og ein ville helst tatt helikopter til topps. Truleg ville ein slik helikoptertur blitt dårleg mottekte i deler av feltet. Bråket frå eit helikopter med frikøyrarar ville nok høyrast mykje lenger

enn til fjella i nærleiken. Støyen ville nok ha vore nærast utåleleg i gangane på DNT-kontora, på grunn av symbolverdien det å tillate helikopterlift til norske fjelltoppar hadde hatt.

I den nye praksisforma kan det sjå ut som fridom og eit alternativ til det sokalla A4-samfunnet er sentralt. Dette medfører ein motstand mot det etablerte, og flørting med narkotika og andre ulovlege element er ikkje uvanleg. Det tradisjonelle representerer på si side noko kjernesunt og samfunnsansvarleg, som er med på å oppretthalde den rådande samfunnsordninga. Trass i desse skilnadene er representantane for praksisformene aktørar på same felt, og dei kjempar på mange måtar om å få definere kva som skal vere rådande oppfatningar av kva feltet er.

1.2.2 Kvifor er dette viktig?

I Stortingsmelding 39 om friluftslivet frå 2001 kjem det fram at styresmaktene legg opp til ei styrt utvikling av naturbruken i Noreg (Miljøverndepartementet 2001). Stortingsmeldinga vedkjenner at noko held på å endre seg i feltet, men seier at ein treng meir kunnskap for å ha full oversikt. Difor er det naudsynt å få ei forståing av tilhøvet mellom det tradisjonelle og det nye. Kunnskap om tilhøvet mellom dei to praksisformene kan gjere oss budde på å møte eventuelle konflikhtar, og gje betre innsikt i korleis dei kan løysast.

Friluftslivet står sentralt i biletet vi har av oss sjølve som nordmenn (Witoszek 1998). Det er ein viktig del av norsk kultur, og inntrykket vi likar å gje andre av norsk kultur (sjå til dømes Liv Ullmann på fjelltur under opningsseremonien under OL på Lillehammer). Om det skjer endringar innanfor denne kulturen, har det mykje å seie for heile det som er forteljinga om det norske.

Reint fagleg er dette eit interessant felt å studere. Dei to praksisformene tek typiske roller i ein konfliktsituasjon; ei er konservativ, i forsvar, og ei er radikal, i angrep. Det å forstå eit felt med utgangspunkt i konflikhtar mellom aktørar er eit av dei sentrale analyseperspektiva innanfor sosiologien, og eg ynskjer å undersøke situasjonen i friluftslivet i lys av konfliktteori. I tillegg byr det å studere aktørar sitt tilhøve til natur på faglege utfordringar. Om det norske og tilhøvet til naturen har Marianne Gullestad formulert seg slik: ”*Det naturlige kan (...) sees som en kulturell konstruksjon som tåkelegger sin egen kulturlighet! Våre forestillinger om naturen er ikke naturlige, men tvert imot kulturlige.*” (Gullestad 1990:90). Naturopplevingar er

og kulturbestemte, men det faktum at dei handlar om *natur* gjer at dei i endå sterkare grad enn andre kulturelle konstruksjonar vert oppfatta som naturlege og ikkje kulturelt bestemte.

1.3 DEFINISJONAR

1.3.1 Friluftsliv

Det å definere friluftsliv er problematisk (Tordsson 2003 s11, Faarlund i mellom anna Faarlund 1995). Det finnast til dels sterke meiningar om kva friluftsliv er, og i aller høgste grad kva det ikkje er. Mange av dei eg snakka med i samanheng med denne oppgåva retta på meg då eg nytta ein for vid definisjon av ordet.

Spørsmålet om definisjonen av ordet går på mange måtar rett inn i kjernen av konflikten eg prøver å få tak på i denne oppgåva. Det ligg makt i å få lov til å avgjere kva ordet tyder, for så lenge noko er friluftsliv er det moralsk godkjent å drive med. Då fell det innanfor ein norsk tradisjon, og det vil vere lite kontroversielt. Om noko derimot skulle falle utanfor definisjonen vil det ha større problem med å få aksept. Det representerer då noko unorsk, eit framandelement i den norske naturen, noko unaturleg. Driv ein ikkje med friluftsliv får ein i følgje denne definisjonen ikkje same kontakten med naturen, same forståinga for store samanhengar, ein ser ikkje intuitivt viktigheita av naturvern og det å bevare utmarka urørd. Slik Vorkinn, Wittersø & Riese (2000) påpeikar er friluftsliv er eit normativt omgrep, og om eg skulle foreslå ei operasjonisering i denne oppgåva, kjem eg med eit bidrag i debatten.

I denne oppgåva snakkar eg om *det tradisjonelle friluftslivet*. Dette er friluftslivet slik det tradisjonelt har vore i Noreg, og inneheld aktivitetar som turar på ski og til fots. Den andre måten å bruke naturen på omtalar eg som *dei nye praksisformene*. Dette er dei nye aktivitetane eg omtala i starten av teksten. Eg vil også gjere nokre avgrensingar: I denne oppgåva vil eg ikkje gå særleg inn på sider ved bruk av den norske naturen som sanking, jakt og fiske. Eg vil heller ikkje sjå særleg på dei meir idrettsliknande sidene ved det nye. Fleire av dei nye aktivitetane har med blanda reaksjonar vorte prøvd å bli tatt inn i idrettsfæra, dette gjeld kanskje i størst

grad snowboard (sjå Brekke 2003).³ Dei konkurranseidrettslege sidene ved det nye kjem ikkje til å kome i særleg fokus i denne oppgåva.

1.3.2 Praksisform

Ei praksisform er ein særeigen måte å handle i og oppfatte situasjonar på. Ei praksisform vil avgjere ein aktør sine preferansar og korleis ho vil te seg i ein gjeven situasjon. I denne oppgåva vil praksisformer vere knytt til Bourdieu sine omgrep habitus og doxa, og vil bli diskutert i samband med desse seinare.

³ Sjølv om det vert arrangert årlege NM-konkurransar og snowboard har blitt ei OL-grein, er nok snowboard enno ein aktivitet ein driv med utan å ha fokus på idrett og konkurranse. Det er nok utenkjeleg at ein kompisgjeng på veg til Hemsedal for ei helg, med same entusiasme kunne gleda seg til ein sundag med høgdehopp, 100 meter sprint og litt kulestøyt.

2 – FRILUFTSLIVET I POLITIKK OG FORSKING

I dette kapitlet vil eg gje eit kort samandrag av det norske friluftslivet i forskning og i politikk, for å gje ein introduksjon til korleis feltet har blitt forstått. Mykje av det som har blitt skriva innanfor forskning er historiske framstillingar, som fortel om korleis friluftslivet i Noreg vart til og korleis det har utvikla seg gjennom tidene.

Størsteparten av merksemda i denne oppgåva vil vere konsentrert rundt forskning som fokuserer på situasjonen i vår tid, sidan det er dette feltet problemstillinga mi ser på. Eg vil heller ikkje gå særleg inn på internasjonal friluftsforskning her, fordi eg i denne oppgåva berre vil fokusere på *det norske* friluftslivsfeltet.

2.1 FRILUFTSLIVSPOLITIKK

Friluftslivet har vore eit politisk interesseområde i lang tid i Noreg. Bjørn Tordsson (2003) syner korleis politiske vindar har påverka friluftslivet, og korleis ulike politiske interessegrupper har forma det for å få fram ulike ideologiske poeng. Tordsson startar med å syne kor sentralt friluftslivet var i bygginga av den norske nasjonen. Då det vart gjort til eit symbol for det norske av krinsen kring Nansen rundt førre hundreårskiftet, var det fyrst og fremst politiske motiv som stod bak. Nasjonen trong ein identitet, og friluftslivet passa sær bra til både kulturen og naturen i landet vårt. I 30-åra, då arbeidarklassen kjempa fram sosial rettferd, var friluftslivet eit viktig fritidstilbod då ein fekk innført meir ferie for alle. Sundagsturen og fjellvandring i feriar vart eit symbol på velferda arbeidarklassen hadde tileigna seg. Friluftslivet vart eit viktig symbol for fridomskampen i tida under og etter krigen. Norske motstandsheltar hadde gjort ein god jobb mykje på grunn av kunnskapen dei hadde om korleis ein skulle te seg i naturen. Under den grønne rørsla på 70-talet vart friluftslivet ein sentral del av ideologien til naturvernarane. Det vart ein viktig filosofi og livsveg for aktivistar. Særleg protestane mot utbygging av Mardøla står som sentral innanfor historia til den grønne rørsla (Tordsson 2003).

Når vi kjem til vår tid, kan det verke som situasjonen er ein noko annan. Dei nye trendane som har utvikla seg i friluftslivet har fått mindre merksemd frå styresmaktene, sjølv om ein har sett tendensar til store endringar i 15 år. Vi har likevel fått stortingsmeldingar om friluftsliv, den siste av dei er frå 2001

(Miljøverndepartementet 2001). Her vert dei nye aktivitetane nemnde, men ikkje via særleg merksemd. Den merksemda den får, er akkompagnert av ein viss skepsis:

”Det er ingen klare teikn til rekrutteringssvikt hos den yngre generasjonen, men blant ungdommen skjer ei gradvis dreining i måten friluftslivet blir praktisert på. Det finst klare indikasjonar som tilseier at ein ut frå ei «føre var-haldning» bør følgje utviklinga i rekruttering nøye (...) Dette kan medføre eit press i retning auka tilrettelegging og anlegg for moderne aktivitetar, og eit press mot at det i større grad blir opna for motorisert ferdsel i utmark. (Miljøverndepartementet 2001 kap 3.4.3)

I utdraget over kan det verke som om styresmaktene er udelte negative til dei nye trendane. Seinare vert dette noko moderert og det vert sagt:

”Regjeringa vil ha eit romsleg friluftsliv der ein er open for fleire motiv for og former for utøving. Det at det er enkelt og tradisjonsbunde kan ikkje vere absolutte kriterium og aktiviteten treng ikkje vere særskilt langvarig, krevjande eller strabasios. Heller ikkje treng aktiviteten skje i fritida. Hovudkrava må likevel vere at framferda er *miljøvennleg* og *helsefremjande*.” (Miljøverndepartementet 2001 kap 3.5.3)

Som sitata syner er meldinga noko utydeleg på om den ynskjer det nye velkomen eller ei. I nokre passasjar (som den første eg siterte) vert det åtvare mot enkelte sider ved det nye. Dette kan vere kommersialisering og meir tilrettelegging gjennom motorisert transport. Andre stader (som i det siste sitatet) vert det poengtert at ein ikkje må verte for konservative og stengje ute nytenkjande menneske. Når det er snakk om dei nye aktivitetane legg ein fleire stader vekt på at ein ynskjer å *styre* utviklinga av dei nye trendane inn i ei retning som harmonerer med friluftslivsideala vi kjenner frå før. Ein bør ta element ved det nye og blande dei med det positive frå det tradisjonelle, samtidig som ein legg vekk det som ikkje passar. Det verkar altså som at ein vil ha deler av den nye praksisforma, men ikkje alt. Om styresmaktene vil lukkast med dette er vanskeleg å svare på, men det kan vere problematisk å velje seg element ved ei samanvevd praksisform, samtidig som ein ynskjer å forkaste andre.

Stortingsmeldinga er eit politisk verk (Skår 2003) og uttalar seg ikkje berre om korleis menneske i Noreg *er* i naturen, men om korleis ein ynskjer at menneske i Noreg *skal vere* i naturen (Skår 2003). Det tradisjonelle norske friluftslivet er i

stortingsmeldinga ikkje berre ein av mange alternative måtar å vere i naturen på, det er og i stor grad den *riktige* måten å vere i naturen på.

2.2 DET TRADISJONELLE FRILUFTSLIVET I NORSK FORSKING

Naturleg nok har det tidlegare blitt skriva svært mykje om friluftslivet, både i og utanfor forskinga sitt område. Praktbøker, romanar, filmar og tv-seriar; svært mange kulturelle produkt har i lang tid gjeve sine framstillingar. Når det gjeld vitskaplege arbeide om temaet er desse av noko nyare dato. Norske og amerikanske filosofar var mellom dei første som reflekterte meir systematisk over friluftslivet, og hadde særleg på 70-talet stor interesse av emnet (Næss 1974).

Bjørn Tordsson gjev i doktorgradavhandlinga si *Å svare på naturens åpne tiltale* (2003) ei detaljert framstilling av friluftslivet gjennom historia. Eit av hovudpoenga er at det vi ser på som friluftsliv har vore i stadig endring. Trass i at friluftslivet i dagens situasjon kan verke som noko konservativt og statisk, syner Tordsson oss at stemningar og ”store prosjekt” i samfunnet har hatt stor innverknad på korleis friluftslivet har vore. Døme på dette er at det politiske klima kan påverke slik eg synte over. Likevel kan ein ikkje hevde at ordet *friluftsliv* er heilt utan fast innhald. På slutten av framstillinga si syner Tordsson oss fellestrekk som er stabile trass i endringane gjennom historia. Fellestrekka er basert på ein særigein måte å møte naturen på, der naturen sin mangel på intensjonalitet er det sentrale. I det norske friluftslivet finst ein idé om møtet med naturen som eit reint møte, som er upåverka av eventuell tidlegare erfaring. Naturen berre er der, og har ikkje noko budskap å kome med, i motsetning til menneskeskapte fenomen. Eg vil vende tilbake til ein diskusjon om kva effektar denne forståinga av eit natursyn får for forskning (kap 3.2.3).

I *Kraftanstrengelse og ensomhet* går Heidi Richardson (1994) noko lengre enn Tordsson. Basert på ei studie av skriftlege kjelder, mellom anna ein heil del av DNT sine årbøker, samanfattar Richardson den tradisjonelle norske friluftskulturen i tre kjerneverdier. Richardson finn at trass i at friluftslivet på mange område endrar seg, finst det sider ved det som er stabile over tid; allmenngyldige reglar for korleis det bør vere. Dei tre kjerneverdiane er:

- Ein skal nytte enkelt utstyr.
- Ein skal ha enkel tilrettelegging.

- Ein set eit krav om dugleik basert på lang og god erfaring (Richardson 1994 s 123-127).

Til saman resulterer desse verdiane i eit nærast pietistisk krav til utøveren, noko Richardson knyter tett opp til Weber og utviklinga av den protestantiske etikk i Noreg. Oppsummeringa til Richardson stemmer godt overeins med den historiske framstillinga til Tordsson, sjølv om han ikkje uttaler den like eksplisitt og er meir forsiktig med å framstille friluftslivet som konstant gjennom ulike samfunnsperiodar.

2.3 DET NYE I FRILUFTSLIVSFORSKINGA

Då eg var på *Fri flyt* sin toppturcamp trefte eg på to andre forskarar, utan at eg visste på førehand at dei kom til å vere der. Tre personar, uavhengige av kvarandre, var til stades for å studere dei vel 150 personane som var her denne helga. Dette gjev ein peikepinn på at forskingsaktiviteten har auka monaleg innafør dette feltet. Dei første ti-femten åra dei nye aktivitetane vart utførte i Noreg, vart dei ikkje via særleg merksemd frå forskarhald, men dei siste åra, og særleg etter tusenårsskiftet har publikasjonane kome hyppigare.

Forskinga kring dei nye trendane ser i all hovudsak til to ulike teoretiske leirar for å forklare endringane ein kan sjå, den eine er individualiseringstesen og den andre er eit meir klassebasert forklaringsperspektiv. På dei neste sidene vil eg sjå nærare på dei viktigaste publikasjonane innanfor denne forskinga. Eg vel å sortere presentasjonane etter kva teoretisk perspektiv den enkelte forskingsrapport soknar til, sjølv om fokuset i dette kapitlet ligg meir på *funn* enn på *forklaring*. I kapittel 4 vil eg kome tilbake med ei grundigare teoretisk drøfting av individualiseringstesen og klasseperspektivet, med fokus på korleis dei to modellane kan nyttast i friluftslivsforsking.

2.3.1 Individualiseringstesen som forklaringsmodell

Norsk friluftsliv – på randen av modernisering av Marit Vorkinn, Joar Vittersø og Hanne Riese (Vorkinn mfl. 2000) gjev oss ein situasjonsrapport frå alle aktivitetar i det norske friluftslivet rundt tusenårsskiftet. Arbeidet er basert på ei kvantitativ spørjeskjemaundersøking gjort i Trøndelagsfylka med 918 respondentar, og mykje

tyder på at dei tradisjonelle verdiane Richardson formulerte mistar støtte. Mange av spørsmåla er formulert med tanke på å undersøke haldningar knytt til friluftslivsrelaterte spørsmål, og fleire av tala som kjem fram har relevans for problemstillinga mi. Ein spør til dømes om ein meiner heliskiing⁴ bør fortsette å vere totalforbode i Noreg. Her svarar berre 27% av respondentane mellom 15-24 år ”ja” (Vorkinn mfl. 2000:43-44). Eit anna eksempel er at berre litt over 20% av heile respondentmassen er ueinige i at alle kommunar i landet bør syte for tilrettelagde løyper for scootertrafikk (Vorkinn mfl. 2000:43-44). Vorkinn opplyser om at andre tal i undersøkinga syner at respondentane er svært liberale med tanke på motorisert ferdsle i naturen.

I debatten mellom det tradisjonelle og det nye kan forbodet mot heliskiing sjåast på som eit symbol på motstanden mot den nye praksisforma bygd inn i lovverket vårt. Debatten om heliskiing ofte vert trekt fram i media når konflikten mellom dei to praksisformene skal illustrerast. DNT og andre tradisjonelle friluftslivsinteressentar er kategoriske motstandarar av heliskiing, medan aktiviteten har sterke tilhengjarar hos mange i det nye. At eit so lite mindretal som 27% av dei unge respondentane i undersøkinga meiner den norske lova mot heliskiing bør bestå er eit oppsiktsvekkande funn, og fortel at meiningane frå det nye står sterkt hos dei yngste. Den generelt liberale haldninga hos respondentane til motorisert ferdsle tyder på ein viss grad av konflikt til rådande friluftslovgjeving og til det tradisjonelle. Dette problemet vert og formulert i rapporten:

”Andre sentrale målsetninger (offentlige myndigheter har (min merknad)) er at friluftslivet skal være enkelt, naturnært og miljøvennlig, dvs i samsvar med tradisjonelle normer for hvordan friluftsliv bør praktiseres. Undersøkelsen tyder på at disse normene kan være i ferd med å forandre seg. Under halvparten av de spurte i Trøndelag var enig i at det er viktig å bevare tradisjonene med et enkelt og lite tilrettelagt friluftsliv.” (Vorkinn mfl. 2000:43)

Som sitatet peikar på syner Vorkinn mfl. oss at det tradisjonelle målet med lite tilrettelegging er på vikande front. Difor er det eit misforhold mellom målet

⁴ Heliskiing er ein fellesnemnar for det å verte frakta opp på ein fjelltopp eller til eit fjellområde med helikopter for å stå ned att på ski eller snowboard. Heliskiing har dei siste åra blitt populært over store delar av verda, men er forbode i Noreg.

styresmaktene har sett seg, og den faktiske situasjonen i friluftslivet; brukarane av naturen er meir liberale i synet på nye aktivitetar enn stortinget legg opp til. Rapporten konkluderer med at det er naudsynt å følgje utviklinga innan friluftslivet i tida framover, mellom anna fordi friluftsliv er definert av styresmaktene som eit politisk område. Svært mykje av aktiviteten er uorganisert og vanskeleg å få oversikt over utan skikkeleg forskning. Difor oppmodar Vorkinn mfl. til grundige undersøkingar, særleg innanfor det som vert denne oppgåva sitt tema.

I ein seinare artikkel av Vorkinn (2001) vert funna frå *Norsk friluftsliv – på randen av modernisering* moderert og det vert kommentert at utviklinga kanskje ikkje er uttrykk for eigentlege endringar, men berre er motar utan eigentleg endring i meiningsinnhald:

”(Representerer de) endringsprosesser en nå ser blant ungdom en kulturell kontinuitet og/eller en kulturell fristilling og brudd? Riktignok er det et ordspråk som sier at “Reven skifter pels, men ikke vaner”, men spørsmål om kulturell kontinuitet eller brudd vet vi fortsatt svært lite om. For friluftslivspolitikere og forvaltning er det viktig å ha forståelsen av at tilsynelatende motstridende utviklingstrekk eksisterer side om side i dagens friluftsliv.” (Vorkinn 2001)

Vorkinn seier i sitatet at teikn i tida peikar i ulike retningar når ein skal svare på om dei nye trendane i friluftslivet representerer kontinuitet eller brot med det tradisjonelle. Problemstillinga mi set som mål å gje eit noko tydelegare svar på dette spørsmålet.

To forskarar som har medverka mykje i forskinga innanfor dette feltet er Anette Bischoff og Alf Odden. Forskarane har publisert mange artiklar om emnet (Bischoff 1999, Bischoff & Odden 2000, Bischoff & Odden 2003, Odden & Aas 2003), og syner i desse at ”*friluftslivet ser ut til å gjennomgå store endringer både når det gjelder aktivitetsmønster, meningsinnhold og institusjonalisering*” (Bischoff & Odden 2000). Data frå Statistisk Sentralbyrå 2001 (N=1925) syner at heile 25,2% av respondentane i aldersgruppa 16-24 år driv med *aktivitetsbaserte aktivitetar*. Bischoff & Odden nyttar denne termen om aktivitetane som høyrer til det eg kallar den nye praksisforma. Eit poeng hos Bischoff & Odden som er relevant for framstillinga mi er at dei nye aktivitetane kan kome i konflikt med sider av norsk utmarksforvaltning, og ikkje minst det tradisjonelle friluftslivet. Dette er særleg tydeleg i

Moderniseringsprosesser i utmarka (Bischoff & Odden 2000). Her peikar dei på at aktivitetsbaserte aktivitetar krev mykje meir av naturen enn det tradisjonelle friluftslivet, og at dette vert eit irritasjonsmoment både for grunneigarar og tradisjonelle turgåarar.

I *Nye trender i norsk friluftsliv* (Bischoff & Odden 2003) vert konflikthypotesen frå Bischoff & Odden 2000 sett på prøve, mellom anna gjennom eit datamateriale frå Statistisk Sentralbyrå, og eit djupintervju med ein av Noregs fremste frikøyrarar. På grunnlag av datamaterialet vert konfliktperspektivet noko moderert, Bischoff & Odden ser klare teikn til *kontinuitet* mellom det tradisjonelle og dei ”aktivitetsbaserte aktivitetane”. Ein ser mellom anna at svært mange av dei som driv med frikøyring i fjellet er medlemmer av DNT⁵, og at det er nokså vanleg å ha ein viss skepsis til motorisert ferdsle i naturen. Når ein går på topptur er det til dømes mange som tykkjer det er betre med unnarennet når ein har gjort seg fortent til det gjennom å slite seg opp. Det vert teikna eit bilete av ein type brukarar i den norske naturen som driv med nye aktivitetar, men fører vidare tradisjonelle haldningar til friluftslivet.

Både Vorkinn og Bischoff & Odden ser til *individualiseringstesen* for å forklare endringane ein ser i friluftslivet. Det teoretiske utgangspunktet harmonerer godt mellom artiklane deira, sjølv om fokuset hos Bischoff & Odden ligg meir på ungdom. Individualiseringstesen er ein del av teoriane om det seinmoderne, ein generell teori som skildrar samfunnstilstanden i vår tid. Individet har i det seinmoderne samfunnet meir fridom til å gjere som det vil enn i tidlegare samfunn. Strukturar som klasse, nasjon, etnisitet og tradisjon har mindre å seie i det seinmoderne, og set færre sperrer for kva det enkelte individ kan gjere. Individualiseringa fører difor til at vi innanfor ulike deler av samfunnet ser eit mylder av nye uttrykk og trendar. Dette gjeld og i friluftslivet, der vi ser tendensar til at det tradisjonelle må vike for nye måtar å te seg i naturen. Individualiseringstesen og det seinmoderne og kjem til å bli drøfta i kap 3.

Individualiseringa som eit generelt trekk ved det seinmoderne er sentralt i forklaringa av dei nye trendane. Særleg *ungdommen* står i vår tid overfor større

⁵ Trass i at DNT ved mange høve ynskjer å stå fram som ein organisasjon der ein inkluderer nye aktivitetar og trendar, er dei utan særleg tvil eit symbol for det tradisjonelle for dei aller fleste brukarar av den norske naturen. Difor er det at frikøyrarar står som DNT-medlemer eit tydeleg teikn på at dei tek til seg element frå det tradisjonelle.

utfordringar, men og større moglegheiter enn ungdom for berre tiår tilbake. Dette kjem til uttrykk i val av aktivitetar innanfor friluftslivet, ein gjer ikkje nødvendigvis som far og bestefar sin. Innanfor forskinga kring den nye praksisforma er individualiseringsten ein mykje nytta forklaringsmodell. Det finst fleire artiklar som tek i bruk tesen og argumenterer for individualiseringa enn dei eg har tatt føre meg her. Eksempel kan vere Skår (2003), Teigland (2000) og til dels Mæland (2003) og Sande (1999).

2.3.2 Klasseperspektivet som forklaringsmodell

I den norske forskinga om *det nye* har klasseperspektiv vore lite brukt. Eit viktig bidrag har likevel kome frå Ketil Skogen gjennom fleire artiklar der han i hovudsak ser på klasse og natur. For å skape ei betre forståing av skilnadene i måten natur vert opplevd på, skil Skogen mellom to ulike kulturar for naturoppleving; den *praktisk, produksjonsorienterte kulturen* og den *abstraksjonsorienterte kulturen* (Skogen 1995:86-87). Innanfor den praktisk, produksjonsorienterte kulturen ser ein på eit objekt gjennom nytteverdi, og er opptatt av objektet sin funksjon. Ein har lite til overs for abstraksjonar i form av vidløftige idear utan røter i røynda. Den abstraksjonsorienterte kulturen er derimot opptatt av eit objekt sine intellektuelle, abstrakte, idémessige, og gjerne estetiske sider. Avhengig av kulturen ein høyrer til, vil oppfatninga av natur variere. I den praktisk, produksjonsorienterte kulturen er naturen ein del av verda som står til disposisjon for individa som bruksgjenstand. Naturen har verdi i form av den nytten den gjer for den enkelte. Dette kan til dømes vere gjennom tradisjonell jakt, fiske eller sanking⁶. Den abstraksjonsorienterte kulturen gjev derimot naturen verdi på eit meir idémessig plan. Den urørte naturen har verdi, sjølv om ingen nyttar han. Det at det finst urørt natur er eit mål i seg sjølv, og kunnskapen om dette er nok til at det har verdi, sjølv om ein aldri får oppleve det urørte direkte. Også når ein sjølv er i naturen, er nytteperspektiv mindre viktig; estetikk, og opplevinga av ideen om naturen er sentrale sider ved det ein søker.

⁶ Her snakkar vi om *tradisjonell* jakt, fiske eller sanking, der fokuset ligg på nytteverdien i aktiviteten. Ein vil kunne finne eksempel på at desse aktivitetane kan sjåast på som ein del av det abstraksjonsorienterte. Ser ein til dømes på moderne fiske, der ein praktiserar catch and release, ligg ikkje fokuset på det å fange fisk for å gjere seg nytte av fisken som mat, men meir på opplevinga det er å fiske.

Skogen (1995) syner oss at det er klare samanhengar mellom klasse og kvar ein plasserer seg på aksen *praktisk, produksjonsorientert – abstraksjonsorientert*. Gjennom kvantitative data frå ungdomsundersøkinga Ung i Norge 1995 finn han at arbeidarklassebakgrunn og bakgrunn i den delen av middelklassen Gouldner kallar den *tekniske intelligensia* (Gouldner 1979) – ingeniørar og andre ”harde” yrke – tenderer til å samsvare med den praktisk, produksjonsorienterte kulturen. Den *humanistiske, intellektuelle* delen av middelklassen og overklassen har eit syn som samsvarar med den abstraksjonsorienterte kulturen.

Eit viktig poeng hos Skogen er at kulturelle uttrykk er ein del av ein klasseidentitet som ein ofte uttrykkjer for å opponere mot noko. Ein klasseidentitet vert soleis ikkje opplevd som ein påtvungen livsstil som ein ikkje kjem seg ut av. Den vert derimot opplevd som noko ein aktivt vel å uttrykkje seg sjølv gjennom. Skogen har under arbeida sine mellom anna intervjua ungdommar frå Trysil-området som er svært interesserte i tradisjonell jakt og fiske; ”veidemannsliv” som ein av informantane til Skogen kallar det (Skogen 2001:62). Sjølv om jakt og fiske fell utanfor det eg ynskjer å konsentrere meg om i denne oppgåva, vel eg likevel å ta med eksempelet til Skogen for å syne kva teoriane om klassekultur er basert på. Veidemannslivet står i kontrast til dei ”hippe” og meir urbane snowboardungdommane som også høyrer heime i Trysil. Men dei unge veidemennene er ikkje taparar som har hamna i bakleksa, den tradisjonelle livsstilen er det dei sjølve som har valt. Veidemannslivet vert del av ein motstand mot eit samfunn der intellektuell akademisk kunnskap og det som høyrer til den abstraksjonsorienterte kulturen kan synast å få meir og meir makt. I seinare arbeide, syner Skogen saman med Olve Krange (Krange & Skogen 2003) at tilsvarande behov for å uttrykkje motstand mot det urbane finst hos unge ulvejegerar i Stor-Elvdal. Ulvejegerane vert ofte framstilte i media som taparar frå bygda som er i ein situasjon dei sjølve ikkje ynskjer å vere. Krange & Skogen syner oss at livet jegerane lever i stor grad er noko dei sjølve vel, for nettopp å uttrykkje motstand mot det urbane og reglar for utmarka som vert bestemt utan at dei sjølve føler dei får avgjere. Krange & Skogen hentar inspirasjon frå Birminghamskulen, ei engelsk gruppe forskarar som omtalar arbeidarklassen sine autonome val av kulturelle uttrykk. Ein grundigare teoretisk diskusjon av Birminghamskulen sine teoriar kjem i kapittel 4.

Den andre ungdomsgruppa Skogen såg på i Trysil, snowboardarane, uttrykkjer og noko med dei kulturelle preferansane sine. Skogen peikar på at dei gjennom

aktiviteten sin uttrykkjer avstand frå tradisjonane i bygdesamfunnet dei kjem frå, og tilhørsle til ein urban og internasjonal kultur. Ein annan forskar, som er inspirert av teoriane frå Birmingham-skulen, har grundig studert snowboardkultur gjennom eit toårig feltarbeid hos Totten-klanen i Hemsedal, ei meir eller mindre fast gruppe snowboardarar som sto på brett og budde i Hemsedal vinterstid. Olav Christensen ser i studia *"Absolutt snowboard - studier i sidelengs ungdomskultur"* (Christensen 2001a, Christensen 2001b) spesifikt på snowboard som subkultur. Studiet gjekk føre seg frå 1996 til 1998.

Christensen fortel om eit miljø der *leiken* er det sentrale. Snowboardarane lever for å gjere det dei likar best, stå på brett og leike i naturen. Når dei tek seg betalte jobbar, er dette berre for å få råd til det mest naudsynte av mat, husrom (i campingvogner) og det dei treng for å kunne leike i fjellet. Snowboardarane hos Christensen er i opposisjon, til det tradisjonelle trauste innanfor friluftslivet og til det organiserte, konkurranseprega innan idretten. Organisasjonsvegringa i snowboardkulturen, er noko som og vert peika på hos Brekke (2003). I følgje Christensen er den globale snowboardkulturen i ei særstilling som opprørskultur i Noreg på grunn av det tradisjonelle friluftslivet: *"Ingen andre steder i verden har identiteten som brettkjører vert tydeligere enn her, blant treskifantaster og nikkergubber"* (Christensen 2001b:12). Snowboardarane står og i opposisjon til den norske velferdsstaten, i staden for søken etter tryggleik og kontroll vil snowboardarane ha risiko og uvisse, alt anna vert kjedelig.

I 1996, då Christensen starta på studia si, var snowboard enno ein litt "rar" aktivitet å drive med i Noreg. I løpet av dei 6 åra som har gått sidan Christensen avslutta arbeidet sitt har snowboard og liknande aktivitetar hatt stor popularitetsauke. Dette har nok medverka til å ufarleggjere kulturen noko⁷. Ikkje minst har element frå snowboardkulturen smitta over på andre aktivitetar som til dømes jibbing på ski. Skikøyrarar gjer i dag sine versjonar av triksa snowboardarane gjorde, og har tatt til seg ein del av den opprørske haldninga snowboardarane er kjende for.

Trass i at snowboard vart allemannseige medan Christensen gjorde feltarbeidet sitt, er det lite tvil om at det har vore ein særeigen subkultur rundt det, med klåre

⁷ Vi har til dømes ein forsvarsminister i Noreg i dag som ved fleire høve har profilert seg som ivrig snowboardar. På eit nett-møte i regi av VG seier ho: *"Jeg må ut i snøen annenhver helg hele vinteren, og råder alle andre stressede mødre til å gjøre likeså."* Det opprørske i snowboard er nok noko redusert etter ein slikt utsegn. (http://interaktiv.vg.no/tett_paa_net/98kristin_krohn.html)

avgrensingar til resten av samfunnet. Humphreys (1997) syner at snowboard er mykje meir enn berre ein aktivitet. Det er eit mål innanfor snowboardkulturen at ein skal skilje seg frå andre, det å vere ulik er eit poeng i seg sjølv. Beal (1995) peikar på dei same trekka ved kulturen rundt skateboard, der ein etablerer globale fellesskap der eigne media som video og magasin fungerer som referansar for skatarar i heile den vestlege verda.

2.4 SAMANDRAG AV FORSKINGA

Det kan sjå ut som at tidlegare forskning på feltet gjev ulike svar på problemstillinga denne oppgåva tek for seg; har vi ein konfliktsituasjon i friluftslivet? Vorkinn og Bischoff & Odden peikar på kontinuitet mellom gamle og nye praksisformer, medan til dels Skogen og særleg Christensen peikar på skilnadar mellom dei. Om vi samanliknar informantane til Christensen (2001a), Skogen (2001), Bischoff & Odden (2003) og det tradisjonelle friluftslivet vi finn hos Richardson (1994) og Tordsson (2003), kan det verke som om feltet vi studerer inneheld ikkje berre to, men *tre* ulike former for praksis. Den første forma, den tradisjonelle praksisforma, er den tradisjonelle bruken av den norske naturen. Den andre forma, som Bischoff & Odden fortel om, er ei form for praksis i den norske fjellheimen der unge menneske nyttar dyrt og moderne utstyr og driv med moderne aktivitetar, men som på nærast alle andre område tek vare på dei norske tradisjonane, gjennom til dømes å vere skeptiske til motorisert ferdsle og glade i ein strabasiøs og slitsam måte å vere i naturen på. Den tredje forma for praksis, som snowboardarane til Christensen og Skogen representerer, står i krass motsetning til desse – dei gjer eit poeng av å stå i opposisjon og til dels å provosere det etablerte.

Det syner seg at det finst ein samanheng mellom kva forklaringsmodell forskarane nyttar for å forklare funna sine, og sjølve funna dei kjem fram til. Dei forskarane som ser til individualiseringstesen for å forklare endring, finn at det er liten grad av konflikt mellom gamalt og nytt. Dei som nyttar eit klasseperspektiv ser større tendensar til ulikskapar og konflikt. Dette kan verke noko paradoksalt – at dei forskarane som peikar på konsensus mellom praksisformene og lite endring i feltet tek til orde for individualiseringsteori og oppløysing av tradisjonar. Samtidig er det forskarane som fortel om store endringar i feltet som tek til orde for klasseteori og at individualiseringa ikkje bør vektleggast i stor grad som forklaringsmodell.

Samanhengen mellom teoretisk forankring og grad av endring ein finn i feltet kan vere tilfeldig. Ulikskapane i materialet kan vere tufta på ulike utval av informantar. Forskarane går til noko ulike miljø for å gjere studiane sine. Bischoff & Odden (2003) har ein namngjeven informant, Jørgen Aamot, som gjev dei kvalitative data som skildringane vert basert på. Her kjem det fram at mykje av arven frå det tradisjonelle vert tatt vare på i den nye freeridekulturen. Aamot har ved fleire høve vore profilert som ein ivrig toppturentusiast, og må kanskje sjåast på som ein representant for dei meir konservative delane av freeridemiljøet. Christensen sine informantar, som uttrykkjer opposisjon til det tradisjonelle, høyrer til eit svært profilert og smått legendarisk miljø innanfor den norske snowboardrørsla, og skil seg truleg frå Aamot i både haldningar og aktivitet.

Dei sprikande resultata i tidlegare forskning tyder på at eit oversiktsblikk kan vere naudsynt for å forstå kva som hender i friluftslivet. Eg ynskjer i denne oppgåva å gje eit bilete av korleis dei tradisjonelle og dei nye praksisformene innanfor friluftslivet møtest i feltet. Problemstillinga mi kan fungere som innfallsvinkel for å gje ein tilfredsstillande analyse av dette møtet. På denne måten kan ein kanskje få eit meir fullverdig svar på spørsmålet om det er ei konflikt mellom aktørane i det norske friluftslivet i vår tid.

3 – METODE

3.1 EIT FLEKSIBELT DESIGN

Eg har valt å nytte eit kvalitativt metodisk design i innsamling og tolking av data. Kvalitativ metode er fleksibel og open, og gjev godt rom for eventuelle uventa resultat i møtet med feltet. Slik kan ein få med seg detaljar og nyansar ein kanskje ville mista om ein gjer det sveipet over eit større tal respondentar kvantitativ metode er. Problemstillinga mi fokuserer på kva aktørane *meiner* og *opplever* i feltet, i tillegg til sjølve handlinga. For å få kunnskap om dette er samtale med informantar eit godt utgangspunkt. Difor har eg valt å nytte det kvalitative *intervjuet* som metode.

3.1.1 Meg sjølv i materialet

Med min bakgrunn, som eg har skildra i starten av oppgåva, har eg god kjennskap til miljøa eg studerer, og kan på mange måtar sjåast som deltakar i feltet. Hadde eg vore noko meir aktiv innafor dei aktivitetane eg driv med, kunne eg til og med vore aktuell som informant i mitt eige materiale. Eg har kjennskap til mange av dei interne kodane i miljøet, og har sjølv opplevd ein del av det som informantane mine fortel om. Dette gjer at eg deler for-dommane informantane har i møtet med feltet, og at det på denne måten vert vanskelegare for meg å gjennomskode dei som for-dommar. Eg har ikkje den avstanden ein ideelt sett bør ha for å kunne sjå feltet med objektive forskarauge, utan å vere for prega av erfaring og kjennskap frå aktiv deltaking i feltet. Wadel (1991) tek opp dette problemet, og seier at viktig kunnskap ofte kan framstå som noko sjølvsgd og lite interessant for ein forskar som høyrer heime i kulturen ho forskar på.

På den andre sida kan kjennskap til feltet sjåast på som ei føremon i forskingsprosessen. Ein treng ikkje å be om forklaringar av elementære fenomen, og sjansen for at misforståingar skal oppstå er mindre. Særleg i det nye miljøet eg studerer har det vorte utvikla eit eige språk for å skildre det ein opplever⁸. Eg fann ut at når eg gjorde det tydeleg for informantane at eg hadde erfaring frå det dei dreiv med vart det mykje lettare for dei å snakke om opplevingane sine, dei fann lettare ord.

⁸ Stoka, baile, flow, sell-out, smooth, hard-core, nokre eksempel på den lange lista med interne ord og uttrykk som vert nytta i den nye praksisforma.

På denne måten vert kjennskapen min til feltet ein styrke for datainnsamlinga. Likevel var det tider eg kontrollsjekka at t.d. mine oppfatningar av moteord innanfor miljøet samsvarte med informanten si oppfatning⁹, ved å be dei forklare kva dei meinte ordet tyda etter dei hadde brukt det. Thagaard (1998) peikar og på at kjennskap til feltet gjer at ein betre kan tenkje seg aktuelle problemstillingar utan å måtte gjere eit stort grunnlagsarbeid for å skaffe seg den kunnskapen som er naudsynt for å forstå kva som kan vere eventuelle interesseområde for forskning.

3.1.2 Intervjuguide

Basert på kunnskapen eg personleg hadde frå før og på lesing av tidlegare forskning, laga eg meg ein idé om kva som kunne vere aktuelle tema for å best mogeleg svare på problemstillinga. Eg laga ein laust strukturert intervjuguide der dei tema eg hadde tenkt ut var oppført. Dette var meint som eit hjelpemiddel til meg sjølv, for å vere sikker på at eg ikkje skulle gløyme å samtale med informanten om viktige tema. Intervjuguiden var ikkje meint som eit strengt script for korleis intervjuet skulle utvikle seg. Eg var meir interessert i å la informantane snakke delvis fritt, for å halde på det fleksible i det kvalitative forskingsdesignet. Eit strengt intervjuregime ville kunne stenge for at ny kunnskap på denne måten kom fram. Intervjuguiden vart også endra etter kvart som eg intervjuar fleire informantar, basert på erfaringar eg hadde gjort meg av kva som var fruktbart å ta opp. Det var altså ikkje noko mål for meg at intervjuguiden skulle vere identisk for alle som vart intervjuar.

Ein standardisert intervjuguide med faste spørsmål og tema er sikrar at informantane svarar på dei same spørsmåla. Eg var likevel skeptisk til å nytte standardiserte spørsmål som ein garanti for at informantane mine faktisk kom til å svare på det same. Tidlegare små undersøkingar eg sjølv og andre har gjort har gjeve meg hint om at eit omgrep kan oppfattast svært ulikt av ulike aktørar. Som eg synte i kap 3.2.3 er ”ei bratt fjellside med puddersnø” for ein person som driv eit tradisjonelt friluftsliv synonymt med stor rasfare og ho vil halde seg langt unna. For ein person som held på med frikøyning er det heilt motsett, det er noko ho vil oppsøke for å få det ho vil ut av naturen. Intervjuguiden er lagt ved som vedlegg 1.

⁹ Eit eksempel kan vere at ein av informantane sa: ”Ja og so er vi jo litt stashorer då, sjølv om vi ikkje liker å sei det”. Etter dette kontrollsjekka eg at det han meinte med stashore stemte overeins med det eg hadde oppfatta at det tyda.

3.1.3 Kontakt med feltet

Gjennom lesing av tidlegare forskning og min eigen kjennskap til feltet hadde eg kome til at feltet i hovudsak var todelt, basert på eit skilje mellom dei som heldt på med tradisjonelle og dei som heldt på med moderne aktivitetar. Utgangspunktet mitt var at informantmassen i all hovudsak kom til å bestå av to typar informantar, knytt til dette skiljet. Det var denne grunntanken eg jobba etter då eg starta leitinga etter folk som ville late seg intervjuje. Seinare kom eg til at denne todelinga måtte revurderast, noko eg vil kome tilbake til i dette kapitlet.

Eg hadde som krav at informantane skulle vere godt over snittet aktive innanfor feltet. Eit slikt krav gjer sannsynet større for at informantane har eit aktivt og medvite tilhøve til verksemda dei driv, og til eventuelle konflikhtar som utspelar seg. Eg hadde inga operasjonalisering av kva ”godt over snittet tyder”, men i ettertid kan ein slå fast at alle informantane har minst 15 heile utedagar i løpet av året, dei fleste fleire. I tillegg er mange av informantane aktive innanfor dei ulike institusjonane som er knytt til feltet. Nokre av dei er verksame innanfor organisasjonslivet, andre jobbar for magasin, i utstyrsbutikkar eller som arrangørar.

Kjennskapen eg har til feltet frå før gjer at eg har eit kontaktnett eg har nytta for å skaffe informantar. Eg kjenner folk som kjenner folk, og på denne måten har eg kome i kontakt med personar som ville late seg intervjuje. Innanfor den nye praksisforma er det å jobbe i ein spesialbutikk noko som heng svært høgt.¹⁰ Har du ein slik jobb er du sannsynlegvis ein dugande utøvar, har god oversikt, og ikkje minst dei rette haldningane, riktig ”attitude”. To av informantane mine er henta frå miljøet kring slike utstyrsbutikkar. Kjennskapen min gjorde og at eg kjende til mange av dei profilerte personane innanfor begge praksisformene, og eg tok direkte kontakt med nokon av dei. Dette var mellom anna ein kjend skribent i eit magasin, og to kjende utøvarar. Ein annan måte eg fann informantar var å ta kontakt med folk som jobba som instruktørar innanfor aktiviteten sin, to av informantane kom på denne måten.

Den siste innfallsvinkelen eg nytta for å kome i kontakt med informantar var gjennom interesseorganisasjonar, mellom anna DNT. Det er viktig å understreke at

¹⁰ Slike butikkar er ofte tilhaldsstad for aktørane i praksisforma. Ein viser videofilmar, spelar musikk, fleire butikkar har og fasilitetar der ein kan drive med aktivitetar, til dømes skaterampen på *Seasport* i Oslo. *Seasport* har og eit skilt på døra der det står ”Kun to pensjonister om gangen” som eit svar til den kjensla av å vere uønskt ungdom ofte kan få på kjøpesenter og andre butikkar.

sjølv om nokre informantar er knytt til ulike organisasjonar og institusjonar, uttalar dei seg på ingen måte på vegne av desse organisasjonane, berre på vegne av seg sjølve. Til saman har eg 14 informantar.

Intervjua vart gjort på ulike stader. Eitt var i lokala til DNT i Oslo, eitt i ein av dei største butikkane for snowboard i landet, eitt var i ein militærleir, tre var på kollokvierom på Blindern, fire var på caféar og tre var heime hos informantane. Berre eitt av intervjua var i feltet, i naturen. Alle intervjua vart tekne opp på minidisk, og eg supplerte med notat under intervjua. Det var og svært interessant å prøve ut spørsmåla og ideane eg hadde på verkelege folk, og å få stadfesta eller avkrefta det eg hadde tenkt.

3.1.4 Behandling av data

Til å byrje med hadde eg tenkt å analysere intervjua direkte frå disk. Eg forsto fort at i denne forma vart materialet alt for vanskeleg å få kontroll over, og starta raskt å transkribere. Etter kvart intervju transkriberte eg alt som var fanga på disk. Eg prøvde å gjere transkripsjonen så nøyaktig som mogeleg, slik at eg ikkje skulle gå glipp av nyansar når eg seinare skulle analysere materialet. Transkriberinga tok lang tid, men det å skrive inn materialet gjorde meg godt kjent med det som hadde blitt sagt.

Då eg var ferdig med transkripsjonen hadde eg 161 sider med tekst¹¹. Dette materialet var svært uhandterleg, og eg måtte forenkle det noko. Metodelitteraturen foreslår (t.d. Thagaard 1998:kapittel 8) å lage kodeord for å handtere den store datamengda kvalitative intervju gjev. Kodeorda fortel om tematikken i eit stykke tekst, og all tekst i eit materiale vert merka med eit kodeord som fortel om tematikken i nettopp denne tekstbiten. Etter utprøving med forskjellige kodeord og nøye gjennomlesing av alle intervjua kom eg fram til 16 kodar som passa til all teksten i materialet mitt. Kodeorda som eg har nytta på mitt materiale kategoriserar teksten etter kva type tema informanten fortel om. Kodane handlar i hovudsak om tema som bakgrunnen til informantane, ulike aspekt ved korleis dei ter seg i naturen, kva verdiar dei tykkjer er viktige i friluftslivet og korleis dei stiller seg i ulike konflikhtar i friluftslivet. Kodane vert på denne måten ”sekkar” eg kunne putte utdrag frå intervjua

¹¹ Times New Roman storleik 12, halvannan linjeavstand.

oppi for å betre kunne samanlikne dei med kvarandre, og få betre oversikt over det store og uoversiktlege datamaterialet.

Etter eg hadde delt inn tekstbitane frå transkripsjonane etter kodeorda, laga eg ved hjelp av dataprogrammet MS Excel ei datamatrise der tekstbitane vart sette inn. Tekstbitane var sitat som illustrerte poenget til informantane særleg godt, eller mine egne samandrag av det dei hadde sagt. Det å setje tekstbitane inn i ei matrise, letta samanlikninga i endå større grad, då tekstbitane vart systematisk sett opp ved sida av kvarandre. Datamaterialet hadde no blitt redusert frå 161 sider med tekst¹² til 12 sider med datamatrise¹³.

På mange måtar er det å kode materialet å redusere det, men som Coffey & Atkinson påpeikar:

In practice, coding usually is a mixture of data reduction and data complication. Coding (...) is used to expand and tease out the data in order to formulate new questions and levels of interpretation. (Coffey & Atkinson 1998:30).

Det å sette datamaterialet i båsar både reduserer det og utvidar det. I denne situasjonen er det viktig å minne om at forskaren si rolle ikkje er berre å fortelje om røynda. Ein forskar skal og analysere det materialet han finn, og kodinga er starten på analysen. Det å setje datamaterialet i båsar er nyttig for å systematisere og bygge teori frå eit materiale. Slik koding vart starten på det teoretiske rammeverket eg har utvikla frå datamaterialet mitt, eit rammeverk eg presenterer i kapittel 5.

3.1.5 Overførbarheit og metting

I kvalitativ metode er ikkje utvalet representativt. Det er difor ikkje mogeleg å generalisere med den statistiske sikkerheita ein kan om ein jobbar kvantitativt. Dei funna eg gjer vil ikkje vere av ein slik art at eg kan seie at dei med statistisk sannsyn gjeld for alle aktørar innanfor friluftslivet. I kvalitativ metode opererer ein med ei anna form for overføringsverdi, nemleg overførbarheit (Thagaard 1998).

Overførbarheit er at ein tenkjer seg at funna ein har gjort vil kunne gjere seg

¹² Times New Roman storleik 12, halvannan linjeavstand.

¹³ Skrifttype Arial storleik 10 enkel linjeavstand. Storleik på reknearket 21x12 inkludert overskrifter og underoverskrifter.

gjeldande i andre situasjonar, om dei same grunnlaget er til stades. For at funna mine skal kunne bukast på ein slik måte, det vil seie at dei har overføringsverdi, er det viktig at eg spesifiserer vilkåra som gjeld i dei situasjonane der eg finn samanhengane mine. Om dei same vilkåra er til stades for andre aktørar kan det tenkast at liknande tendensar gjer seg gjeldande.

Eit omgrep som kan diskuterast i samband med overførbarheit i kvalitative studie er *metting*. Metting er nært knytt opp til spørsmålet om kor mange observasjonar ein treng gjere i ei undersøking før ein kan seie stopp. Når veit ein at ein har samla inn nok data, og har tilfredsstillande kunnskap om feltet? I mitt tilfelle vil dette handle om kor mange informantar eg må ha intervjuja før eg kan seie meg nøgd. Bertaux (1992) foreslår metting som ei løysing på problemet. Han seier at når ein ny observasjon ikkje tilfører nye, ukjende data til ei undersøking har ein oppnådd metting. Om ein held fram datainnsamlinga vil ikkje dette tilføre ny kunnskap, og ei vidare datainnsamling vil vere unødvendig.

Som eg vil kome til seinare bydde møtet med data på overraskingar og eg måtte endre oppfatninga mi av feltet. Feltet synt seg å vere meir komplisert oppbygd enn det eg hadde trudd, og for å få eit tilfredsstillande informantutval burde eg ha auka talet på informantar. Dei 14 intervjuja eg har er ikkje nok for å tilfredsstille Bertaux sine krav til metting. Det at eg har kjennskap til feltet frå før, og har diskutert tematikken mange gonger med ulike aktørar innanfor feltet både før og i tida eg jobba med denne oppgåva, er likevel med på å styrke konklusjonane eg gjer meg.

3.2 MØTET MELLOM TEORI OG DATA

3.2.1 Teori vs data

Som eg har nemnt før, var utgangspunktet mitt i møte med data at materialet kom til å dele seg i to former for praksis – det tradisjonelle og det nye. Tidlegare forskning på området opererer med eit slikt todelt skilje. Mine eigne erfaringar frå feltet støtta opp om at dette skiljet var det naturlege å nytte. Skiljet representerer eit brot mellom det moderne og det seinmoderne, der det tradisjonelle friluftslivet høyrer til i det moderne, medan det nye høyrer til i det seinmoderne. Individualiseringsmodellen, som er den dominerande forklaringsmodellen for endringane ein ser i friluftslivet, sto for meg som eit godt utgangspunkt for å forklare det eg til då sjølv hadde sett.

Etter kvart som eg samla inn og analyserte data såg eg at ei slik teoretisk forståing av feltet ikkje stemde heilt overeins med det eg hadde observert. Eg kom til at individualiseringstesen ikkje kunne forklare dei prosessane eg såg utspelte seg, og fann at andre teoriar var meir tenelege. Eg fann og at todelinga som har prega forskingslitteraturen ikkje egna seg til å forklare funna mine; ei tredeling av materialet mitt var naudsynt for gje eit riktig bilete av det eg såg. Eg enda opp med å konstruere tre nye kategoriar for forståing av feltet, i staden for å basere meg på dei to som eksisterte i forskingslitteraturen. Det teoretiske utgangspunktet mitt endra seg altså i møte med empiri. Ei slik tredeling av feltet vart føreslått i samandraget mitt av tidlegare forskning i kapittel 2. Eg vil også gje ei grundigare framstilling av dei teoretiske aspekta ved dette i eit seinare kapittel.

3.2.2 Abduksjon

Tradisjonelt i vitskapsfilosofien finst det to hovudformer for relasjon mellom teori og empiri; den deduktive og den induktive måten å møte data på. Innanfor deduktivt baserte tilnærmingar har ein formulert ein teori for årsakssamanhengar som ein ynskjer å teste med empiri. Teori vert difor utvikla *før* ein har kontakt med data. I motsetjing til dette står induktiv tilnærming, der ein utviklar teoriar etter ein har hatt kontakt med empiri. Teorien vert utvikla basert på funna ein har gjort. Ei mellomform av deduksjon og induksjon vert kalla *abduksjon* (Thagaard 1998). Når ein nyttar abduktiv metode har ein, som i deduktive opplegg, eit teoretisk utgangspunkt før ein går til feltet for å samle inn data. Dette hjelper forskaren med å utvikle moglege innfallsvinklar og problemstillingar for å møte materialet. Eit felt kan innehalde enorme og uoversiktlege mengder data, og eit teoretisk utgangspunkt kan vere til stor hjelp for å vite korleis ein skal åtake feltet. Om det syner seg at teorien ein har utvikla ikkje stemmer overeins med data, kan ein endre det teoretiske rammeverket slik at det stemmer med empiri, og på denne måten får det metodiske opplegget eit induktivt preg.

Om ein ser til den metodiske prosessen eg har vore gjennom, har den klare abduktive preg. Det deduktive i prosessen eg har vore gjennom er at eg hadde ein idé om forklaringsmodellar før eg starta datainnsamlinga. Teoriane om det seinmoderne og individualiseringa var utgangspunktet mitt i starten av datainnsamlinga, og gav meg peikepinnar til korleis eg skulle åtake feltet. Dei gav meg idear om korleis

problemstillinga burde lyde, og om korleis eg burde forme intervjuguiden. Det induktive i prosessen er at den teoretiske forståinga mi i løpet av prosessen har vorte endra av data. Hypotesane eg hadde om at seinmoderne teori skulle kunne forklare det eg såg synte seg å ikkje stemme. Data peikte mot andre teoretiske forklaringsmodellar, og på denne måten utleda eg den teoretiske tilnærminga mi frå data.

3.2.3 Grounded theory

Glaser og Strauss (1967) foreslår *grounded theory* som ei løysing på tilhøvet mellom teori og data i forskning. Det grunnleggande utgangspunktet deira er at ein skal operere med svært opne eller ingen problemstillingar, då ei problemstilling legg klare føringar for forskingsopplegget. Teori skal så utarbeidast basert på funna ein gjer, med nærleik til empirien som eit viktig kriterium. Teori skal vere knytt til det feltet ein studerer, og treng ikkje ha særleg relevans for andre felt. Teorien vert på denne måten forankra - grounded - i empirien. Mjøset (2003) argumenterer for ei slik tilnærming til metode, og påpeikar at denne typen tilhøve mellom teori og metode er svært utbreidd i samfunnsforskning i vår tid. Han påpeikar at forskingsfellesskap jobbar saman utan nødvendigvis å ha felles teoretisk utgangspunkt, men likevel akkumulerer kunnskap basert på kvarandre sine arbeide. På denne måten kan ein seie at ein nyttar eit "grounded" utgangspunkt for forskinga, fordi kunnskapen vert utvikla i tråd med empiri på tvers av teoretiske leirar.

Eg har ikkje møtt feltet utan ei problemstilling, slik grounded theory foreslår. Likevel finst det fellestrekk mellom dei metodiske vala mine og grounded theory. Desse kjem til syne *etter* møtet mitt med empiri. Eg har, etter korreks frå empiri, endra dei teoretiske forklaringsmodellane eg hadde som utgangspunkt. Eg har utvikla "ny" empirinær teori gjennom det teoretiske rammeverket som vart konstruert basert på dei tre praksisformene eg fann. Dette rammeverket er nært knytt til empiriske funn, og er soleis i tråd med programmet til Glaser & Strauss.

3.3 ETISKE VURDERINGAR

3.3.1 Veit informanten kva ho sjølv seier?

Når ein driv med kvalitativ forskning, er det viktig å reflektere over korleis ein behandlar informantane og kva ein gjer med informasjonen dei gjev. Kvalitativ metode gjev forskaren mykje grundig og systematisk informasjon om informanten, gjerne informasjon informanten ikkje er heilt klar over at ho gjev. Dette er metoden sin store styrke, ein styrke ein må bruke med varsemd. Intervjuteknikkar og ikkje minst analyseverktøyet sosiologien stiller til disposisjon for forskarar er skapt for å på best mogeleg måte analysere og fortelje om studiefeltet Dette studiefeltet er informantane. Ein bør være varsam med å ikkje presse informantane til å kome med informasjon dei i er skeptiske til å gje ifrå seg. I ein intervjusituasjon kan forskaren ha opparbeidd tillit hos informanten, ein tillit der informanten kan kome med informasjon ho elles ikkje ville ha delt (Thagaard 1998). Forskaren må nokre gonger sette omsynet til informantane framom ynsket om å få gode data. Dette er vurderingar eg heile tida gjorde under intervjuprosessen. Eg opplyste ved intervjustart om at intervjuet til ei kvar tid kunne avsluttast om informanten ynskte, slik at ein ikkje skulle føle seg pressa til å fortsette om ein tykte noko vart feil.

Også i analyseprosessen bør ein tenkje informantane. Særleg dei meir strukturalistiske teoretiske retningane innanfor samfunnsvitskapane tillegg aktørane eigenskapar dei sjølve ikkje eksplisitt har uttrykt. I denne oppgåva nyttar eg Bourdieu sine teoriar om det naturleggjorde habitus og doxa, og fråtek då aktørane mykje av avgjerdsretten dei har for sine egne val og sitt eige liv. Etter at informantane sine forteljingar har fått prøve seg mot eit slikt analyseverktøy kan det vere at den enkelte informant ikkje vil kjenne seg att i det eg konkluderer med. Eg kan gjennom sosiologiske verkemiddel ende opp med å gje informanten eigenskapar ho ikkje sjølv tykkjer ho har, og peike på årsakssamanhengar ho sjølv meiner ikkje er til stades. På den andre sida er det viktig å hugse at ein forskar er meir enn ein journalist som fortel om det ho ser. Ein forskar skal nytte dei verktya tradisjonen har utarbeidd for henne og *tolke* data gjennom desse verktya.

3.3.2 Konfidensialitet

Eit sentralt prinsipp innanfor samfunnsforskning er kravet om konfidensialitet for informantar. Menneske som seier seg viljuge til å vere med på forskingsopplegg bør garanterast at ingen skal kunne få tilgang til informasjonen dei har gjeve til forskaren. Dette er viktig mellom anna fordi informantar ofte gjev betre informasjon til forskaren om dei veit at det ikkje er fare for at nokon får vite kva dei har snakka om. Som forskarar har ein eit kollektivt ansvar for å vere med på å skape eit bilete av forskarstanden som ei ansvarleg og påliteleg gruppe som ein kan tru seg til. Dette gjer ein best ved å vere grundig og tillitsvekkande i si handsaming av data.

Kravet om konfidensialitet fører med seg at datamaterialet skal skjermast for innsyn frå utanforståande (Thagaard 1998). Dette har eg følgd opp ved at eg har vore streng med kvar data har blitt lagra, og alltid hatt digitale dokument, transkripsjonar og minidiskar innelåst og sikra. Eg vil og slette minidiskar og transkribert materiale når prosjektet avsluttast.

Ein annan viktig del av det å ivareta konfidensialiteten til informantane er å framstille dei anonymt. Det skal ikkje vere mogeleg å kjenne att ein informant i presentasjonar av forskinga. Thagaard (1998) skildrar symbolske utskiftingar som eit forslag til korleis ein kan anonymisere framstillinga av informantar. Dette er å foreta utskiftingar knytt til identitet og livforhold hos informantane, der endringane ikkje har noko å seie for sentrale poeng i framstillinga. Det kan vere problematisk å vite kva slags informasjon som påverkar sentrale poeng i framstillinga, og validitetsmessig sett er det ideelle å presentere informantane utan endringar. Likevel har eg gjort endringar i framstilling av informantane. Miljøet eg studerer er ikkje av dei største, og om eg ikkje hadde anonymisert hadde det vore mogeleg å kjenne att informantar. I dei tilfella der eg siterer informantar direkte vert alle sitert på nynorsk skriftmål, heilt uavhengig av dialekt. Eg har og endra på uvesentlege fakta om personar, eg har til dømes ved enkelte høve endra kjønn på personar der eg har meint at kjønn er ikkje-relevant.

Det at informantane mine vert anonymt framstilt var noko eg klargjorde ved første kontakt, og minte om ved intervjustart og ved avslutning av møtet. Kanskje grunna at informantane ikkje tykte temaet eg tek for meg var særleg sensitivt, var konfidensialitet og anonymitet noko fleire av informantane meinte var heilt unødvendig. Eg var likevel nøye med å garantere for anonymiteten deira. Eg har og

informert intervjuobjekta om kva studiet mitt tek for seg, i kva grad det vert publisert, og at dei vert anonymt sitert i den ferdige oppgåva.

4 – TEORETISKE DISKUSJONAR

I dette kapitlet vil eg ta for meg nokre teoretiske emne som har relevans for den vidare framstillinga mi. Den første diskusjonen eg går inn i er ei drøfting av to sosiologiske tolkingsmodellar for samfunnstilstanden i vår tid; individualiseringstesen og det seinmoderne, og ei klassebasert tilnærming. Den andre diskusjonen er ei drøfting av *det naturlige* og *det kulturelt konstruerte* i friluftslivsforsking.

4.1 INDIVIDUALISERING ELLER KLASSE?

Gjennomgangen av forsking gjort om det nye friluftslivet synte at det i hovudsak utkrystalliserar seg to forklaringsmodellar for korleis endringane innanfor friluftslivet skal forklarast. Den eine av innfallsvinklane, individualiseringstesen, fortel om det seinmoderne samfunnet der individualisering har tatt over for tradisjon og gamle skiljeliner som klasse. Den andre innfallsvinkelen er skeptisk til sanningsgehalten i påstandane om at individualiseringa har fått så mykje å seie, og ser klare teikn til at klassebaserte strukturar i samfunnet enno påverkar. Modellane set altså delvis motstridande føresetnadar for individa, og diskusjonen mellom dei er ein del av ein av dei sentrale debattane innanfor samfunnsforsking i vår tid. I dette kapitlet vil eg drøfte dei to modellane mot kvarandre, og kome med ein nærare diskusjon av det perspektivet eg kjem til å nytte i den vidare framstillinga mi: klasseperspektivet.

4.1.1 Det seinmoderne og individualisering

I den seinare tids samfunnsforsking er det mange forfattarar som hevdar at dei vestlege samfunna i vår tid går gjennom store endringar. Dei skildrar tilstanden vi er i som eit brot med det moderne, der dei enkelte delane av samfunnsstrukturen gjennomgår radikal nyorganisering eller rett og slett sluttar å eksistere. Denne nye samfunnsstrukturen har fått mange namn, eksempel kan vere risikosamfunnet, det hypermoderne, det post-industrielle eller kunnskapssamfunnet. Av sentrale

teoretikarar kan nemnast Bauman, Beck og Giddens. Eg vil i det følgjande nytte Giddens sin term *seinmoderne* som ein fellesnemnar for desse teoriane.¹⁴

Ein kan finne mange fellestrekk hos forfattarane som skildrar det seinmoderne samfunnet. Ein peikar på fleire samanvevde utviklingstrekk som t.d. aukande globalisering, nedbryting av nasjonalstatar, utflytting av industri, avstand mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar, ein meir fleksibel arbeidsmarknad, oppløysing av klassestrukturar og tradisjonar. Sjølv tilstanden i vår tid kan skildrast som noko flytande, utan dei same tydelege grensene som før, der det er vanskeleg å forutsjå framtida. Den vert oppsummert i den avsluttande setninga i ein av klassikarane innanfor litteraturen om den nye samfunnstilstanden, *The End of Organized Capitalism* med følgjande omformulering av det kjende Marx-sitatet: “*All that is solid about organised capitalism, class, industry, cities, collectivity, nation-states, even the world, melts into air*” (Lash & Urry 1987:313). Teoriane om det seinmoderne er omfattande, og ei haldbar framstilling vil ta stor plass. Difor vil eg ikkje gje nokon oversiktleg presentasjon av den seinmoderne tilstanden her, men fokusere på ei av sidene ved den som har hatt stor innverknad på seinare tids friluftslivsforsking: det endringane i strukturen gjer med individet, på *individualiseringa* i det seinmoderne.

Omgrep som klasse, tradisjon og nasjonalstat får alle meining ut i frå dei rammene dei set for det enkelte individ i samfunnet. Oppløysinga av dei faste samfunnsstrukturane gjer at rammene for individet forsvinn. Dette fører til ein av dei store endringane i det seinmoderne samfunnet; den aukande individualiseringa menneska opplever. Individualiseringa fører til at enkeltmenneske er mykje friare med omsyn til avgrensingar sett av strukturar som klasse og tradisjon. Ein opplever færre krav knytt til klasselojalitet, t.d. at ein bør velje eit arbeidarklasseyrke fordi ein kjem frå arbeidarklassen og skal ”bli ved sin lest”. Ein er mindre lojal til tradisjonar, som at ein bør gifte seg og få born før ein er 25, fordi ”det er slik alle gjer det”. Denne fridomen kan opplevast som positiv, gjennom moglegheitene det opnar for hos den enkelte. Samtidig skapar individualiseringa eit meir usikkert samfunn, der kvar enkelt meir enn før er overlata til seg sjølv, og ikkje har trygge rammer rundt sitt eige liv.

¹⁴ Det finst sjølvstakt ulikskapar mellom dei ulike teoretikarar seier om den nye samfunnsstrukturen, difor vel dei ulike namn for å omtale den. Likevel er det ei allmenn oppfatning at teoriane byggjer på eit likt utgangspunkt, og at ein kan analysere dei som ein felles ståstad (det argumenterast for dette mellom anna i Krange (2004)). Grunnen til at eg vel nettopp Giddens er, som eg vil kome til seinare, at han er mykje sitert innan friluftslivsforskinga.

Det at nye aktivitetar aukar i omfang er i følgje mange forskarar eit uttrykk for at tradisjon får mindre å seie for den enkelte. Det er ikkje så viktig å gå same løypa som far gjorde på treskia. I dag vel folk aktivitetar ut frå egne ynskje, og viser mykje større fleksibilitet i val av aktivitet enn det som var vanleg for 30-40 år sidan. Tradisjonelle aktivitetar får mindre oppslutnad, særleg mellom unge, som heller finn nye former for friluftslivsutøving. Det at tradisjon vert mindre viktig, vert tolka som eit teikn på at individualiseringa er aktiv også innanfor friluftslivet. Fleire viktige forfattarar innanfor forskning på endringane i friluftslivet, t.d. Bischoff & Odden (2000) og Vorkinn, Vittersø & Riese (2000) nyttar individualiseringsmodellen, og særleg teoretikarar som Giddens og Beck, for å forklare utviklinga. Det er særleg den valfridomen *ungdommen* i vår tid har som står i fokus hos forfattarane.

4.1.2 Svaret frå strukturane

Teoriane om det seinmoderne har møtt ein del kritikk frå ulike område av samfunnsfaga. Ikkje alle er einige i at omfanget av endringar vi ser i vår tid er i ein slik størrelsesorden som dei seinmoderne teoretikarane ser føre seg. Ein hevdar at det enno finst strukturar som legg føringar på individa, og stiller seg tvilande til om vekta som vert lagt på fridomen til individet verkeleg er reell. Eit av ankepunkta mot teoriane om det seinmoderne er at ingen av dei leiande teoretikarane innanfor skulen forankrar tankane sine i empiri (Goldthorpe 2000). Kritikarane innvender at teoriane om det seinmoderne passar godt som ei skildring av kåra til middelklassen i vår tid, men at om ein går til empirien vil ein sjå at det enno er store skilnadar mellom menneske, basert på klassebaserte skiljeliner.

I *Grenser for individualisering* gjer Krange (2004) nettopp det teoretikarane innanfor det seinmoderne har blitt kritisert for å ikkje gjere, han let teoriane om seinmoderniteten og særleg individualiseringshypotesen prøve seg mot empiri. Krange finn at den lausrivinga frå dei sosialiserande samfunnsstrukturane som vert skildra i teoriar om det seinmoderne er ei sanning med behov for modifikasjonar. Ut frå eit breitt tematisk datamateriale skildrar Krange unge menneske i ulike situasjonar, og syner oss at sosialiseringssprossar ein går gjennom også i vår tid påverkar når ein gjer livsvala sine.

4.1.3 Pierre Bourdieu

Pierre Bourdieu har med sine teoriar aktualisert klasseomgrepet i vår tid. Bourdieu sitt største bidrag til sosiologien er den ”store teorien” for samfunnsanalyse han har utarbeidd. Teorien tek utgangspunkt i eit sett omgrep som står i relasjon til kvarandre og til saman utgjer eit rammeverk for analyse av samfunnet. Eit av dei sentrale omgrepa er *habitus*. Habitus er disposisjonar som ligg i den enkelte for å handle i og forstå (oppfatte) verda. Når ein aktør opplever noko, vil habitus legge føringar på korleis situasjonen vert tolka, og kva type reaksjonar som kjem. Habitus er altså det som *strukturere* heile situasjonen ein aktør er i, korleis ho handlar og korleis ho forstår. Samtidig vert habitus *strukturert*. I møte med nye situasjonar vil responsen ein aktør møter *strukturere* aktøren sin habitus. Om responsen er som forventa vil habitus forbli som den er. Om responsen er uventa, vil habitus verte endra. Her må det nemnast at responsen eg har omtalt sjølvsagt òg vert tolka eller *strukturert* av habitus, som alle andre inntrykk ein aktør møter. På denne måten vert habitus ein svært stabil struktur.¹⁵

Bourdieu har, gjennom grundige empiriske utprøvingar, prova at habitusomgrepet nøyre heng saman med klasseomgrepet. Ulike klassar har ulike tilhøyrande klassehabitus – eigne måtar å forstå og agere i møtet med ulike situasjonar. Bourdieu sine studie går føre seg i Frankrike (Bourdieu 1995), men samanhengen han finn mellom klasse og habitus har blitt synt i andre samfunn, også i det norske (sjå t.d. Rosenlund 2000). Eg vil her trekke ein parallell til Skogen og dei to natursyna han presenterer (Skogen 1995). Skogen ser som nemnt for seg to måtar å møte verda på, den praktisk-produksjonsorienterte kulturen som er typisk for arbeidarklassen og den tekniske intelligensia, og den abstraksjonsorienterte kulturen som er typisk for den humanistisk-intellektuelle delen av middelklassen og overklassen. Denne måten å tolke verda på kan sjåast på som ein del av den aktuelle klassen sin spesifikke habitus. Eksempelvis fortel arbeidarklassen og den tekniske intelligensia sin habitus at eit fenomen bør forståast ut ifrå nytteverdi. Denne koplinga til Bourdieu sine teoriar er noko Skogen sjølv delvis gjer (Skogen 1995:87).

¹⁵ Habitusomgrepet er mykje av grunnen til at Bourdieu vert kritisert for å vere for deterministisk. På grunn av at habitus heile tida avgjer ein aktør sin reaksjon utelukkar ein den frie vilje. Sidan habitus er vanskeleg å endre, vert Bourdieu sin teori kritisert for å ikkje ha nok rom for det faktum at eit samfunn kan endre seg. Det at habitus vert strukturert, og på denne måten har eigenskapar som ein heile tida strukturerbar struktur er eit forsøk på å løyse dette, og er Bourdieu sitt forslag til å forklare korleis endring førekjem.

Ei anna sentral side ved habitus er at den er kroppsleggjord i den enkelte aktør. Habitus er på denne måten aktiv utan at aktøren er det medviten. Når ein tolkar ein situasjon vil predisposisjonane til habitus framstå for aktøren som *det naturlege* i situasjonen. Bourdieu gjev i *Den maskuline dominans* (Bourdieu 2000) eit eksempel på denne kroppsleggjeringa av habitus. Kvar einaste dag samhandlar hundretusenvis av habitus i trafikkbiletet ved Concordeplassen i Paris. Alle er innforstått med kva som skal gjerast i møtet med dei andre bilane, og møtet mellom alle desse viljane går merkeleg smertelaust for seg. Ingen tenkjer over kvifor det er slik, det vert berre gjort; det er kroppsleggjort i den enkelte aktør. Denne naturleggjorde orden kallar Bourdieu *doxa*.

Habitus vert uttrykt i den enkelte aktør gjennom praksis. Praksis er sjølve oppfatningane og handlingane aktøren har og gjer i møte med feltet. Ei praksisform er ein praksis som fleire aktørar deler. Den doxale ordenen gjer at aktørane gjennom habitus oppfattar og handlar likt i situasjonar, dette utgjer den felles praksisforma aktørane deler. I denne oppgåva omtalar eg fleire ulike praksisformer i natur. Ei praksisform fortel om kva aktørar tykkjer er vakkert og kva dei tykkjer er spanande. Den fortel om kva aktivitetar dei tykkjer er bra å drive med, og kva aktivitetar som ikkje er så bra. Den fortel korleis dei ser på motorisert ferdsle i naturen, og korleis dei ser på utbygging av hyttefelt og afterski. Sjølv om aktørane føler at praksisforma er naturleg, er det disposisjonar i habitus som avgjer korleis dei tolkar og ter seg i dei enkelte situasjonane. Dei ulike praksisformene eg skildrar kan altså forståast som måtar å te seg i naturen på, som er bestemt av aktørane sin habitus. Habitus vert soleis eit nyttig forklaringsverktøy for å skildre korleis ulike praksisformer oppstår i den norske naturen.

4.1.4 Birminghamskulen

På 70-talet gjorde ei samanslutning forskarar basert i Birmingham mange studiar på utviklinga av subkulturar, for det meste i arbeidarklassemiljø i England (Hebdidge 1979, Willis 1978). Felles for subkulturane dei studerte var at dei var i opposisjon til den dominante kulturen i samfunnet, middelklasse- eller overklassekulturen. Det at dei sto i opposisjon til den dominante kulturen var ein viktig del av det som forma subkulturane. Dei spelte på element i den dominante kulturen, og let sitt eige uttrykk medvite stå i opposisjon til denne. I motsetjing til tidlegare teoretikarar la

Birminghamskulen vekt på å sjå subkulturane som eit eige uttrykk, og ikkje berre ei etteraping av den dominante kultur. Ein konsekvens av dette er at ein subkultur står fram som ein autonom kultur, og deltakarane i kulturen har sjølve valt å vere ein del av den, ikkje fordi dei nødvendigvis vert tvinga inn i den, men fordi dei *ynskjer* å vere med.

Birminghamforskarane fokuserer på same vis som Bourdieu på kulturfæren i klasseanalysar. Grunna dei autonome sidene Birminghamskulen tillegg arbeidarklassekulturen løyser dei delvis problemet Bourdieu har med å lausrive seg frå determinisme. Aktørane er ikkje tvungne til å uttrykkje ein klassekultur fordi dei er undertrykt. I staden er klassekulturen noko dei sjølve verdset, og kulturen har verdi i seg sjølv, ikkje berre som ein avart av den dominante kulturen, men som eit autonomt uttrykk. Veidemennene som Skogen (Skogen 2001) intervjuar følte at uttrykket deira var eit val dei sjølv tok. Dei ville uttrykkje opposisjon til det dominante, ikkje etterape det. På same måte kan ein tenkje seg at den nye kulturen innanfor friluftslivet vil uttrykkje opposisjon til det tradisjonelle, og at dette er eit medvite val om å vere ulik den dominante kulturen som det tradisjonelle representerer.

4.1.5 Klasseomgrepet og samfunnsteori i vår tid

Klasse er eit omgrep som har utvikla seg i takt med at samfunnet har utvikla seg. I moderne samfunnsteori kan "klasse" ha ulike tydingar, men eit generelt trekk kan vere at "arbeidarklasse" ikkje lenger er synonymt med låg økonomisk status, medan "middelklasse" er synonymt med høg. I løpet av heile 1900-talet har det gått føre seg ei statusheving av arbeidarklassen som har ført til at dei økonomiske ulikskapane mellom arbeidarklassen og middelklassen er redusert. Likevel syner teoriar som dei Bourdieu eller Birminghamskulen presenterer at klasseomgrepet enno er eit potent analyseverktøy. Omgrepet handlar i vår tid om meir enn kvar ein posisjonerer seg i produksjonsprosessen. Fokuset har blitt flytta over på andre aspekt ved klassar enn det økonomiske, og særleg dei kulturelle sidene ved klasse har blitt via mykje merksemd.

I den følgjande analysen vert det nytta ei klassebasert framstilling. Den vil vere basert på teoriane til Bourdieu, men vil vere inspirert av Birminghamforskarane når det gjeld dei autonome trekka ved kulturar som står i opposisjon til ein dominant kultur.

4.2 NATUR OG KULTUR I FRILUFTSLIVSFORSKING

I friluftslivsforskning er forskingsobjektet mennesket sitt tilhøve til natur. Innanfor fagkrinsar der sosiologi høyrer heime kan denne diskusjonen verke noko gamaldags og unødvendig. Dei aller fleste forskarar vil ha som utgangspunkt at ein gjennom tidlegare erfaringar tolkar det ein opplever i naturen. I vår tid handlar den klassiske diskusjonen mellom *nature* og *nurture* om andre tema enn korleis ein vel å sjå på møtet mellom menneske og natur. Det å førestille seg friluftslivet som eit “reint” møte med naturen, som ikkje er farga av kulturelt bestemte måtar å oppfatte den på, er lite aktuelt. Denne debatten er likevel tydeleg til stades innanfor friluftslivsforskninga (sjå mellom anna diskusjon i Tordsson 1999).

4.2.1 Friluftslivet som noko naturleg

Synet at friluftslivet er naturleg er basert på ein hypotese om at *det naturlege*¹⁶ livet for menneske er livet i naturen, i ein slags naturtilstand, utan påverknad frå kultur eller sivilisasjon. Ein slik måte å leve på står i motsetjing til livet vi lever i samfunna våre i dag, som er eit liv i kulturen, i byar, i hus, med tekniske hjelpemiddel og teknologi som fjernar oss frå naturen. Etter den industrielle revolusjon har menneska flytta seg lenger og lenger vekk frå naturen, og det er i våre dagar mange som lever i urbane landskap utan å i det heile vere i kontakt med ukultivert natur. Friluftslivet er ein reaksjon på at vi har mista noko viktig på vegen inn i sivilisasjonen, på at vi har fjerna oss frå naturen. Det tilfredsstillar eit behov vi har i oss for naturkontakt. På grunn av dette kan ikkje friluftslivet i forskingssamanheng sidestilla med andre sider av samfunnet, det skil seg frå samfunnet nettopp ved å *ikkje vere samfunn eller kultur, men natur*. Natur og kultur kan i utgangspunktet sjåast på som ein dikotomisk konstruksjon, der det eine er det nøyaktig motsette av det andre. Natur får si meining gjennom å vere det motsette av kultur, og omvendt. Friluftsliv kan ikkje bli oppfatta som eit kulturelt fenomen, for då misser ein noko vesentleg ved kva det er.

¹⁶ *Det naturlege* er sjølvsagt eit problematisk omgrep og kan diskuteras vidare, langt utover det denne oppgåva set seg som mål å gjere. I denne samanhengen vil *naturleg* ta utgangspunkt i at menneske ikkje er noko *tabula rasa*, men at det ligg føringar i oss frå fødselen av som avgjer korleis vi oppfatar verda. Her tyder *det naturlege* at det er eit behov nedfest i mennesket frå naturen si side, eit behov vi er fødte med. Det vil altså vere eit biologisk-deterministisk haldepunkt (Sjå t.d. Wilson 1975).

Eit eksempel på dette perspektivet i forskning på friluftsliv kan vere Nerland og Vikander (2003). I artikkelen heiter det mellom anna at det finst eit “menneskelig behov, basert på det essensielle i evolusjonær utvikling, for intim kontakt med naturen og da spesielt levende biota” (Nerland og Vikander 2003:174). Ein argumenterer for at friluftsliv er ein måte å tilfredsstille eit behov i mennesket. Argumentasjonen dei nyttar er basert på sosiobiologien (sjå t.d. Wilson 1975, Wilson 1984). I sosiobiologien nyttar ein biologiske forklaringsmodellar for å forklare tilhøvet mellom menneske og samfunn. Som eksempel på ein sosiobiologisk forklaringsmodell vil eg vise til ein av dei meir omdiskuterte: I eit sosiobiologisk perspektiv kan ein hevde at menn og kvinner frå naturen si side er disponert for å tre inn i kjønnsrollemønsteret slik vi kjenner det. Det er naturleg for kvinner å vere meir forsiktige enn menn, sidan dei må bere fram born, og difor er det og naturleg for dei å unngå yrke der ein må ta sjansar og takle risiko, slik som ein må i mange toppjobbar.¹⁷

Det problematiske med dette synet er at det svært lett kan nyttast som argument for ein særegen type friluftsliv. Det at mennesket skal vere disponert frå naturen si side til å setje pris på naturkontakt fører lett til at det friluftslivet som vert utført med minst mogeleg hjelpemiddel frå ”sivilisasjonen” er det beste. På denne måten vil ein med vitskapen i hand kunne hevde at ein tur frå hytte til hytte med enkelt utstyr er eit meir riktig for menneska sitt biologiske oppsett enn heliskiing med MP3-spelar på øyret. I denne oppgåva vil eg prøve å syne at slik argumentasjon også vert nytta i kampen om å få avgjere kva som er den beste måten å vere i natur på. Det tradisjonelle norske friluftslivet passar godt inn i det som vert presentert av Nerland og Vikander som det ”godkjende” friluftslivet. Å kritisere ei slik naturforståing for å vere deterministisk samsvarar godt med tilsvarande kritikk som har vorte retta mot sosiobiologien frå mellom andre feminismen.

¹⁷ Det må nemnast at dette er eit kontroversielt eksempel, også innanfor nyare sosiobiologi, på grunn av dei kjønnsdiskriminerande elementa mange hevdar eit slikt syn fremjar aksept for. Likevel er det eit vanleg eksempel å nytte, då det klart syner oss den sosiobiologiske tenkjemåten. Det er slik det må forståast her: som eit eksempel eg har nytta for å forklare sosiobiologisk tenkjemåte, ikkje som eit forsøk på å tillegge verken Nerland & Vikander eller den jamne sosiobiolog eit slikt syn på tilhøvet mellom mann og kvinne.

4.2.2 Friluftsliv som kulturell konstruksjon

I motsetnad til "friluftsliv som noko naturleg" står synet at friluftslivet som måte å te seg i naturen på er ein kulturell konstruksjon. Friluftslivet *per se* er ikkje eit konstant behov om å vere i naturen som ligg i mennesket. Det er derimot ein del av skandinavisk og særleg norsk kulturarv, og må som alle andre deler av kulturen, lærast. Dette fører til at det i eit analyseperspektiv ikkje er noko skilnad på å spele playstation og å gå på ski over Grønland. Begge aktivitetane er del av ein kulturell tradisjon, og må analyserast slik ein analyserer andre deler av kulturen.

Dette synet vil ha som konsekvens at friluftslivet er ein del av, og vert påverka av, samfunnet det eksisterer i. Difor er det ikkje konstant, men kan endrast gjennom impulsar frå andre deler av samfunnet. Eksempel på dette har eg synt tidlegare, der friluftslivet er ein del av ein nasjonal kultur, i stadig endring, og vert prega av motar, politiske vindar; store prosjekt i samfunnet (Tordsson 2003). Det å sjå på friluftslivet som ein del av kulturen er relativt ukontroversielt. Dei færraste som driv med forskning på feltet vil hevde at friluftslivet ikkje har noko med kultur å gjere eller at det ikkje vert prega av samfunnet rundt seg.

4.2.3 Tordsson - og friluftslivsforskinga si oppfatting av friluftslivet

Trass i at det er brei semd om at friluftslivet er ein del av kulturen, krev mange av bidraga innanfor friluftslivsforskinga at friluftslivet likevel må sjåast på andre måtar enn resten av kulturen. For å diskutere temaet nærare vil eg greie ut om standpunktet som vert teke i Tordsson (2003). Som eg har nemnt avsluttar Tordsson avhandlinga si, etter å ha vist at friluftslivet har variert gjennom heile 1900-talet, med å presentere *fellestrekk* for friluftslivet, fellestrekk som gjeld trass i variasjonane han tidlegare har synt oss. Det han er ute etter er å finne ut kva som gjer friluftsliv til friluftsliv, og som skil det frå andre fenomen. Han finn at det som er felles for alt friluftsliv er måten ein møter naturen på, måten ein forstår naturen på. Måten å møte naturen på vert skildra som eit svar på "*naturens åpne tiltale*" (Tordsson 2003:392-393). Med open tiltale meiner han at i motsetnad til menneskeskapte kulturuttrykk som kunst, litteratur og musikk har naturen ingen menneskeleg intensjonalitet. Naturen førestiller ingen ting, den berre er. Alle deler av kulturen, alle menneskeskapte uttrykk har ei eller anna

meining som skaparen har villa uttrykkje. Sidan ingen vilje har skapt naturen¹⁸ ligg det heller ingen intensjonalitet bak det ein opplever når ein er i naturen. Tordsson finn at eit fellestrekk for alt friluftsliv er at ein fokuserer på å oppleve denne ikkje-intensjonaliteten, den opne tiltalen, som naturen møter aktørane med.

Tordsson understrekar at sjølv om møtet med naturen *oppfattast* som eit ope møte, heilt utan føringar frå bakgrunnen til dei som opplever det, går det ikkje an å slutte at det *er* eit ope møte. Naturen vert og tolka, trass i at den som driv friluftsliv meiner at den ikkje vert det. Det ein oppfattar som open tiltale må altså forståast som noko konstruert ikkje-konstruert, eller som Tordsson sjølv formulerer det: “*Naturen er sosialt strukturert som ikke sosialt strukturert*” (Tordsson 2003:399). Dette at det vert oppfatta som noko ope og ikkje-konstruert, er særlege for friluftslivet hevdar han. Han argumenterer for at friluftslivet på denne måten står i ei særstilling i høve til andre sosiale konstruksjonar, sidan fokuset ligg på det som for utøvaren framstår som ikkje-konstruert.

I denne oppgåva vil eg nytte ei anna forståing av møte med naturen enn det Tordsson presenterer. Eg vil hevde at skiljet Tordsson skaper mellom naturopplevinga i friluftslivet og anna menneskeleg oppleving er eit ufruktbart skilje. Det Tordsson hevdar er særlege for friluftslivet – konstruksjonen av det ikkje-konstruerte – er ikkje noko særlege for friluftslivet, men derimot det normale for konstruksjonen av det meste av samfunnet omkring oss. Dette er eit av dei viktige grunnprinsippa for dei meir strukturalistiske retningane innanfor sosiologi; at samfunnsstrukturen vert naturleggjord eller kroppsleggjord i individa (sjå min diskusjon om Bourdieu sine omgrep *habitus* og *doxa* i kap 3.1.3). Det kroppsleggjorde vert oppfatta som naturleg, akkurat som naturopplevinga hos Tordsson vert oppfatta som naturleg. Kvar einaste dag gjennomgår alle menneske ei uendeleg rekke av analysar av situasjonar som ein ikkje tenkjer gjennom eller stiller spørsmål ved nettopp fordi dei vert oppfatta som naturlege.

Eg vil, i større grad enn Tordsson, ha som utgangspunkt at naturen i møtet med menneske nettopp *har* intensjonalitet, akkurat som menneskeskapte kulturuttrykk som kunst, litteratur og musikk. Denne intensjonaliteten kjem ikkje frå objektet sjølv, men frå forventingane til subjektet, den som opplever naturen. Roland Barthes (1977)

¹⁸ Her må ein sjølvsgat gå ut ifrå at det ikkje finst nokon ”skapar” eller ”vilje” som ligg bak universet, som i uilke religionar.

flytta med sitt kjende bodskap om forfattarens død merksemda frå forfattaren over på lesaren i ein av klassikarane innanfor poststrukturalistisk teori, og det er dette grepet eg ynskjer å ta her. Intensjonen (eller mangelen på intensjon) til forfattaren spelar inga rolle. Naturen som historieforteljar kan vere så open og ikkje-intensjonell han berre vil, men lesaren, eller i vårt tilfelle: vandraren, vil forstå verket, eller naturen, ut frå sine egne for-dommar¹⁹. På denne måten får naturen nettopp intensjonalitet, gjennom for-dommane til den som opplever. Kva som ligg i intensjonaliteten er avhengig av bakgrunnen til kvar enkelt. Dette kan vere grad av erfaring med natur eller kulturell bakgrunn. Det sentrale er at eit ikkje-intensjonelt møte er umogeleg. Så langt strir ikkje min argumentasjon særleg med det Tordsson hevdar.

Der eg ynskjer å bryte med Tordsson er der han seier at for-dommen om at for-dommar er ikkje-eksisterande er ein særeigen for-dom for friluftslivet. I tråd med strukturalistisk teori er det at for-dommar som ligg i strukturen verkar naturlege og ikkje viser sitt sanne ansikt som for-dommar for den enkelte aktør ein del av for-dommane sin natur. Ved å gje dei strukturerte for-dommane om friluftslivet status som særeigne fordi dei vert oppfatta som naturlege, bryt Tordsson med dette sentrale elementet innanfor strukturalistisk teori si oppfatning av for-dommar. Å trekke dette skiljet mellom friluftslivet og resten av samfunnet er etter mi meining gagnlaust og lite klargjerande. Friluftslivet får gjennom dette skiljet eit særtrekk som det strengt tatt ikkje fortener. Om ein har utgangspunktet til Tordsson, og set friluftslivet si oppfatning av naturen i ei særstilling, vil ein ikkje kunne analysere friluftsliv på same måte som ein analyserer andre kulturelle uttrykk.

Eg meiner at for å kunne sjå friluftslivet i eit sosiologisk perspektiv er det heilt naudsynt å kunne nytte tradisjonelle termar som klasse og kulturell bakgrunn. Om friluftslivet står i ei særstilling i måten det vert strukturert på, er det uangripleg for slike sosiologiske termar. Om ein derimot godtek at det ikkje er noko særeige ved det at friluftslivet vert oppfatta som noko naturleg, men at dette gjeld dei fleste strukturerte tilhøve i samfunnet, er det mogeleg å inkludere friluftsliv i ei sosiologisk studie. Tordsson hevdar:

¹⁹ Her nytta i hermeneutisk forstand, ikkje i den negative daglegtale-varianten av ordet. Ein for-dom er uunngåeleg i møtet med kva som helst slags erfaring, i følgje hermeneutikken (Sjå Østerberg 1997)

“det er en ekstrem form for idealisme eller intellektualisme å påstå at vi opplever naturen slik vi gjør, ene og alene fordi romantiske eller andre filosofiske systemer tilsier at vi bør oppleve slik.” (Tordsson 2003:395)

Eg vil, som eit svar til Tordsson, ta for meg eit kort eksempel på to imaginære møte med det same naturfenomenet som vert tolka ulikt på grunn av bakgrunnen til den som ser. Ein kan tenkje seg ein representant for det tradisjonelle friluftslivet og ein frikøyrar på ski som observerar den same snødekte fjellsida dei snart skal ta til på. Fjellsida er heilt utan menneskelege konstruksjonar av noko slag; naturen kjem med ein *open tiltale*:

Representanten for det tradisjonelle vil sette stor pris på det vakre synet, eit majestetisk og fredfullt fjell som ligg framom han. Dette synet gjer han roleg til sinns, han er i naturen langt vekke frå byen der det er vanskeleg å finne den stilla og harmonien han finn i naturen. Likevel er han noko nervøs, for snøfallet dei siste dagane har kledd fjellsida med lett nysnø. Noko vind har og gjort snøen enno meir ustabil, og rasfarleg. Han hadde foretrukke litt fastare snøtilhøve. Han ser på fjellet og planlegg den minst spektakulære ruta opp. Turen ned igjen er mindre viktig.

Frikøyraren ser på fjellet og vert svært oppstemt. Adrenalinet pumpar i årene hennar, og ho gler seg til ho skal ta til på køyringa ned frå fjellet. Den urørte snøkledd fjellsida, der ho skal få setje sporet sitt, er eit av dei sterkaste symbola for fridomen i den nye kulturen. Det ho opplever er langt i frå fredfullt, ho vert svært oppeksa av synet. Snøtilhøva er perfekte, laussnøen gjer underlaget optimalt for det ho vil oppleve i fjellet. Dette går gjennom hovudet hennar, og ho planlegg kor ho kan gå for å få den mest spektakulære turen ned igjen. Turen opp er mindre viktig.

Det er tydeleg at begge personane her legg vekt på det urørte ved naturen, at naturen tiltalar dei som den er, og utan intensjon. Likevel møter dei begge naturen med heilt tydelege for-dommar. Vi ser at måten dei to vurderer det same stykket urørt natur er svært ulikt avhengig av tidlegare erfaringar og dei for-dommane desse fører med seg. Alt i frå synet av sjølve fjellet til detaljar som snøtilhøve og rute opp og ned vert vurdert ut i frå heilt ulike kriterium. Problemet med å sjå på eit møte med naturen som eit svar på ein *open tiltale* er at ein mister desse for-dommane alle menneske har i møte med verda. Det å hevde at naturen møter alle på den same måten er i seg sjølv ein kulturspesifikk for-dom som kan knytast til den tradisjonelle kulturen og natursynet som er rådande der. Om ein nyttar denne naturforståinga i forskning, vert

ein fanga i den kulturspesifikke forståinga til det tradisjonelle friluftslivet. Ein støtter soleis opp om den illusjonen ein sjølv har påpeika – at friluftslivet vert oppfatta som sjølve *det naturlege*.

Tordsson syner at han er klar over problemet med at friluftslivet sin status som intensjonsfritt harmonerer dårleg med å gjere friluftslivet tilgjengeleg for samfunnsvitskaplege termar. Han kritiserer klasseanalysen Richardson (1994) gjer av friluftslivet, og peikar på at ho legg for stor vekt på friluftslivet som uttrykk for sosial posisjonering og som ein del av ein kultur (Tordsson 2003:430). Fokuset på classesamanhengar gjer at Richardson misser synet av at friluftslivet trass i slike samanhengar er eit møte med natur utan intensjonalitet. Gjennom den føregåande argumentasjonen har eg synt at om ein i det heile skal kunne forske på friluftslivet med eit sosiologisk perspektiv er det naudsynt å gjere som Richardson – sjå på friluftsliv som ein del av den menneskelege kulturen og knyte det opp mot sosiale kategoriar. Om ein ikkje gjer dette står ein att med ei slags religiøs oppfatning av friluftsliv; eit friluftsliv som ikkje er tilgjengeleg for forskning i det heile.

5 – TRE PRAKSISFORMER

I dette kapitlet vil eg gje eit oversiktsbilete av dei ulike praksisformene eg har funne grunnlag for å dele datamaterialet mitt inn i. Basert på skildringar frå informantane mine vil eg fortelje om kva for aktivitetar praksisformene inneheld, kva natursyn dei baserer seg på, korleis dei ideelt sett ynskjer feltet skal vere og kva maktmiddel dei har for å påverke feltet. Eg vil og skildre korleis dei ulike praksisformene føreheld seg til kvarandre.

5.1 IKKJE TO, MEN TRE

Den største føringa problemstillinga mi legg på forståinga av datamaterialet er at det i hovudsak finst to praksisformer for bruk av feltet. Denne forventinga er inspirert både av slik feltet er framstilt i tidlegare forskning, og av oppfatningar eg sjølv hadde før eg starta datainnsamlinga. Dei to praksisformene er det tradisjonelle norske friluftslivet og den nye bruken av naturen. Det tradisjonelle norske friluftslivet skal vere basert på kjende verdiar som det enkle, lite tilrettelagde livet i naturen der fokuset ligg på det urørde. I motsetjing til dette skal den nye bruksmåten stå, med mykje nytt utstyr og fokus på leikande, fartsfylte aktivitetar, gjerne i spektakulær natur.

Etterkvart som analysen utvikla seg, viste det seg at denne todelinga ikkje er tilstrekkeleg som tolkingsmodell for materialet eg har samla inn. Måten den originale problemstillinga mi ser for seg feltet stemmer ikkje med det bilete data teiknar. I møtet med empiri fann eg ut at eg måtte endre det teoretiske rammeverket mitt. I staden for ei todeling har eg funne at det er nyttig å dele feltet i tre.

Eg kom fram til tredelinga ved at eg utvikla to dimensjonar som omtalar aktørane sin praksis i feltet; *aktivitet* og *natursyn*. Eg kom fram til dimensjonane ved ein grundig analyse av data, der eg prøvde å finne fram til fellestrekk i praksisformene til informantane. Dimensjonane er og delvis basert på omgrep frå tidlegare forskning. Ut frå ulik plassering på dei to dimensjonane er det grunnlag for å dele aktørane i

feltet mitt i tre ulike former for praksis. Disse er *det tradisjonelle, freeride og freestyle*²⁰.

Forsningslitteraturen innanfor feltet opererer stort sett med det todelte skiljet mellom ei tradisjonell og ei ny praksisform. Tredelinga som teiknar seg opp i mitt materiale kom noko overraskande på meg, mellom anna fordi ho tilføyer noko nytt til litteraturen. Eg merkar meg likevel at det finst god støtte for tredelinga i tidlegare empiri: *Det tradisjonelle* – Richardson (1994), *freeride* – Bischoff & Odden (2003), *freestyle* – Christensen (2001a). Sjølv om dette tredelte skiljet ikkje er uttala i nokon av dei nemnde forskingsrapportane, kan det hevdast at ei samanlikning av dei gjev grunnlag for denne inndelinga. Det kan t.d. verke som det er store skilnader mellom miljøa skildra av Christensen på den eine sida, og Bischoff & Odden på den andre, sjølv om begge vert sett på som eit uttrykk for det nye friluftslivet.

5.1.1 Utforminga av praksisformene – grounded theory

Praksisformene er konstruert basert på datamaterialet. Tilhøvet mellom teori og empiri er difor slik det vert føreslått i grounded theory. Som ein rådar til innanfor grounded-tradisjonen, har eg etter møte med data utvikla eit teoretisk rammeverk for å tolke og kategorisere desse data. Praksisformene er rammeverket som kategoriserar informantane, men konstruksjonen av det er og basert på det informantane sjølve har fortalt.

5.1.2 Om dimensjonane – aktivitet og natursyn

Eg har altså utvikla to dimensjonar for å tydeleggjere særtrekka til dei ulike praksistypene eg finn i feltet. Begge dimensjonane er delt inn i to idealtypiske

²⁰ Innanfor snowboard, ski og andre av det eg kallar dei nye aktivitetane opererer ein med eit skilje mellom freeride- og freestylebaserte aktivitetar. Freeride og freestyle er nye internasjonale ord og har svært mange ulike tydingar. Innanfor snowboard skil ein til dømes gjerne mellom freeride og freestyle snowboarding – der freestyle fokuserer på triks og parkkøyring, medan freeride er meir allsidig, tek i bruk større deler av fjellet, og inkluderer off-piste. Dei to orda vert stort sett nytta for å skilje mellom ulike måtar å utnytte utstyret sitt på, men i denne oppgåva ynskjer eg å late uttrykka skilje mellom to ulike måtar å oppleve natur på. Ein vil nok kunne finne mange eksempel på at orda vert nytta på ein annan måte enn det eg gjer i denne oppgåva. I internasjonal samanheng vil ein nok til dømes finne at ein person som ser på seg sjølv som tilhøyrande freeride-rørsla er positiv til heliskiing. Likevel vel eg å nytte orda for å setje namn på to ulike praksisformer, fordi orda eksisterer i feltet eg skildrar og dermed vil kunne forståast av dei som kjenner miljøa. Ordet *freeride* har og blitt nytta i norsk forskning før, Bischoff & Odden (2003) nyttar ordet for å skildre ei praksisform som har store likskapar med den eg skildrar.


ytterpunkt som eg har konstruert for å kunne peike på skilnader mellom praksisformene.

Dimensjonen *aktivitet* har eg delt inn i *tradisjonell* og *moderne*²¹. Den omhandlar dei faktiske aktivitetane som er grunnlag for praksistypen, handlingane som vert utført av aktørane. Den skil mellom tradisjonelle og moderne aktivitetar. Tradisjonelle aktivitetar er noko ein har drive med i lang tid i Noreg, eksempel kan vere vandring i fjellet eller vanlege skiturar med enkelt utstyr. Moderne aktivitetar er dei nye trendane innanfor friluftslivet slik dei har blitt skildra tidlegare i denne oppgåva. Dei har ikkje blitt utøvd i med særleg utbreiing i meir enn 10-15 år i Noreg. Eksempel kan vere frikøyning på snowboard og ski eller elvepadling.

Dimensjonen *natursyn* har ytterpunkta *abstrakt* og *praktisk*. Den fokuserer på kva oppfatning av naturen som er grunnlag for praksistypen, om det er abstraksjonsorientert eller praktisk orientert. Dette skiljet er basert på dei to kulturane for naturoppleving som vert presentert i Skogen (1995) som eg omtalar i kap 2.3.2. I det abstrakte natursynet vert naturen løfta opp på eit intellektuelt, idémessig plan der den får verdi som abstraksjon. Naturen gjev mening i det den er, ikkje gjennom kva den kan bli brukt til. Det praktiske natursynet set nytteverdi og det funksjonelle ved naturen meir i fokus. Naturen får verdi gjennom kva aktøren kan bruke den til, og det urørte, det som ikkje vert utnytta, har ingen verdi. Dette vil ikkje seie at ein aktør med eit praktisk natursyn ikkje ser nokon verdi i det urørte, eller det å bevare natur og drive miljøvern. Om fisket i eit vassdrag vert øydelagt på grunn av utbygging, eller om eit flott turområde vert ubrukeleg på grunn av at det skal verte militært skytefelt, er dette noko begge natursyna vil oppfatte som negativt.

²¹ "Moderne" er her nytta i den daglegdage tydinga av ordet, som noko som høyrer til den nyaste tida. Bruken av ordet moderne er problematisk, det har mange tydingar, det er knytt til mellom anna *det moderne* som samfunnstilstand, eller *modernisme* som kunstform. Innanfor sosiologi er *det moderne* ein historisk bestemt måte å organisere samfunnet på, til forskjell frå det før-moderne eller det postmoderne. I samanhengen det står her, i tydinga "nymotens", er det særleg viktig å skilje mellom dei ulike formene for bruk av ordet. Praksistypen "det tradisjonelle" har verdien tradisjonell (i motsetjing til moderne) på dimensjonen "aktivitet". Historisk har "det tradisjonelle" gjennom sitt abstraksjonsbaserte natursyn vore ein viktig del av *det moderne*, gjennom evna til å sjå naturen med abstrakte auge (sjå Tordsson 2003 for meir om friluftsliv og *det moderne*).

Ei skjematisk oversikt over korleis dei tre praksisformene vil plassere seg på dei to dimensjonane (referansar til studiar av dei aktuelle miljøa i parentes):



Det er viktig å understreke at praksistypene eg har utvikla er idealtypiske. Det finst sjølvsagt variasjonar hos den enkelte aktør, praksisformene er meint som ei idealisering av eit mønster for åtferd og forståing i feltet. Sidan materialet mitt er lite er det heller ikkje mogeleg å gjere generaliseringar frå mine funn til den generelle populasjonen. Det at eg viser til andre forskingsresultat er likevel med på å styrke inndelinga, sidan det syner at den kan finnast att i andre forskarar sine funn.

Kombinasjonen *tradisjonell – praktisk* er absolutt ei mogeleg kryssing av dei to dimensjonane, men eg har den ikkje med her. Praksisformer med denne kombinasjonen er ikkje aktuelle innafor mitt materiale. Eksempel på tradisjonell – praktiske former for praksis kan vere tradisjonell matauk i naturen, der fokuset ligg på det å samle inn mat for å *bruke* den, meir enn på *opplevinga* ein har når ein samlar maten.

5.2 DEI TRE PRAKSISFORMENE

5.2.1 Det tradisjonelle

Tradisjonelle aktivitetar – abstrakt natursyn

Praksisforma eg har valt å kalle det tradisjonelle er det tradisjonelle norske friluftslivet. Det er den typisk norske måten å te seg i naturen på, med enkelt utstyr, lite tilrettelegging, og god kunnskap om korleis ein skal te seg, slik det vert framstilt av Richardson (1994). Fotturar, skiturar eller ”hytte-til-hytte”-turar er eksempel på aktivitetar tilhøyrande praksisen.

Den urørte naturen er i sentrum for naturopplevingane informantane mine fortel om. Naturen bør vere så fri for menneskelege spor som mogeleg. Opplevinga vert øydelagd om den vert påverka av forstyrrande element som vegar, kraftliner, skitrekke eller flytrafikk. Naturen er noko informantane mine søker til for å kome vekk frå byen, vekk frå sivilisasjonen. I naturen finn dei rom til å tenkje, og ny energi til å klare seg lenger i kulturen. Innanfor det tradisjonelle finnast det eit ideal om at friluftslivet skal vere tungt og at ein skal te seg med nøysemd i naturen. Ein av informantane mine fortel:

Informant: Alle kan jo sitte på med ein beltebil opp på eit fjell, sant. Eller i ei gondolbane sånn som nedi Alpane. So kan ein sei sånn, ja då har eg vert på det fjellet, sant. Men ein kan jo ikkje det. For ein har jo ikkje gått opp sjølv. Og kva er vitsen med å vere der når ein er saman med ein haug med amerikanarar som har kome opp i gondolen saman med deg?”

Intervjuar: ”So det gjer noko med naturopplevinga då eller?”

Informant: ”Ja so absolutt. Det er ikkje slik eg vil ha mine naturopplevingar vertfall. Du får jo naturen mykje meir innpå deg når du må jobbe litt med han liksom.”

Ein har ikkje vore på fjellet om ein ikkje har gått opp sjølv, seier informanten. Ein fortener ikkje toppen om ein ikkje har vunne over motbakken. Vi ser at slitet er ein viktig del av det tradisjonelle. Det informanten seier knyter slitet tett til det abstraksjonsorienterte natursynet. Ein får ikkje den same naturopplevinga om ein får hjelp av motor. For å få den opplevinga informantane mine vil ha må ein ”jobbe litt med naturen.”

Det tradisjonelle møter dei nye trendane i friluftslivet med tilsynelatande opne armar. Alle informantane mine er opptatt av at dei ser positivt på fornying; ein av dei hadde jamvel prøvd nokre av dei moderne aktivitetane. Dette heng saman med eit problem som opptek dei tradisjonelle: manglande rekruttering. Ein meiner for få unge driv med friluftsliv, noko ein kan sjå att i medlemstal i organisasjonar som DNT. Dette er eit problem ein kan finne att i prioriteringane til organisasjonane; det vert til dømes arrangert konferansar der ein diskuterer korleis ein skal fenge ungdom (til dømes konferansen *Ungdom og friluftsliv*, Oslo 2003). Fleire av dei eg intervjuja meinte at dei nye aktivitetane er ei flott mogelegheit til å fenge ungdommen, og få dei i gang med friluftsliv. Ein av informantane mine frå DNT fortel:

Informant: ”Ja vi prøvar medvite å få med folk med den pakka der. Vi vil at dei skal kome til hyttene våre og bruke snøbretta sine der. Det er vi veldig tydelige på.”

Intervjuar: ”Men viss dei har lyst å køyre opp til hyttene med snøscooter, er det greitt og eller?”

Informant: ”Nei no ligg jo hyttene våre i nasjonalparkar og der er det jo ikkje lov med snøscooter so det kan dei jo sjølvsagt ikkje. Det går jo ikkje.”

Det viser seg når ein ser nærare etter at ein i det tradisjonelle er svært skeptisk til mange element ved det nye. Ein har ingen ting imot at nytt utstyr vert teke i bruk, men det må vere på ein måte som harmonerer med det tradisjonelle. Ein er negativ til sider ved det nye som ikkje går over eins med sitt eige natursyn. Eit snowboard som vert bore opp bakken med truger på beina er flott og nyskapande friluftsliv, eit snowboard i eit skitrekk er det ikkje. Viktige sider ved jibbekulturen på snowboard og ski høyrer heime i skianlegga eller i helikopteret, men dette er former for åtfærd i friluft som det tradisjonelle har ein sterk aversjon mot. Ein er svært skeptisk til å i det heile tatt tillate denne typen åtfærd i norsk natur. Ein kjempar imot utbygging av storstilte heisanlegg (t.d. Gaustatoppen), for mykje bråk i naturnære område (t.d. DJar i alpinbakkar), og motorisert ferdsle i utmark (t.d. heliskiing i Lyngsalpane). I utgangspunktet seier informantane mine at er det miljøomsyn som ligg bak denne motstanden, men det viser når dei snakkar vidare om emnet at ein også er skeptisk til

den type aktivitet i naturen det fører med seg. Slike aktivitetar vert av det tradisjonelle sett på som eit slags ”friluftsliv light”, der ein ikkje får oppleve alle elementa som er naudsynte for at det skal vere ”riktig friluftsliv”, og for at ein skal få oppleve den heilskapen som friluftslivet er. Informantane nemner og at det vil vere svært øydeleggende for deira eige friluftsliv om ein skal bli forstyrra av motorar, eller om favorittområdet vert bygd ut med heisar, hopp, rails og afterski. Ein informant uttalar dette om heliskiing:

Informant: ”Eg er veldig imot heliskiing i Noreg. Veldig imot. Ja det er eg verkeleg. Eg har nokre kjende som jobbar med det på vinteren i Canada, men eg kan ikkje forstå kvifor dei gjer det. Det er ei form for oppførsel i natur som eg aldri har forstått”

Dei tradisjonelle kjempar hardt mot ei liberalisering av det norske lovverket for motorisert ferdsle. Dette er ein kamp dei er flinke til å kjempe. Dei er ressurssterke og kjenner maktapparatet godt, betre enn dei andre brukarane av naturen. Store, mektige organisasjonar representerer synet deira, den største av desse er DNT. Tal frå tidlegare forskning (Vorkinn 2000) syner at eit fleirtal av befolkninga er positive til ei oppmjuking av lovverket for motorisert ferdsle i utmark. Likevel har Noreg svært strenge lover for regulering av slik ferdsle, om vi samanliknar oss med nabolanda våre, til dømes Sverige og Island. Dette kan tyde på at ein innanfor det tradisjonelle lukkast godt med å få gjennomslag for synet sitt hos styresmaktene.

5.2.2 Freeride

Moderne aktivitetar – abstrakt natursyn

Innanfor praksisforma freeride driv ein med moderne aktivitetar som snowboard, skikøyning, elvepadling og terrengsykling. Det er store variasjonar mellom omgjevnadane der aktivitetane vert utført. Alt frå luftige svev i snowboardparken til heftige nedkøyningar på telemarkski fleire dagsmarsjar frå bilvegen høyrer til praksisen i freeride.

Freeride og freestyle er begge kategorisert som moderne aktivitetar. Både praksisformene tek i bruk moderne utstyr, men ein ser likevel nokre skilnader på korleis dei vert utført. Skilnadene heng i stor grad saman med korleis dei to

praksisformene plasserer seg på dimensjonen natursyn. Det abstraksjonsorienterte natursynet som ligg til grunn for freeride inneber at ein set pris på naturen på same vis som ein gjer i det tradisjonelle. Det urørte i naturen vert tillagt verdi, og ein ynskjer å opptre så skånsamt som mogeleg for å bevare det urørde. Likevel har ein ei større toleransegrense for kva som kan godtakast av forstyrrende element for opplevinga enn kva ein finn i det tradisjonelle. Ein godtek bruk av skitrekk og eit vesentleg meir avansert utstyr. Oppfatninga ein har av kva som er verdifullt i natur er likevel basert på ei abstraksjonsorientert tilnærming, ei tilnærming ein deler med det tradisjonelle. Informantane mine fortalde at dei ofte søker vekk frå skianlegg på vinterstid eller preparerte løyper for til dømes sykkel på sumaren. Eg bad ein av informantane mine oppsummere dei fem beste opplevingane han hadde hatt på ski i løpet av livet sitt:

Informant: ”Ja alle fem er topturar, vi har gått på beina opp på toppen. Eg har jo innsett at eg likar det mykje, mykje betre enn å stå i trekka. Men det er viktig å kunne stå i trekk av og til for du får jo så mykje betre teknikk av det.”

Intervjuar: ”Kva er det som gjer gåturane betre då?”

Informant: ”Nei eg veit ikkje, det er vel noko med at du merkar fjellet betre når du må gå opp. Du får ikkje det same perspektivet når du berre ser bakken frå heisen. Det er betre å stå ned att når du har slitt for kvar meter.”

Informanten seier at dei beste turane han har hatt er alle turar der han ikkje fekk hjelp av motor til toppen. Det er her informantane mine likar seg best; i urørde område, helst langt vekk frå menneskeskapte installasjonar. Her kan ein utøve dei moderne aktivitetane, i bratt terreng med naturlege hopp og andre utfordringar. Slik som i det tradisjonelle, er slitet også hos denne informanten ein viktig del av naturopplevinga. Den abstraksjonsorienterte natursynet fører til at slitet i naturen vert tillagd ein eigen verdi.

Som ein konsekvens av natursynet sitt er freeride motstandarar av motorisert ferdsløse i utmark, og skeptiske til for store utbyggingar som heisanlegg og andre installasjonar i naturen. Dei bakanforliggende årsakene til synet, det at naturopplevinga vert øydelagd om den vert utsett for ”kulturell forureining” frå

menneskeskapte fenomen, samsvarar med natursynet ein finn innanfor det tradisjonelle. Ideen om den urørte naturen som ein verdi i seg sjølv er tatt vare på innanfor freeride. Mange av informantane mine meiner denne måten å forstå natur på er ein viktig del av norsk kulturarv, som dei vil ta vare på, trass i at dei driv med nye aktivitetar. Dei meiner at i Noreg lagar ein sin eigen variant av den internasjonale freeridekulturen, der ein har ein mykje større aksept for motorisert ferdsle enn i Noreg. Kontinuiteten mellom det tradisjonelle og freeride som kjem fram i mitt materiale stemmer godt overeins med funna Bischoff & Odden (2003) gjer.

Freeride er på ingen måte like godt representert av organisasjonar som det tradisjonelle, men sidan dei har det same natursynet, har freeride nokon som kjempar kampen for seg. Aktørane innanfor freeride føler at denne kampen er viktig, og alle informantane mine uttrykte at dei var svært glade for at det finst organisasjonar som DNT som representerer synet deira. Likevel finst det ein viss skepsis til DNT innanfor freeride. Skepsisen handlar om ein aversjon mot det å organisere seg. Mykje av magien ved aktiviteten ein driv forsvinn om fokus vert flytta for mykje vekk frå det impulsive og det leikne, og over til det ordna og organiserte. Ein av informantane som har hatt ein del kontakt med organisasjonen uttalte seg slik:

Informant: "DNT er sånn, dei vil nå det same som vi vil men dei får det ikkje til. Dei er ekstremt sånn lærevillig og opptatt av å nå der som vi har nådd fram. Dei ønskjer å selje et sånn organisasjonsprodukt. Og eg meiner at nettopp det uorganiserte er det som konstituerer kulturen. At du ikkje skal vere organisert. Det er med på å skilje det frå øvrig idrett og frå det tradisjonelle friluftslivet. Dei har ei utfordring der då."

Freeride endar opp i ein mellomposisjon i høve til det tradisjonelle og freestyle. Dei deler aktivitetspreferansar med freestyle. Gjennom dette felles utgangspunktet er dei bådeltakarar i ein felles global kultur der ein har felles referansar gjennom filmar, magasin, nettsider, musikk, klesstil og arrangement der dei møtes. Likevel går det eit viktig skilje mellom dei to, basert på ein grunnleggjande skilnad i måten ein forstår og opplever natur.

5.2.3 Freestyle

Aktivitet – moderne, natursyn – praktisk

Aktivitetane ein driv med innanfor freestyle er svært like freeride. Ein nyttar same type utstyr, ofte i same type område. Informantane mine fortel at dei likar å drive med alt frå jibbing i snowboardparkar og teknisk triksesykling til frikøyning utanfor løypene i alpinanlegg²². Skilnaden til freeride er likevel til stades. Ein av informantane mine fortel:

Informant: ”Vi pleier jo ofte å dra litt opp i fjella for det jo er der dei beste bakkane er. Men vi tar nesten alltid eit par bilar og parkerer den eine på toppen og sånn, sånn at vi kan sykle ned til den andre. Det er liksom ikkje den trimturen opp vi vil ha, det er jo nedkøyninga vi gjer det for. Eg veit at det er mange som reiser på sånne lange turar med sykkelen og telt innover sånne...sånne stiar og sånn på fjellet, men det er ikkje heilt mi greie. Eg vil ha nedoverbakkar, eg gidd ikkje kaste vekk tida på oppoverbakkar når det finst so mange nedoverbakkar”.

Informanten gjev uttrykk for at han ikkje er interessert i å bruke tid på oppoverbakkar sjølv om han vil oppleve nedoverbakken, og det er her skilnaden til freeride kjem fram. Praksisforma freestyle inkluderer ikkje aktivitetar langt vekk frå tilrettelagde anlegg. Ein vil ikkje finne freestyle fleire dagsmarsjar inne i fjellheimen, om ikkje ein har blitt frakta dit med helikopter eller scooter. Det slitet ein fortel om innanfor dei andre praksisformene har mista sin verdi.

Freestyle har eit praktisk natursyn. Opphøginga av naturen til ein abstrakt idé om det urørte, det som ikkje er rørt av kulturen, er ikkje til stades innanfor denne praksisforma. Fokuset hos freeride ligg på det å bruke det naturen byr på til å utfalde seg sjølv og å ha det moro. Det urørde har likevel verdi innanfor freestyle, men verdien ligg meir i kva den urørde naturen kan bli brukt til. Natur utan tilrettelegging er vanskeleg å kontrollere, er uforutsigbar, og gjev rom for improvisasjon. Den er mykje meir utfordrande og morosam enn tilrettelagde fasilitetar. Lite tilrettelagd natur er på denne måten attraktiv og spanande for informantane. Men freestyle skil seg frå

²² Min bruk av freestyle som namn på ein sær eigen praksistype vil skilje seg mykje frå måten ordet til tider vert nytta i dei ulike miljøa kring dei moderne aktivitetane. Freestyle vert i nokre samanhengar nytta for å skildre ein meir snever form for aktivitet, der t.d. frikøyning ikkje vil inngå. For ein grundigare diskusjon av dette, sjå fotnote 20.

dei to andre praksisformene ved at det først og fremst er eiga utfolding i denne naturen som står i fokus, ikkje ei passiv oppleving av ein abstraksjon om det urørde.

Dette ønsket om å utfalde seg i ikkje-tilrettelagd natur fører til at ein innanfor freestyle vil utforske fleire område av naturen enn dei som er tilgjengelege frå skiheisar og bilvegar. Det er som vi har sett likevel ikkje aktuelt å slite seg til topps ved eiga maskin. Alle informantane eg snakka med var derimot svært positive til heliskiing og scootertrafikk som transportmiddel ut i den norske utmarka. Ein av informantane mine sa det slik:

Informant: ”Det er jo skikkeleg rart at det ikkje er lov. Tenk på alle dei bra fjella som er i Noreg, og vi kan ikkje få bruke nokon av dei. Eg trur alle som har stått litt brett har lyst til å prøve heliskiing...det er jo drømmen då...då får du heile fjellsida for deg sjølv liksom, og kan berre cruise i ein halvtime. Det er liksom noko av det største ein kan gjere...for meg vertfall.”

Informantane mine uttrykkjer mange ynskjer og meiningar om korleis styre og lovgjeving bør vere innanfor feltet. Likevel manglar dei den makta ein har innanfor det tradisjonelle for å få gjennom måla sine politisk. Mange av dei eg intervjuar uttrykkjer stor skepsis til alt som kan minne om organisering og etablerte former innanfor aktiviteten dei driv. Fokuset på fridom for den enkelte, og det å gjere ting for seg sjølv og på sin eigen måte er sentralt innanfor freestyle. To av informantane mine dreiv i sin tidlege ungdom aktivt med meir konkurranseidrettslege variantar av aktivitetane sine. Både stoppa fordi fokuset på leik og fridom forsvann, ein sat att med trening og seriøsitet og kjensla av å ikkje vere sin eigen herre. Denne aversjonen mot det organiserte er kanskje noko av det som står bak den enorme populariteten dei nye aktivitetane har fått. Men når ein ikkje vil organisere seg, kan ein heller ikkje tale for ei sak med ei felles stemme, og ein vert ikkje høyrd når politiske avgjerder skal takast og lover og reguleringar skal vedtakast. Dette kan vere grunnen til at noko av det ein ynskjer å gjere innanfor freestyle ikkje kan gjerast i Noreg på grunn av streng lovgjeving mot til dømes motorisert ferdsle.

Informantane mine uttrykte ved fleire høve at dei ynskte å vise ei viss form for avstand til det tradisjonelle friluftslivet. Det representerer noko gammalt og keisamt som ein ikkje vil assosierast med. Difor uttrykkjer dei avstand gjennom klesstil, musikksmak og åtfærd i naturen. Nokre av informantane mine vil og ta avstand frå det

norske, og nærme seg det globale. Dei har mykje meir til felles med ein internasjonal snowboard- og skikultur enn med den norske kulturen, seier dei sjølv.

6 KLASSE I PRAKSISFORMENE

I dette kapitlet vil eg syne at det er grunnlag i materialet mitt for å knytte praksisformene til klassar. Slik eg nemnde i metodekapittelet var utgangspunktet mitt før eg starta datainnsamlinga at individualiseringsten er den beste forklaringsmodellen for utviklinga av dei ulike praksisformene. Gjennom eit abduktivt metodisk perspektiv der teori og data er i samspel med kvarandre såg eg at dette perspektivet ikkje fungerer godt nok for dei empiriske funna mine.

Individualiseringsten sin påstand er at enkeltindivid i vår tid har stor valfridom i sine eigne liv, og har fridd seg frå styrande samfunnsstrukturar som klasse og tradisjon. Eg vil her syne at denne fridomen – slik individualiseringsteoriane omtalar den – ikkje er til stades hos informantane i mitt materiale.

I staden vil eg vise at det er grunnlag for å knytte praksisformene til klassespesifikke habitus. Dette er styrande strukturar som ikkje gjev aktøren den fridomen ein finn hos individa i dei seinmoderne teoriane. Det kan difor sjå ut som at aktørane i mitt materiale vert påverka av samfunnsstrukturar, særleg klasse, og at det soleis er grunnlag for å forkaste individualiseringsten som forklaringsmodell for mitt materiale.

På grunn av at materialet mitt er lite kan ein ikkje seie at det finst nokon signifikant samheng mellom praksisformene og ulike klassar. Likevel kan ein peike på trekk ved praksisformene til informantane som knyter dei til spesifikke klassehabitus. På denne måten vert det gagnleg å snakke om klasse i denne oppgåva, trass i at eg ikkje kan gjere generaliseringar utover mitt materiale.

6.1 DET TRADISJONELLE OG KLASSE

Informant: ”Vi vil gjerne ha snowboardarar på hyttene våre vi. Det er ikkje noko vi vil meir enn det. Men dei må legge seg klokka 11 slik som alle andre”

6.1.1 Det tradisjonelle som naturleggjord praksisform

Måten ein ter seg i natur på, kan kanskje sjåast på som ein særleg naturleggjord del av ein aktør sin habitus. Informantane mine frå det tradisjonelle uttrykte at tilhøvet dei har til natur er lite prega av kulturelle kodar, i staden opplever dei naturen slik den er

utan å sjå den på ein særeigen måte. Trass i utsegna frå informantane mine er det lett å finne eksempel på kulturelle eigenartar som pregar naturoppleving innanfor det tradisjonelle norske friluftslivet. Som eksempel på korleis det norske friluftslivet kan opplevast som tett knytt til vår særeigne kultur vil eg sitere sosialantropologen Long Litt Woon frå hennar første erfaring med det tradisjonelle norske friluftslivet:

Jeg var (...) totalt uforberedt på at "en tur" kunne være så slitsom. Den varte i flere timer, i taktfast marsjtempo. (...) Jeg synest også at det var rart at alle gikk for seg selv, og at det ble sagt svært lite under hele turen. Det lille som ble sagt, virket knapt og selvsagt; hvor klar luften var, hvor vakkert fjellet var på den tiden av året m.m. Det var m.a.o. ingen stor sosial begivenhet, men alle virket fornøyde. (...) "Er det ikke godt å være litt sliten?" ble jeg spurt. Jeg skjønnte ingenting. Det var ikke noe poeng for meg å gå en tur som var så anstrengende helt frivillig. Hvordan kunne det være godt å være sliten? Mente de virkelig det? tenkte jeg. "Er det ikke godt å få litt frisk luft?" ble jeg spurt. Jeg skjønnte fremdeles ingen ting. Det måtte jo være enklere måter å få inn frisk luft på? tenkte jeg. "Er det ikke godt å være ute i naturen?" ble jeg spurt. Hva mente de nå? tenkte jeg. Turen var jo altfor strevsom til at man kunne sette pris på naturen (Woon 1993:187-188).

I denne skildringa vert det sett spørsmålsteikn ved sider ved det norske friluftslivet som kan verke sjølvsgade for menneske som har den tradisjonelle praksisforma som del av sitt eige habitus. Den friske lufta, den urørde naturen, det positive med å dele ei turoppleving med andre; alt vert her framstilt som noko unaturleg og kunstig. Dette syner oss at friluftslivet ikkje er ein nøytral måte å oppleve natur på, men ei kulturelt bestemd praksisform som verkar unaturleg for menneske som ikkje er vane med den. Når informantane mine frå det tradisjonelle skildrar sitt møte med natur som noko som ikkje er prega av tidlegare opplevingar, er det tydeleg at dei ikkje er medvitne sine eigne for-dommar – sitt eige habitus.

Under intervjuja synta fleire av informantane mine at dei ikkje er merksame på den inngåande kunnskapen dei faktisk har om naturen. Hos ein av informantane mine kom dette til uttrykk gjennom at ho ikkje var medviten den erfaringa ho har tilegna seg gjennom eit liv med aktivt friluftsliv. Ho fortalde om ein tur ho var med på i Hurrungane i Vest-Jotunheimen, der ho syner at ho faktisk har svært god kunnskap om det å te seg i fjellet, utan at ho sjølv er særleg medviten denne kunnskapen:

Informant: ”Då vi skulle gå det siste stykket til toppen vart vi bedne om å ta på oss tau, det siste stykket var så bratt at det var fjellklatring, og farleg utan tau. Eg har jo aldri drive med fjellklatring og tenkte at dette ikkje var noko for meg so eg tenkte no at eg skulle vente på dei andre nede, til dei kom ned att. Men etterkvart som dei kom oppover so såg eg at det var jo ikkje særleg vanskeleg det dei gjekk, så eg fylgde etter. Det viste seg at det var jo ikkje noko brattare enn det eg pleier å gå til vanleg.”

Intervjuar: ”Så du driv med ein del litt ekstreme ting når du går på fjellet?”

Informant: ”Vel eg har aldri sett på det som ekstremt. Det kjennast heilt trygt, det er slik vi alltid har gjort det”

I møtet med fjellklatrarar vert informanten medviten dei evnene ho har. Dette er evner ho ikkje like eksplisitt som no har vore medviten før. Evner om korleis ein skal te seg i naturen er noko ein må tileigne seg ved læring, det kjem ikkje naturleg. Det at ein aktør innanfor det tradisjonelle har store mengder slik kunnskap, gjer at ho møter naturen med mange for-dommar om korleis naturen skal opplevast. Kunnskapen ho har om naturen, gjer at ho tolkar det ho opplever gjennom det ho kan frå før, og gjev sider ved naturen ei særeiga mening.

Den tradisjonelle praksisforma skil seg frå dei andre praksisformene i det at ein ikkje omtalar eigne kunnskapar særleg eksplisitt. Om ein ser til ein aktør innanfor ei av dei andre praksisformene vil ho kunne skildre sin eigen kunnskap i mykje meir tekniske termar. Ho har kanskje tatt to kurs som gjer at ho kan klatre på led opp til grad 6, og veit gjennom prøving og feiling at det er dette ho klarer. Gjennom denne måten å tenkje på har ho eit stort og nøyaktig omgrepsapparat som omhandlar både sine eigne og andre menneske sine eigenskapar og dei eigenskapane naturen har. Innanfor det tradisjonelle finst slike omgrep i mykje mindre grad. Ideen om det opne møtet med naturen vil bli øydelagd av å tvinge naturen inn i kategoriar som grader.²³

²³ Det at ein ikkje har fokus på å måle eigne evner i naturen tyder ikkje at ein gjer feil vurderingar i høve til desse evnene. Dei fleste som høyrer til kategorien det tradisjonelle veit nok godt kvar eigne grenser går i møtet med naturkrefter og påkjenningar. Det ein manglar er eit presist omgrepsapparat for å omtale eigne evner og avgrensingar.

I Bourdieu sin teori er eit sentralt poeng at aktøren ikkje er medvite sitt eige habitus. Ho er difor ikkje direkte klar over sine eigne kulturbestemde disposisjonar for å møte og handle i ein situasjon. Eksempelet frå informanten som ikkje var medviten sin eigen kunnskap om fjellvandring, syner at informantane mine har disposisjonar for å møte feltet som dei ikkje er klar over sjølve. Aktørar handlar i samsvar med eit særeige habitus i større grad enn dei sjølve er klar over.

På grunnlag av at habitus er naturleggjort er det vanskeleg for den enkelte aktør å vere klar over kor nært praksisforma ho sjølv gjev uttrykk for er knytt til ein særeigen klasse. Det å syne samanhengar mellom den enkelte sin praksis og den klassen praksisen heng saman med er ein del av oppgåva til forskaren som analyserer feltet. Det kan vere vanskeleg for aktøren å akseptere at hennar eiga praksisform er eit uttrykk for heimehøyrse i ein klasse og ikkje aktøren sine autonome val. Aktørane som vert forska på kan soleis vere ueinige med resultatata frå forskingsprosessen.

6.1.2 Den tradisjonelle praksisforma og middelklassen

Alle informantane mine frå det tradisjonelle friluftslivet gjev i skildringane sine uttrykk for praksisformer som tidlegare har blitt assosiert med middelklassen. Dette gjeld så vel det dei fortel om sitt eige friluftsliv som det dei fortel om andre sider ved seg sjølv. Dei har alle høgare utdanning innanfor økonomi eller akademia, jobbar i middelklasseyrke, har relativt god økonomi, og dei av informantane som bur i byar bur i middelklasseområde. På direkte spørsmål om kvar dei tykkjer dei sjølv høyrer heime i samfunnet svarar dei alle at dei ser på seg sjølv som medlemmer av middelklassen. To av informantane svarar også at friluftsliv er ein typisk middelklasseaktivitet. Det er difor tydeleg at fleire av informantane mine meiner at praksisforma dei praktiserer i naturen er ein klassespesifikk måte å te seg i natur på. Tidlegare argumenterte eg for at det kan vere vanskeleg å sjå at ein sjølv uttrykkjer eit særeige klassehabitus. Det at informantane mine knyt si eiga praksisform så tett opp til middelklassen er kanskje uttrykk for at det tradisjonelle friluftslivet har omdømme som ”typisk middelklasse”.

Tidlegare forskning knyter det tradisjonelle friluftslivet til middel- og overklassen. Richardson (1994) karakteriserer det tradisjonelle norske friluftslivet som eit middelklassefenomen. Ho peikar på at friluftslivet på 1800-talet var svært inspirert av engelsk adel, og at det gjennom heile 1900-talet har vore knytt til middel-

og overklassen. Skogen (1995) seier dei abstraksjonsorienterte disposisjonane for møtet med natur er heimehøyrande i middelklassen. Som det går fram av tabellen i kap 5.1.1 er det abstraksjonsorienterte ein sentral del av det som karakteriserer praksisforma det tradisjonelle i mitt materiale.

Informantane mine fortel at dei har drive med friluftsliv heilt sidan dei var små. Eit fleirtal av dei vart tatt med på tur av foreldre, nokre var mykje i naturen åleine. Dei skildrar desse første turane med foreldra som viktige læringsprosessar for seinare opplevingar i naturen. Dei meiner mykje av grunnlaget for dei naturopplevingane dei har i dag vart lagt i barneåra. Ein av informantane mine fortel om sine eigne tankar rundt temaet:

Intervjuar: "Har det noko å seie for friluftslivet ditt i dag...dei tinga du gjorde med foreldra dine...altså lærte du noko då?"

Informant: "Ja so absolutt...det var jo ikkje alltid like gøy når ein var liten, det var jo litt grining og sånn, men det var jo alltid sånn: nei vi skal berre bort til dei trea der so skal du få sjokoladen din liksom, hehe, so då lærte eg meg jo at du må slite litt for å få noko bra. Og etterkvart skjønnte eg jo at det er litt gøy å bli litt sliten og då. Men eg trur kanskje at dei tinga der er litt verre å lære seg som vaksen kanskje....viss ein ikkje har eit grunnlag å snakke om...Eller, det er kanskje ikkje so vanskeleg å lære seg å gå på tur, altså det reint tekniske liksom, det å gå i ulendt terreng og sånn, det er sikkert ikkje so vanskeleg å lære seg men det er jo det å lære seg å like å bli sliten då, hehe, det er kanskje ikkje like lett."

Dei reint tekniske sidene ved friluftslivet er lette å lære seg, men det å lære seg å like å bli sliten er ikkje så lett, seier informantane. Dette kan tolkast som at viktige haldningar som høyrer til friluftslivet ikkje så lett kan lærast i vaksen alder, men er noko ein tek til seg i barneåra, som ein del av oppsedinga den enkelte aktør får. Oppdraging og overlevering av verdiar frå foreldre er ein viktig del av forminga av ein aktør sin habitus. Det at det har vore sentralt for informantane å få inn denne opplæringa som liten styrkar tesen om at det tradisjonelle er knytt til eit særlege klassehabitus.

Utvalet mitt er gjort basert på aktivitetar, ikkje på klassebakgrunn. Om eg hadde teke klassebakgrunn med som eit utvalskriterium kunne eg ha uttalt meg betre om tilhøvet mellom praksisforma det tradisjonelle og middelklassen. Det kan

sjølvsagt hevdast at også den norske arbeidarklassen går på ski og i fjellet, men i mitt materiale tyder det informantane mine seier på at praksisforma er klassespesifikk for aktørar med middelklassebakgrunn.

6.1.3 Det tradisjonelle som elite i feltet

I følge Bourdieu sine teoriar vil eit kvart felt ha ein elite som definerer kva som er statusgjevande innanfor feltet. Sentralt i Bourdieu sine teoriar om eliten står dei ulike *kapitalomgrepa* han introduserer. Bourdieu ser for seg at det innanfor eit felt til ei kvar tid går føre seg statuskampar der aktørar tilegnar og gjev frå seg ulike former for kapital. Bourdieu snakkar om tre hovudformer for kapital – kulturell, sosial og økonomisk, og ei fjerde form – symbolsk kapital – som dei tre andre kapitalformene transformerast til når dei vert etablerte som legitime innanfor det aktuelle feltet. Når noko får status som symbolsk kapital innanfor eit felt er det i kraft av dette knytt prestisje og ry til det. Kapitalformene, særleg den kulturelle og den sosiale, er knytt til ein aktør sin habitus. Forståinga av kva som representerer høg eller låg kapital er ikkje noko ein sjølv kan bestemme at ein skal lære seg. Det er naturleggjord kunnskap som ligg i den enkelte aktør sin habitus. Forståinga av kva som er knytt til høg kapital vert difor av den enkelte aktør oppfatta som noko som ”fell naturleg” for ein.

I min analyse av dei ulike praksisformene innanfor friluftslivsfeltet er det først og fremst den kulturelle kapitalen som er interessant. Eit av dei sentrale spørsmåla eg prøver å svare på i denne oppgåva er korleis det tradisjonelle friluftslivet møter dei nye trendane i naturen. I det følgjande vil eg utforske sider ved Bourdieu sine omgrep kulturell og symbolsk kapital i samspel med eksempel frå feltet mitt. På denne måten vil eg syne korleis praksisforma *det tradisjonelle* er knytt til høg kulturell og symbolsk kapital innanfor friluftslivsfeltet, og korleis det gjennom dette kan sjåast på som eit uttrykk for eliten innanfor friluftslivet.

Ein av informantane mine skildrar korleis praksis innanfor det tradisjonelle inkluderer ein særeigen måte å utstyre og kle seg på. Informanten er svært merksam på krava om konformitet som ligg i kulturen:

Informant: ”Ja gammal anorakk og då kan det godt vere sånn DNT-raud anorakk berre dei er slitt nok og ser brukt nok ut, og so skal du jo helst ha vore oppom kanskje nokon fjelltoppar og helst ha... so ska du sikkert ikkje ha for mykje i

sekken og helst ikkje ha for lite i sekken og, ja det e ganske samansett koding altså. Og den e jo *ekstremt* ekskluderande. Utan at folk har sjans til å vite om det. Hadde du liksom fått når du gjekk ut av bilen din eller toget ditt på veg innover i fjellheimen eller på veg til eit arrangement, obs obs her er masse koding (hehe), men du veit jo ikkje det, du får jo ikkje vite det, og du ska ha ganske god innsikt i miljøet for å forstå kva som skjer, for du får jo ikkje vite det, viss du då, og no snakka jo ikkje eg spesielt om DNT altso, det her e heile fjellspor, heile friluftslivsmiljøet, du kan jo gå rundt der i år etter år og ikkje forstå kva som skjer altso. Du forstår ikkje kodane, du forstår ikkje endringane.”

Det sentrale poenget i det informanten fortel er at det er svært mange krav til korleis ein oppfører seg i feltet om ein skal godkjennast i miljøet. Denne informanten hadde særleg god innsikt i korleis feltet fungerer, og ser konturane av dei strukturane som styrer tilhøvet mellom aktørane i feltet. Etter sitatet eg har med her, fortel ho vidare om ei veninne av seg som aldri heilt har forstått kodane i den tradisjonelle praksisforma. Når ho endeleg har fått med seg ein av kodane som gjeld, har denne ofte endra seg til noko nytt. På grunn av dette har ho aldri kome heilt og fullt inn i miljøet.

I *Distinksjonen* (1995) fortel Bourdieu korleis eliten nyttar kodar som berre aktørane med den rette kulturelle bakgrunnen – det rette habitus – kjenner, for å skilje seg eller distingvere seg frå menneske som ikkje høyrer til eliten. Eliten er i sin natur leiande på feltet, og noko mange ynskjer å vere ein del av. Dette er ikkje mogeleg, for om mange vert ein del av eliten er den ikkje lenger ein elite, men ein del av massane. Eliten klarar likevel å halde seg eksklusiv ved å stadig endre kva som er dei distingverande trekka ved den. Dette skjer ved at den symbolske kapitalen på det aktuelle feltet stadig endrar innhald. Fleire eksempel på distingverande kodar finst i sitatet over. Sekken skal til dømes vere lett, men ikkje *for* lett. Dei som er innanfor veit kva som er riktig vekt, dei som er utanfor veit det ikkje. Det å vite korleis sekken skal pakkast med riktig vekt kan på denne måten sjåast på som symbolsk kapital innanfor friluftslivsfeltet. Eksempelet med veninna som aldri får med seg endringane innanfor feltet før det er for seint, syner oss at eliten endrar dei distingverande trekka etterkvart som for mange aktørar forstår kva dei går ut på.

Fleire av informantane mine peika på at dei nye praksisformene i naturen gjer at feltet vert for lett tilgjengeleg for ”nybyrjarar”. Mange faktorar spelar i følgje informantane mine inn her. Svært godt utstyr gjer at ein i dag kan oppleve ekstrem

natur utan særleg mykje trening. Ulike opplevelsespakkar (som teambuilding, rafting, klatrekurs o.l.) vert tibode store mengder menneske og letnar tilgangen til naturen. I tillegg meiner informantane mine at ”ekstremспорт” dei siste åra har vorte ein mote som mange vil prøve for å henge med i tida. Dette fokuset på ekstreme opplevingar utan at ein skal måtte gå gjennom slitet med å tileigne seg kunnskap og dugleik er eit trekk ved dei nye trendane. Ein vert forbrukar av opplevingar i staden for å, gjennom nøysam opparbeiding av kunnskap, lære seg naturen å kjenne på eiga hand. Dette kan føre til farlege situasjonar, ved at ein tek snarveggar og ikkje har den grundige og komplette kunnskapen om naturen det tek tiår å opparbeide. Eit sitat frå ein av informantane mine kan illustrere dette:

Informant: ”Ting blir meir tilgjengelig for folk og dei berre kastar seg uti utan å vite kva dei gjer. Og eg syns det er utruleg at det går så bra som det gjer. Eg syns at det er merkeleg at det ikkje skjer mykje meir. Du ser på TV og Internett kor enkelt alt er. Og det er føring og skibakkar og alt blir lettare tilgjengelig. Folk går på dumme plassar. Det treng jo ikkje vere vanskelig å gå sjølv om det er skredfarlig. Før var det jo sånn, du byrja ikkje med klatring, du blei nærast introdusert. Du starta på botnen, med å bære tau nærast, og gjekk gradvis oppover. No er det ikkje sånn, no er det rett ut.”

Argumentasjonen som vert nytta i sitatet er at det er farleg å sleppe folk ut i ekstrem natur utan den erfaringa ein får gjennom ”å gå gradene” i det tradisjonelle. Det å lære seg til dømes klatring på eit femdagars kurs vert for enkelt, erfaringa som trengst tek lang tid å opparbeide. Her og er det verdt å merke seg at dei ekstreme opplevingane i naturen vert mindre eksklusive når inngangen til feltet vert meir open. Som informanten er inne på har klatring lenge vore eit overklassefenomen i Noreg, det var berre ein eksklusiv (tinde)klubb av ”filosofar og milliardærar” som kunne kunsten. Det at ein kan lære seg å klatre på innandørsvegggar og klatrekurs overalt i landet vårt, gjer at statusen ved å drive aktiviteten vert utvatna. Gode kurs og lett tilgang gjer at mange faktisk vert veldig flinke klatrarar veldig fort, utan å måtte verte godkjende i miljøet først. Ein tendens som ein særleg ser innanfor freeride men og i det tradisjonelle er at det å lære seg ein aktivitet på kurs (til dømes det å stå på snowboard eller å padle elv) har mykje mindre status enn det å lære det av seg sjølv, særleg i ung

alder, sjølv om den reint tekniske kunnskapen ein får etter eit kurs ofte er betre enn den ein får når ein lærer seg ein aktivitet sjølv.

Dette eksempelet kan vi igjen jamføre med Bourdieu sine teoriar om at eliten på eit felt tek i bruk distingverande trekk for å skape skilje til dei som ikkje har den korrekte kulturelle ballasta. Det er eit problem for informantane mine frå det tradisjonelle at tilgangen til feltet vert for enkel. Når kunnskapen som er naudsynt for å kunne ferdast og overleve i fjellet kan skaffast ved å gå på kurs, sjå instruksjonsvideoar eller surfe på nettet, forsvinn mykje av eksklusiviteten ved det å vere i ekstrem natur. Vi ser at informanten gjev det å lære fjellklatring på den rette måten – gjennom å bli introdusert og gå gradene, og lære seg respekt for veteranane på feltet ved å bære tauet deira – meir status enn å lese om det på nettet. Dette kan sjåast på som eit nytt distingverande trekk i det tradisjonelle; det er ikkje nok å ha god kunnskap om korleis ein skal te seg i fjellet – den riktige symbolske kapitalen finst først når kunnskapen er tilegna på den riktige måten.

Nokre av informantane mine går lenger enn andre når det gjeld å prøve å halde distinksjonane ved like. Det offentlege synspunktet, som vert uttrykt av Turistforeningen og andre friluftslivsorganisasjonar, er at det er eit mål å få fleire menneske til å drive tradisjonelt friluftsliv og å bruke naturen. Dette synspunktet vert likevel ikkje delt av alle innanfor det tradisjonelle. Ein av informantane mine uttrykkjer dette. På spørsmål om han tykkjer det er eit mål at flest mogleg skal bruke naturen, svarar han:

Informant: ”Hmmm.... Eg har eit ambivalent forhold til tagginga i naturen. Til DNT²⁴. Eg...det fratar folk ansvaret for eigen sikkerheit. Dei kunne nøya seg med å varde. Eg ynskjer at alle som ynskjer å bruke naturen skal få lov til det. Eg synes at det å hindre folk å gå på Besseggen blir for drøyt når heile Noreg er ein sånn sveitserost innvendig og eit vegnett utvendig. Det blir å gå for langt... Samtidig synes eg det er fint å ha nasjonalparkar. Eg syns at det er bra at alle får bruke naturen....men eg syns ikkje ein skal bruke pengar på å få alle til å gå Jotunheimen. Men ein jobbar nasjonalt med å få folk til å gå i naturen. Ein oppfordrar folk til å gå i naturen i Noreg. Og Turistforeningen gjer det meir enn nokon.”

²⁴ Informanten syner her til merkinga DNT gjer av stiar. Dei ”taggar” i naturen med raude T’ar.

Intervjuar: "Kva synest du om at ein jobbar mot grupper for å rekruttere, Oslo Aust for eksempel?"

"Det blir jo informert ganske mykje og alle veit at dei har mogelegheita og det synes eg er heilt greitt. Ein kunne heller jobba mot skulen so barn fikk ei mogelegheit til å bli kjende med naturen og velje når ein blir eldre."

Vi ser at informanten ikkje set pris på merkinga DNT driv med i naturen. Den gjer naturen for lett tilgjengeleg og fører til at menneske som ikkje kan nok om natur får ei falsk tryggleikskjensle og vågar seg kanskje ut på turar dei ikkje er kvalifiserte for å klare. Men merkinga til DNT gjer også naturen lettare tilgjengeleg. Når Turistforeningen merkjer ruter i fjellet, vert det lettare for menneske utan særleg kunnskap å gå på fjellet. På same tid vert det mindre utfordrande for dei som har mykje kunnskap. Kanskje enno viktigare; det vert mindre eksklusivt å vere i natur der rutene er merka slik at dei fleste kan gå der, og ikkje berre ein trena elite som kjenner naturen godt nok til å kunne finne fram utan merking.

6.2 FREERIDE OG KLASSE

Informant: "Før var vi jo berre ein gjeng med egoistar som dreiv med det her. No er det jo berre sånn der ekkel... sånn teambuilding!"

6.2.1 Praksisforma freeride og middelklassen

På same måte som i det tradisjonelle gjev informantane mine frå freeride uttrykk for typiske middelklassepraksisar. Dei av informantane mine som er ferdig utdanna jobbar i typiske humanistisk-intellektuelle middelklasseyrke som undervisning og media. Dei som enno ikkje er yrkesaktive held på med utdanning som kvalifiserer til liknande yrke. Eit fleirtal av dei kjem frå typiske middelklassefamiliar. Slik som i det tradisjonelle er natursynet innanfor freeride abstraksjonsorientert. Skogen (1995) syner oss at det abstraksjonsorienterte er nært knytt til overklassen og dei humanistisk-intellektuelle delane av middelklassen.

Alle informantane innanfor praksisforma freeride har drive med friluftsliv saman med foreldre i barneåra. Dette er dei takksame for; dei fortel at grunnlaget for å kunne drive med det dei gjer vart lagt desse åra, særleg motorisk og teknisk. Fleire av

dei snakkar også om at dei har lært haldningar til natur frå foreldra og tida dei brukte ute som born. Ein av informantane mine seier:

Informant: ”Jaa... det va jo sånn fattern og dei, dei er ikkje spesielt glade i snøscooterar og sånn då. Det fekk eg jo med meg. Du fekk jo høyre det då når det kom snøscooterar, kva dei kjørte etter her og sånne ting. Og det var jo strengt tatt forbode, sant, og so kom det ein slik.. mykje sånne ting.”

Motstanden mot motorisert ferdsle, som sitatet omtalar, er ein viktig del av måten det abstraksjonsorienterte natursynet kjem til uttrykk innanfor både det tradisjonelle og freeride. I følgje informantane mine frå praksisforma freeride har dei sjølv fått mykje av desse haldningane frå foreldre gjennom oppseding.

Som vi såg var informantane mine frå det tradisjonelle opptatt av at dei lærte haldningar i barneåra som er vesentlege for naturoppleving og eit fullverdig friluftsliv. Desse haldningane var ikkje så lette å ta til seg i vaksen alder, vart det hevda. Informantane mine frå freeride kjem med tilsvarande informasjon om sitt eige tilhøve til natur og verdiar knytt opp mot friluftslivet. Dei fortel at dei har fått inn respekt for naturen gjennom det foreldra lærte dei. Gjennom turane dei hadde som små forsto dei at ein må jobbe litt for å nå målet for turen, og at det finst positive sider i det å bli slitne. Fleire av informantane mine frå freeride er einige med det som vert sagt om at slike haldningar ikkje er så lette å tileigne seg som vaksen. Dei kjem med eksempel på personar dei kjenner som har starta med dei moderne aktivitetane i vaksen alder, kanskje gått på kurs, og som aldri har lært seg dei ”rette” haldningane til natur og si eiga rolle i naturen. Dette er igjen eit eksempel på at mange av aspekta ved ein aktør si posisjonering i friluftslivsfeltet ser ut til å vere knytt til grunnleggande trekk ved habitus som ein tek til seg i barneåra.

Også når det gjeld praksisforma freeride vil kritikken eg sette opp mot mine egne utvalskriterium vere gjeldande. Eg har valt ut informantar basert på aktivitetar og ikkje klasse. Alle informantane i denne praksisforma er frå middelklassen, og det hadde vore interessant å hatt med informantar frå arbeidarklassen for å kontrollere utsegnene middelklasseinformantane kjem med. Analysen eg gjer her er basert på utsegner frå middelklasseaktørar som seier dette er ei praksisform som høyrer til deira eigen klasse. Det kan vere at informantar frå arbeidarklassen ville gjeve uttrykk for

andre samanhengar mellom praksisforma og klasse. Om eg likevel skal halde meg til informantane i mitt materiale, gjev dei uttrykk for at ein må sosialisera inn i praksisforma for å fullt ut forstå natursynet i den, og dei knyter denne sosialiseringa til middelklassen.

6.2.2 Praksisforma freeride som del av eliten

Informantane mine frå freeride gjev uttrykk for eit endå sterkare ynskje enn informantane frå det tradisjonelle om å halde feltet eksklusivt. Fleire av dei seier at dei ikkje ynskjer at fleire skal bruke naturen, og at dei er uroa over at dei nye aktivitetane (som dei sjølve driv med) har auka i popularitet dei siste åra. Dei tykkjer at det i dag av og til er for mange menneske som brukar naturen, og at opplevinga vert øydelagt på grunn av dette. Ein av informantane mine sa det slik:

Informant: ”Ja no har jo eg, eller eg ha jo stått ein del i skitrekking men det er jo ikkje akkurat det eg gjer so mykje no lenger. Det som er bra med skitrekking er at det held bermen vekke frå fjellet, hehehe, eller det held folka vekk frå der det er sånn skikkeleg bra då, skikkelege fjelltoppar der ein må gå for å kome og sånn.”

Intervjuar: ”Synest du det er viktig for eit samfunn at folk brukar naturen og at det vert oppretthalde ein viss standard for kva folk kan liksom?”

Informant: ”Nei det er ikkje så nøye, for naturen blir slitt ned. Det er egoistisk vinkling, men ein må tenke litt sånn liksom, for det slit på uteareala viss alle skal gå, så nokon må holde seg innafor Oslos grenser for at det skal bestå liksom. Det er veldig bra med Noreg at du slepp å treffe folk overalt då. Ein slepp å sitje i kø i bakevja sånn som på Sjoa-festivalen. Når eg skal ut så vil eg sleppe å forholde meg til menneske.”

Informanten seier mykje meir eksplisitt enn informantane frå det tradisjonelle at han ynskjer eksklusivitet i opplevingane sine i fjellet. Han seier ikkje så mykje om at han ynskjer ei avgrensing for å oppretthalde miljøet sin status som lite og eliteprega. Fokuset ligg meir på at opplevingane i natur vert øydelagde om ein må dele den med for mange andre. Ein kan likevel tenkje seg at motstanden mot å ha eit inkluderande friluftsliv er botna i nettopp eit ynskje om å halde eksklusiviteten ved like i feltet.

Statusen og eksklusiviteten som ligg i å gå toppturar på tindane i Hurrungane vert kanskje noko redusert etter at *Fri flyt* arrangerer guida turar opp dit. Det går inflasjon i den symbolske kapitalen²⁵ til toppane det vert guida på etter at ei mengd menneske har vore der. Det eliten innanfor feltet ein gong skrytte av, misser på denne måten sin funksjon som distingverande.

Ein av informantane som har halde på med freeride-friluftslivet i mange år var uroa over utviklinga innanfor freeride dei siste åra.

Informant: ”Heile den ekstremportgreia har blitt eit sånn image som folk har, det er litt kult og hipt å vere litt ekstrem i ting og tang, oi driver du med det liksom, eg har vert på padlekurs og så kan du sitte på puben å snakke om det ein heil kveld. Ein ser det jo på afterski og, at det er folk i skiutstyr som ikkje har vert i bakken ein gang. Der har det jo gått verkeleg langt.”

Intervjuar: ”Kva syns du det er som...forsvinn eller sånn då?”

Informant: ”Det som fort tapes det er det at folk fort mister litt respekten for ting, det er så lett...du kjem inn i den kommersialiserte sjangeren. Det at fjellet blir like kommerst som spelebula nede på hjørnet. Du er heile tida inni den der, du får aldri ro liksom. Det ser ein veldig godt på den gjengen frå Oslo, drar opp til Hemsedal og så er det full pupp liksom, drikke seg dritings, og full fart ned igjen. Du får aldri liksom hold kjeft og slappa av. Det forsvinner litt, eller kanskje ikkje forsvinner men det blir et sånt tillegg da, du får ein ny type menneske, som kjem opp i fjellet og held på sånn. Det vil jo sei, du pusher dei der pionerane lenger og lenger ut, for dei er jo alltid i forkant av de.”

Pionerane vert pusha ut – dei vert tvungne til å finne nye område for å halde på med sine ting i fjellet, seier informanten. Vi ser enno ein gong at Bourdieu sine teoriar om ein elite innanfor feltet som finn måtar å skilje seg – distingvere seg – frå dei vanlege aktørane, kan nyttast for å tolke det som hender. Når vanlege folk tek del i dei

²⁵ Dagens ungdomskulturar har eit eige ord som kan minne om Bourdieu sitt omgrep symbolsk kapital. *Kred*, frå engelsk ”credibility”, tyder noko som gjev status ved å vere innovativt eller ledande innanfor eliten i eit felt. Fjelltoppane i Hurrungane får mindre kred i visse miljø etter at *Fri flyt* guidar menneske opp dit.

praksisformene som høyrer til eliten, må eliten finne seg nye praksisformer slik at dei kan fortsette å vere eliten.

Etter det informantane mine fortel om feltet kan det verke som om det har etablert seg eit statusilhøve mellom dei ulike måtane å lære seg ein aktivitet på, med ulik kulturell kapital knytt til seg. Fleire av informantane mine såg med ein god del irritasjon på menneske som omtala seg som ”snowboardar” etter eit helgekurs på Tryvann eller som ”elvepadlar” etter ein teambuildingtur med Sjoa rafting. Det kan verke som at det å alltid ha hatt eit aktivt friluftsliv, først saman med foreldre og seinare på eiga hand, er det som står høgst i kurs. Etter dette kjem det å ha lært seg aktiviteten sjølv, helst i tidlege ungdomsår. Statushierarkiet mellom inngangsportane til feltet vil då bli sjåande slik ut:

1. Lærte som barn av foreldre
2. Har lært på eiga hand gjennom mange år
3. Kurs
4. Teambuilding

Vi ser igjen at det å lære seg ein aktivitet på kurs er negativt i høve til det å lære seg aktiviteten på eiga hand. Dette kan verke noko rart då alle informantane mine er oppteikne av både tryggleik og dugleik. Som eg har vore inne på er det å gå på kurs ein mykje betre måte å lære seg ein ny aktivitet reint teknisk enn det å prøve seg fram sjølv. Ein unngår mykje lettare nybyrjartabbar, og kan spele på erfaringa til dugande instruktørar. Innanfor meir risikofylte aktivitetar som elvepadling er eit kurs også svært nyttig då ein lærer grunnleggande tryggingsreglar som ein ikkje kan lære av seg sjølv. Likevel skil statushierarkiet på ein effektiv måte veteranane frå nybyrjarane på feltet. Ein nybyrjar kan vere like god eller betre til å utøve ein aktivitet, men ho har ikkje lært den på same korrekte vis som veteranen.

6.3 FREESTYLE OG KLASSE

Informant: ”Og so kasta eg snøball på den eine og so sto han over meg og so skreik han jævla østkanthore! Du røyker hasj og du er frå Grorud og hælvetes snowboarddrittjerring!”

6.3.1 Praksisforma freestyle og arbeidarklassen/den ”harde” middelklassen

Informantane mine innanfor både det tradisjonelle og freeride uttrykte klassespesifikke praksisformer som kan knytast til middelklassen, særleg dei humanistisk-intellektuelle delane av middelklassen. Innanfor freestyle er situasjonen ein annan, praksisformene informantane mine uttrykkjer er mykje nærare knytte til element som i forskning vert vurdert som typiske sider ved arbeidarklassen.

Natursynet i praksisforma er praktisk, produksjonsorientert. Dette inneber at aktørane ser på naturen på eit meir konkret plan enn i dei to andre praksisformene, der det abstraksjons- og idémessige er det sentrale. Naturen står i mykje større grad til disposisjon for menneska enn i det abstraksjonsorienterte, dette kjem mellom anna til uttrykk ved at urørd natur i seg sjølv ikkje har same verdien som i dei to andre praksisformene. Naturen er mykje meir eit objekt som er tilgjengeleg for at aktøren skal få kunne oppleve det ho ynskjer. Ein av informantane mine uttala dette når vi snakka om naturvern:

Intervjuar: ”Så du er kanskje ikkje så opptatt av miljøvern?”

Informant: ”Nei. Det er sjølvsagt bra at folk engasjerer seg men eg har ikkje orka å sette meg inn i det. Eg hatar sporveien og har kjøpt meg bil sånn at eg kan kome meg frå dør til dør. Eg gjekk på Katta²⁶ og der var det jo ganske masse miljøvernarar. Eg plaga dei ein del, hehe.

Intervjuar: ”So sånn som at når Hemsedal utvidar og får pes frå miljøvernarar då?”

Informant: ”Nei det drit eg totalt i. Dei kan berre kappe ned tre for min del. Men det øydelegg jo litt for oss som er kjent der då, når dei preppar ting som vi har køyrt før. Det er betre å ha Gummiskogen²⁷ sånn som den er no, med masse folk som køyrer off-piste der, enn å bygge preppa

²⁶ Vidaregåande skule i Oslo, kjend for å ha ein noko venstresradikal og miljømedviten elevmasse.

²⁷ Populært frikøyingsområde ved heisanlegget i Hemsedal.

bakkar sånn at ein ikkje kan stå off-piste. Men det er ikkje på grunn av miljø eg er imot. Eg drit i miljøet (gliser).”

Informanten ser på naturen som si eiga leikegrind som han kan tilretteleggje slik at den best mogeleg passar til det han vil gjere der. Når han er interessert i å verne Gummiskogen for hogst er det fordi han likar terrenget slik det er; det gjev han ekstra utfordringar når han står på brett der. Det har ingen ting med ein idé om å bevare urørd natur å gjere. Skogen (1995) ser klare samanhengar mellom det praktisk, produksjonsorienterte natursynet og heimehøyrslø i ulike klassar. Han finn at arbeidarklassen og den teknisk orienterte/”harde” delen av middelklassen tenderer til å ha eit praktisk, produksjonsorientert natursyn, slik denne informanten i høgste grad gjev uttrykk for.

Christensen (2001a) peikar i studiet sitt av snowboardungdom i Hemsedal på at svært mange av informantane hans er typiske representantar for arbeidarklassen, med yrke som tømrrarar og elektrikarar. Snowboardarane som vert skildra hos Olav Christensen vil kunne passe godt inn i praksisforma freestyle²⁸. Alle informantane som representerer freestyle i mitt materiale passar inn i mønsteret som vert teikna av Skogen og Christensen. Dei fleste av dei kjem frå typiske arbeidarklassefamiliar, og dei har i dag arbeidarklassejobbar eller jobbar som tilhøyrer den meir teknisk retta delen av middelklassen, der ein finn ingeniørar, økonomar og liknande ”harde” yrke.

Informantane mine som representerte praksisformene det tradisjonelle og freeride hadde alle eit meir eller mindre aktivt friluftsliv i barneåra. Dei eg intervjuar innan praksisforma freestyle har ikkje hatt noko aktivt friluftsliv som barn. Berre ein av dei var til ein viss grad med foreldre på turar der det klassiske friluftslivet vart praktisert. Ein av informantane har vore mykje med foreldra i skitrekking, men nærast aldri gått fotturar eller langrenn. Dei andre informantane har verken vore i skitrekking, gått fotturar eller langrenn med foreldra. Livet i naturen er difor noko informantane mine i stor grad har oppdaga sjølv. Dette kan kanskje sjåast på som ei forklaring på at freestyle ikkje deler natursynet til det tradisjonelle og freeride. Som vi har sett, vektlegg fleire av informantane mine med det abstraksjonsorienterte natursynet at dei

²⁸ Her må det nok ein gang poengterast at min bruk av orda freeride og freestyle ikkje er synonymt med måten orda vert nytta på, særleg innanfor snowboardmiljøet. Mange av informantane til Christensen ville nok sagt at dei dreiv med både freestyle og freeride snowboarding. Slik eg brukar orda i denne oppgåva, som namn på to former for praksis i den norske naturen, stemmer skildringane til Christensen godt med den praksisforma eg har valt å kalle freestyle.

har arva dette frå foreldre, og at naturopplevingane i barndomen er viktige for korleis dei opplever natur i dag.

6.3.2 Freestyle som autonom kultur

I kapittel 4 diskuterte eg ulike former for moderne klasseteori, mellom anna teoriane til gruppa forskarar som har blitt kjende som Birminghamskulen (Hebdidge 1979, Willis 1978). I analysane deira av arbeidarklassekulturar i England er eit av hovudpoenga at desse kulturane må sjåast på som eigne, autonome uttrykk, og ikkje berre som vulgære kopiar av ein finare overklassekultur. På denne måten skil Birminghamteoretikarane seg frå mellom andre Bourdieu, som hevdar at det er berre dei privilegerte gruppene i samfunnet – dei dominerande kulturane – som går føre i utviklinga gjennom heile tida å skape distinksjonar som massane prøver å tileigne seg. Aktørane innanfor kulturane Birminghamskulen studerte, ynskjer å uttrykke motstand eit storsamfunn der dei ikkje meistrar kodar og krav som vert sette for å ha suksess. Ved å forme sine eigne, alternative kulturar dei har sine eigne former for statussymbol og kodar kan dei likevel oppleve meistring og få status, samtidig som ein syner at ein ikkje aksepterer termene storsamfunnet set for kva ein bør streve etter. I det følgjande vil eg vise til element i datamaterialet mitt som syner at praksisforma freestyle ikkje fullt ut kan tolkast inn i Bourdieu sitt analyseapparat, men som passar betre inn i Birminghamskulen sine skildringar av subkulturar i opposisjon.

Ein av informantane mine gjekk i ungdomsåra frå eit organisert og konkurransefokusert slalåmmiljø til snowboardmiljøet. Ho opplevde store skilnader mellom dei to miljøa når det kom til si eiga evne til å påverke eigen situasjon. Sjølv om konkurransar og idrett fell utanfor det eg ynskjer å konsentrere meg om i denne oppgåva tek eg med sitatet fordi det fortel korleis dei unge i snowboardmiljøet meir enn andre ungdomsmiljø har kontroll over eigne arrangement:

Informant: ”Det er litt festlig at du spør om det for det synest eg faktisk var ein kjempestor overgang. For eg konkurrerte på slalåm og det var veldig organisert, veldig litt sånn vestkantidrett liksom, og eg passa ikkje inn i det, vi hadde ikkje så mykje pengar og, eg hadde ikkje så gode ski som dei vestkantjentene, og det var veldig.....vi born var veldig mykje deltakarar i det dei vaksne arrangerte, men første gang eg kørde pipekonkurranse, for 9 år sidan, i Valdres i -94, då hugsar eg at eg merka

forskjellen, for alle dei som arrangerte det var unge, og det var musikk i pipen og det var ein speaker som sa masse bra ting liksom, det var ei heilt anna stemning faktisk enn det det var på slalåmkonkurransane. Stor forskjell."

Informanten fortel at det er ungdommen sjølv som bestemmer korleis ein pipekonkurrans skal arrangerast. Dei brukar sine egne uttrykk; sin eigen musikk og sin eigen kommentator. Informanten opplevde ein autonomitet som ho ikkje fann i det meir organiserte slalåmmiljøet og såg dette som svært positivt. Slik som Birminghamforskarane peikar på finn ein her, innanfor snowboardmiljøet, eit alternativ til den dominerande kulturen og storsamfunnet som slalåmmiljøet representerer.

Informanten fortel at seinare utvikla snowboardkonkurransar seg til å bli meir organiserte og "vaksne". Som eg har nemnt tidlegare har snowboard i løpet av dei siste ti åra etablert seg som ein seriøs idrett som er med på programmet til dei olympiske vinterleikar og som har eit landslag med treningssamlingar. Kommersielle aktørar har kome tungt inn på ulike område i kulturen, og utøvarane sjølve seier dei har mista mykje av makta til å sjølve avgjere kva kulturen skal vere. Denne overgangen har ikkje gått smertefritt for seg, og det er mange element i kulturen som tek heilt avstand frå desse nye sidene. Alle informantane mine innanfor praksisforma freestyle har meir eller mindre kontakt med snowboardkulturen, og alle uttrykkjer skepsis til dei siste års utvikling mot meir organisering. Denne skepsisen som finst mot organisering innanfor snowboardmiljøet vert kommentert av Christensen (2001a) og særleg Brekke (2003). Dei negative reaksjonane på at utøvarane får mindre kontroll over sin eigen situasjon vitnar igjen om at det aktørane innanfor praksisforma freestyle ynskjer er å finne sin eigen, autonome kultur der dei kan få uttrykkje noko anna enn det dei etablerte seier dei skal uttrykkje.

Informantane mine fortel at det finst tydelege måtar å skilje dei som kjenner feltet frå dei som ikkje kjenner det, også innanfor freestyle. Det er særleg klede og utstyr som er distingverande trekk når ein skal avgjere kven som står innanfor og kven som står utanfor kulturen. På spørsmål om ho kunne køyrt på kva type brett som helst svarar ein av informantane mine dette:

Informant: ”Altso eg *kunne* køyrt på Salomon²⁹ men eg kunne ikkje køyrt på Crazy Creek³⁰ sjølv om eg hadde høyrte at det hadde vert sinnsjukt bra. So eg er ganske forfengelig, og det er alle, men eg veit ikkje heilt om alle vil innrømme det, men alle eg kjenner er ganske forfengelige på sånne ting då.”

Intervjuar: ”Eee...e det litt sånn at ein ikkje skal innrømme det men er det likevel?”

Informant: ”Det kan godt hende at det er det, eg trur vi innanfor den gjengen min innrømmer det ovanfor kvarandre, ja vi er jo stashorer og ler litt av det då, hehe. Det høyrer kanskje litt dumt ut men du ser det når du går i butikken, i Hemsedal, eller i Oslo, so ser eg på folk og ut frå kva merke dei har då, om dei køyrer mykje eller om de køyrer lite eller om dei tilhøyrer den eller den gjengen eller om dei er sponsa av han eller han, og det er veldig lett å plukke kven som er helt sånn turistsnowboardarar eller aktive snowboardarar.”

Merket ein vel på utstyr og klede fortel mykje om kven ein er, seier informanten. Andre informantar fortel at dei same distingverande trekka er viktige innanfor utstyrsvæl i både elvepadling og utmarkssykling. Vi ser at aktørane innanfor freestyle definerer seg sjølve og andre gjennom varer dei kjøper. Det kan gjennom dette hevdast at kommersielle krefter har fått innpass i feltet, og at autonomiteten til aktørane er redusert. Mot dette kan det seiast at fleire av informantane mine vektlegg at utstyrproducentar ikkje skal ha reint kommersielle interesser ved å selje utstyret. Dei må og ha det rette imaget, og vere ein del av feltet og ikkje kome inn utanfrå for å utnytte den kommersielt. Dei skal gje noko tilbake til feltet, til dømes gjennom det å sponse utøvarar, arrangement og filmproduksjonar. Det beste er om utøvarane sjølve delvis eller fullstendig er med og styrer selskapa som produserer og utviklar produkta. ”*Made for boarding people, by boarding people*” vert eit motto som summerer oppskrifta på eit selskap som vil knyte stor symbolsk kapital til seg sjølv.

²⁹ Salomon er ikkje ein produsent som lagar *kun* snowboard. Dei lagar også slalåmski, langrennsk i og anna sportsutstyr, og dette er problematisk om ein vil verte akseptert i snowboardmiljøet.

³⁰ Crazy Creek er eit brettmerke som har svært dårleg omdømme i snowboardmiljøet. Brettene er billige, men har rykte på seg for å vere av dårleg kvalitet. Grunna den billige prisen finn ein ofte at personar som ikkje har særleg mykje med snowboardkulturen å gjere, men berre ynskjer seg eit ”brett for å prøve snowboard”, køyrer Crazy Creek.

Det er likevel mykje som kan tyde på at kapitalinteressene likevel er svært tydeleg til stades på utstyrssida innanfor freestyle. Dei kommersielle aktørane gjer mykje for å skape eit image der dei står fram som ”ekte” aktørar på feltet, med store mengder symbolsk kapital knytt til seg – mykje *kred*. Eit eksempel frå den seinare tid kan vere brett- og klesmerket Forum, som for om lag fem år sidan vart svært populært hos eliten innanfor snowboardfeltet. Dei knytte til seg mange unge spanande utøvarar leia av veteranen Peter Line, som og hadde eigarinteresser i selskapet. Dei skapte seg eit image som ein rebelsk produsent som sto for alt det snowboard er, men verka nesten useriøse når det kom til inntekter og kommersiell suksess som bedrift. Forum vart slik eit typisk eksempel på eit ”riktig” merke, som hadde mykje symbolsk kapital knytt til seg. Seinare synte det seg at Forum var eit av få internasjonale selskap som braut ein FN-boikott av Burma og fekk produsert klede sine der, under noko som vart sagt å vere svært dårlege arbeidstilhøve. Slike haldningar overfor arbeidarane sine går dårleg overeins med ideala i snowboardkulturen.

Sjølv om eksempelet *Forum* syner oss at bedriftene ikkje alltid er ærlege i si framstilling av seg sjølv finst det likevel ein idé i feltet om produsenten som tenkjer meir på snowboardkulturen enn på eigen økonomisk vinst. Det er desse merka som har knytt til seg høg symbolsk kapital på feltet og fungerer som distingverande for kven som er innanfor eller utanfor eliten. Eksempla syner at Bourdieu sine teoriar kan brukast til analysar av korleis informantane mine skil eliten frå outsiderar i freestylemiljøet. Bourdieu har difor forklaringskraft om ein ser på korleis aktørane samhandlar internt i freestylefeltet. Bourdieu seier at alle deler av samfunnet kan sjåast på som autonome felt, og at ein innanfor alle desse vil finne att dei ulike kapitalformene og statuskampar mellom aktørane. Der Bourdieu mistar si forklaringskraft i mitt materiale er der freestyle dannar ein autonom motstandskultur som opponerer mot det tradisjonelle og freeride. Det er for å forklare dette eg har supplert Bourdieu med Birminghamteoretikarane sitt analyseverkty.

6.3.3 Freestyle som motstandskultur

Birminghamforskarane fokuserer først og fremst på subkulturane dei studerer sin funksjon som *motstandsuttrykk* mot storsamfunnet og ein undertrykkande elitekultur (Hall & Jefferson 1988). Element av slike motstandsuttrykk, i form av eit opprør mot den dominerande tradisjonelle friluftslivskulturen, er tydeleg til stades i praksisforma

freestyle. Ein av informantane mine meiner det tradisjonelle friluftslivet er gamaldags og har utspelt si rolle. Han uttrykkjer ein viss avsmak for den tradisjonelle praksisforma i denne dialogen med meg:

Intervjuar: "Det med at du skal slite litt og gå i anorakken og sånn, bruke...?"

Informant: "Ja, det er jo ein sånn veldig gammaldags måte å tenke på. Viss folk vil gå toppturar nå så kjøper dei randonee-utstyr. Du får jo sånne brett frå Burton du kan dele i to... Eg synes eigentleg det heile kan oppsummerast i det der kvikk-lunsj-appelsin, og når eg gjer den pakka der så er det med meget stor ironisk distanse, berre for å kødde med det, tematurar kallar ein det (gliser). Same som sånn å dra på hytta og hogge trær og drikke whisky.

Intervjuar: "Trur du det kan bli problem i møtet mellom dei to gruppene?"

Informant: "Eg veit ikkje. Trur ikkje det blir krig akkurat. Eg trur det kjem til å dø med den generasjonen. Eg trur ikkje det tilhøyrer den yngre garde. Det er ikkje moderne rett og slett. Eg vet ikkje...det kjem sikkert alltid til å vere nokon som er litt rare liksom. Minner litt om ein sånn konservativ type... sånn norske kristne familie som i dag er heilt ut.

Intervjuar: "So sånn krangel om område og sånn som vi snakka om, trur du ikkje det kan bli konflikt?"

Informant: "Altså, etter at skianlegget har blitt bygd i Hemsedal så er det sikkert fleire tusen prosent auke i kor mange som har glede av området der oppe. Så at ro og fred blir vekke for nokon få fører til at mange får glede. Så dei få som gjekk der før får berre gå og legge seg. Dei er sikkert døde likevel, hehe."

Dei andre informantane i materialet mitt hadde ikkje like stor tru på det tradisjonelle sin fallitt som i dette sitatet, men det fanst ein viss skepsis til sider ved det tradisjonelle hos alle informantane mine. Ankepunktene som vart uttrykt var at det tradisjonelle er gamaldags, lite internasjonalt, verdikonservativt og kjedelig. Fokuset i det tradisjonelle ligg meir på trening og slit enn å ha det gøy, meinte fleire av dei.

Christensen (2001a) poengterer at det opprørske i snowboardkulturen er særleg stort i Noreg på grunn av arven vi har som friluftslivsnasjon.

Ein av informantane mine fortel om eit noko konfliktfyllt møte i skibakken i snowboardparken i Hemsedal, der informanten og ei veninne krangla med to telemarkskøyrarar, kanskje utøvarar av det eg i denne oppgåva kallar freeride:

Informant: ”Det var vel litt det der at telemark representerte vest, snowboard aust. Der var skjeringspunkta. Ein episode då vi heldt til på Totten³¹, då var snowboardparken berre for snowboardarar. Og so kom eg og ei veninne i krangel med nokon telemarkkøyrarar, dei gjekk fiskebein og sånn, og dei var jævlig dårlige og då. So starta vi liksom å seie at dei kom til å få mykje tyn viss dei køyrte der då for det var ikkje lov. Og det var kanskje mjukt og då so dei laga masse spor. Og so fortsette det med at vi krangla skikkelig med dei då. Og so kasta eg snøball på den eine og so sto han over meg og so skreik han jævla østkanthore! Du røyker hasj og du er frå Grorud og hælvetes snowboarddrittkjerring! (ler godt). Og det var veldig betegnande for det forholdet som var mellom telemark og snowboard på den tida.”

I sitatet finst eksempel på stampelet freestyle har som rebelsk praksisform. Sidan informanten og veninna hennar står på snowboard, konkluderer telemarkskøyrarane med at dei røyker hasj og er frå Grorud.

Det finst og andre opprørske element ved freestyle. Det å setje sin eigen kropp i fare tilsynelatande utan noko fornuftig mål er ei handling som provoserer. Aktivitetane ein driv med både innanfor freeride og freestyle kan vere livsfarlege om ein ynskjer å gjere dei til det. Nokre av informantane mine fortalde at det farlege ved aktiviteten var motivasjon for å drive med det. Ein av informantane mine fortel:

Intervjuar: ” Men ser du opp til det og, berre det å tørre å dra på? For då e jo jackass-folka like bra sidan dei tør å bli skutt i trynet med pepperspray...”

Informant: ”Jammen det tør eg jo (hehe), eg har pepperspray. eg fekk han rett her (peikar mellom auga, gliser). Det er jævlig fett, vi driv mykje

³¹ Totten refererer til Totten camping i Hemsedal; ein stad der det heldt til mange snowboardarar. Sjå Christensen (2001a), Christensen (2001b).

med det for tida. Vi hadde CS-gass og... vi fikk ikkje filma pepper-sprayen men vi filma CS'n."

Intervjuar: "Men synes du det blir litt av det same, litt av den dra på greia? Ser du nokon parallellar?"

Informant: "Det er jo sjuke menneske. Det er jo klart, eg har jo prøvd på sjuke triks på hoppet som eg aldri har planlagt å lande, som eg berre har dratt heilt ut, sånn fight 'till the end liksom, heilt til du treff bakken, det rimelig hardt liksom."

Intervjuar: "For det handlar om å tørre, gjer det ikkje det, om å dra på?"

Informant: "ja selvfølgelig gjer det det og du får jo ikkje til noko om du ikkje tør. Du må jo pushe litt grenser, du må ikkje vere redd for å gjere alt mulig rart, då kjem du ikkje vidare."

At ein oppsøker fare berre for det å oppleve fare, provoserer mange både innanfor det tradisjonelle friluftslivet og elles i samfunnet. På *Fri flyt* sine nettsider kan vi lese ei historie om ein skikøyrar som har blitt redda etter skred, men som står i fare for å måtte betale redningsaksjonen sjølv:

"Dagen etter hadde me briefing med Røde Kors og lokalpressa. Deretter følgde mediestorm og fordømming av galningar som meg. Røde Kors kalla det heile ei solskinshistorie, fordi vennane hadde mine handla såpass profesjonelt. Politimeisteren fordømte laussnøkøyrarar generelt og tok til orde for ertstaningskrav mot meg." (www.friflyt.no)

Ved fleire høve har det vorte uttala frå redningsmannskap at frikøyrarar som vert tatt av ras må betale redningsaksjonane sjølve, då dei tek kalkulerte risikoar.

Som eg har synt forklarast mange av funna i freestyle-delen av materialet mitt betre med Birminghaminspirert teori enn med Bourdieu. Bourdieu sine teoriar om ein dominert kultur som ikkje skapar sine egne uttrykk stemmer ikkje med dei funna eg gjer. I staden fortel informantane mine om ei aktivt opponerande haldning til det tradisjonelle og til freeride. Analysen min syner at freestyleinformantane mine ikkje ynskjer å vere ein del av det tradisjonelle, men heller distanserer seg frå det gjennom kulturelle motstandsuttrykk. Ei slik opponerande haldning let seg betre forklare

gjennom teoriane til Birminghamskulen. Likevel vil den komande analysen min av makttilhøva i feltet vise at freestyle, på trass av opposisjonen dei syner gjennom kulturelle uttrykk, på mange måtar er ei dominert praksisform i feltet. I desse tilfella vil Bourdieu sine analyseverktøy enno vere relevante. Eg vil på denne måten late empirien vere styrande for analysen, og avgjere kva teorian som er egna som forklaringsmodellar. Dette tilhøvet mellom empiri og teori er prinsippet i den metodiske tilnærminga eg har valt – *grounded theory*.

7 KONFLIKT OG MAKT

I dette kapittelet vil eg vende tilbake til spørsmålet problemstillinga mi stiller: Kan ein i dag snakke om ein konfliktsituasjon mellom dei ulike praksisformene innanfor friluftslivet? Og korleis er makttilhøva dei imellom? Det første eg vil gjere er å prøve å gjere reie for om det finnst ein konflikt. Eg vil so sjå på korleis dei ulike praksisformene har ulike former for makt i feltet, og kva mogelegheiter dei har til å få ynskja sine igjennom i den eventuelle konflikten.

7.1 KONFLIKT I FELTET

I kapittel 5 legg eg fram to dimensjonar som markerer skilnader mellom praksisformene; aktivitet og natursyn. Det er i hovudsak langs desse dimensjonane eventuelle konfliktar utspelar seg. Her tek eg for meg dei to dimensjonane for seg, å undersøke kvar grunnlaget for ein eventuell konflikt ligg.

7.1.1 Konflikt knytt til aktivitetar

Den første dimensjonen i feltet er basert på at praksisformene i feltet er ulike med omsyn til kva aktivitetar ein driv med. Som eg delvis har vore inne på før, knyter det seg ikkje store konfliktar til sjølve aktivitetane. Innanfor det tradisjonelle gjev ein uttrykk for at ein tykkjer dei moderne aktivitetane er spanande og ei positiv fornying til eit felt som slit med manglande rekruttering. Samtidig er det element ved dei nye aktivitetane som letnar tilgangen til det som før var eksklusive naturområde med mykje symbolsk kapital knytt til seg, ved at ein nyttar eit teknologisk suverent utstyr. Dette er med på å skape noko irritasjon innanfor det tradisjonelle. Aktørar som tidlegare kunne sjå på seg sjølve som del av ein eksklusiv elite fordi dei beherska det å vere i ekstrem natur, har i løpet av dei siste åra fått selskap av ei mengd menneske med nymotens utstyr.

Det finst også ei oppriktig bekymring innanfor det tradisjonelle om at det suverene utstyret skapar ei form for falsk tryggleik hos dei som brukar det. Ein av informantane mine, ein veteran innanfor elvepadlemiljøet, kommenterer utviklinga av elvekajakkar slik:

Informant: ”I byrjinga var du glad berre det flaut. Det har ikkje vert så... men padling var jo ikkje så populært, det var berre dei som turte å holde på med det, og det er jo noko som er moderne no då, inn i tida det med ekstrem sport som alle på død og liv skal drive med... utviklinga frå du startar med padling då til du kjem opp på det og det nivået liksom er mykje, mykje kjappare i dag. Ein fordel med det er jo at ein som var kjempegod på midten av 90-tallet hadde vert ein middels padlar i dag. Du får ei sånn nivåheving. Men folk er jo mykje meir uforsiktige no. Det er liksom sånn at folk skal bli så gode så fort.”

Den same utviklinga går føre seg innanfor dei fleste aktivitetar. Nye typar ski og snowboard gjer det i dag mogeleg for middels gode utøvarar å stå ned fjellsider i puddersnø der det før var nærast umogeleg å ta seg fram. Mobiltelefonar, GPS og skredsøkarar, hjelmar og ryggplater, svært mange teknologiske og utstyrsmessige nyvinningar gjer at tryggleiken innanfor friluftslivet er ein heilt annan i dag enn for ti år sidan. Mange av informantane mine seier at det nye utstyret gjev folk ein falsk tryggleik, og at ein i tillegg til utstyr bør ha dei meir tradisjonelle kunnskapane om korleis ein skal te seg i krevjande natur.

I motsetjing til det tradisjonelle er utøvarane av dei moderne aktivitetane stort sett positive til tradisjonelle aktivitetar. Sjølv om fjellvandring og langrenn kan oppfattast som keisamt og gamaldags, er det berre ein av informantane som hevdar han vert direkte provosert av dei tradisjonelle aktivitetane.

7.1.2 Konflikt knytt til natursyn

Den andre dimensjonen der ein finn skilnader mellom praksisformene er natursyn. Her vert det teikna eit anna og meir alvorleg konfliktbilette enn det vi såg i diskusjonen om aktivitetar. Dei to natursyna på feltet – det abstraksjonsorienterte og det praktisk, produksjonsorienterte – er ulike, på enkelte punkt svært ulike. Dette inneber mellom anna at det i nokre tilfelle ikkje er rom for at alle aktørar kan realisere ynskja sine innanfor det same feltet. Bruk av naturen slik aktørane med eit praktisk, produksjonsorientert natursyn ynskjer, vil i mange tilfelle øydelegge grunnlaget for den abstraksjonsorienterte opplevinga. Eit sitat frå ein av informantane mine kan illustrere:

Informant: ”Altso den måten som vi er på i naturen er jo heilt spesiell. Og det spesielle forsvinn jo då viss ein skal ha scooterar susande rundt seg heile tida. Eller skiheisar og gondolar rundt øyra. Heile poenget er jo at ein skal ut i naturen, kome seg vekk frå det der! Då forsvinn jo heile vitsen liksom.”

Konflikten mellom natursyna utspelar seg på fleire område i feltet. Dei tydelegaste konfliktområda er kanskje knytt til diskusjonane om motorisert ferdsle, om utbygging av installasjonar og om anna tilrettelegging i utmark. I desse diskusjonane er det abstraksjonsorienterte opptatt av å halde menneskelege inngrep i naturen på eit lågt nivå. På den andre sida vil dei praktisk, produksjonsorienterte tillate mykje større inngrep. Eg vil i det følgjande ta for meg eit eksempel på ein konkret konflikt mellom dei to natursyna: diskusjonen om heliskiing. Drøftinga av konflikten vil gje eit inntrykk av korleis dei to natursyna argumenterer på feltet, og mykje av det ein seier om heliskiing vil kunne vere representativt for andre debattar innanfor feltet.

7.1.3 Heliskiing

Heliskiing er ein fellesnemnar for det å verte frakta opp på ein fjelltopp eller til eit fjellområde med helikopter for å stå ned att på ski eller snowboard. Internasjonalt er det og vanleg å nytte helikopter til andre relaterte formål som å frakte basehoppalar til hoppunktet eller elvepadlarar til put-in i ei vanskeleg tilgjengeleg elv. Ulike former for helilift har på denne måten blitt svært populært innanfor den internasjonale freeridekulturen³², men heliskiing er i særstilling når det gjeld omfang. I Alpane og kanskje særleg i USA og Canada er heliskiing svært vanleg, men det vert tilbode i store deler av verda der det er fjell og snø; ein kan og oppleve heliskiing mange ulike stader i Sverige. I Noreg er heliskiing derimot forbode ved lov.

Det enkelttema som har blitt diskutert mest i feltet den seinaste tida er truleg heliskiing. Debatten omkring helikopterbruk har vore synleg og til dels oppheta i media knytt til feltet (særleg i *Fri flyt*) og har også vore på dagsorden i samfunnet utanfor særorgana til friluftslivet. Då eg snakka med informantane mine om konflikhtar i friluftslivet, var heliskiing det som oftast vart trekt fram. Når eg no skal diskutere

³² Freeride her nytta på ein annan måte enn mitt kategorinamn freeride. Sjå fotnote 20.

konflikten mellom det abstraksjonsorienterte og det praktisk, produksjonsorienterte er heliskiing er eit idéelt eksempel å nytte då det på ein særeigen måte oppsummerar kva konflikten egentleg handlar om og korleis aktørane på båe sider tenkjer. Først vil eg ta for meg korleis ein ser på heliskiing innanfor det praktisk, produksjonsorienterte.

Aktørar med eit praktisk, produksjonsretta natursyn ser på helikopterbruk som eit flott hjelpemiddel til å kome seg til område der ein får store utfordringar i urørd natur. Utfordringane aktørane er ute etter, er knytt til nettopp det at naturen er lite tilrettelagd og difor uforutsigbar og gjev plass til improvisasjon. I motsetjing til i det abstraksjonsorienterte er det ikkje urørd natur i seg sjølv som først og fremst er positivt, det urørte vert først positivt når aktøren direkte kan ta det i bruk. Difor kan ein tillate seg å øydelegge noko av det urørte (luftrommet over fjellet og stilla i området) slik at aktøren kan få oppleve andre sider ved det urørte (den urørte puddersnøen og ei fjellside med naturlege hinder som steinar, stup og skog). Ein av informantane mine som var tilhengar av heliskiing i Noreg sa dette om kvifor ho likar å kome seg litt vekk frå dei preparerte løypene:

Intervjuar: "Kva er dei beste forholda du kan tenke deg då?"

Informant: "Kanskje... pudder er jo sjølvst det beste. Og ein bra, no tenker eg på pudder utanfor løypene, ei bra rute med litt drops³³ og, det er ikkje kjempeskummelt men det går fort og det kiler i magen og det er masse snø og ein køyrer saman med kule folk (smiler)."

Intervjuar: "Så det beste er utanfor løypene... skal det vere litt sån urørt då eller?"

Informant: "Ja heilt klart, det er... Det er ikkje så kult når du kjem til ein stad og det er masse spor, det blir ikkje det same. Det er det der med urørt snø og, du veit jo sjølv kor digg det er å køyre pudder (ler). Og så blir det meir spennande når du ikkje heilt veit kva som er bak det treet liksom, det er ikkje som ei preppa løype der du veit alt."

Det urørte er positivt, seier informanten. Alt for mykje tilrettelegging er negativt. Då forsvinn magien ved det uforutsigbare. Men ho vil ikkje slite alt for mykje for å

³³ Frå engelsk *drop*. Vert brukt innanfor snowboard, ski, sykling, padling osv om ein kant eller lite stup der ein kan sette utfor.

oppleve det. Helikopter er difor eit godt hjelpemiddel for å oppleve det ho vil ha; ei fjellside utan sikra stup, rydda skog, heisar og spor etter trakkemaskiner.

I motsetjing til dette synet står informantane mine innanfor praksisformene det tradisjonelle og freeride, der alle motstandarar av heliskiing. Naturforståinga dei har gjer det umogeleg å nytte eit helikopter for å oppleve natur. Det vil vere meningslaust for dei å bli tatt opp på ein fjelltopp for å nyte utsikta om ein veit at ein har fått hjelp frå ein motor til å nyte den. Opplevinga er ikkje berre den fysiske utsikta – den inkluderer også kunnskapen om at det ein ser er heilt urørd natur, og at ein nyt den utan å øydelegge det urørde.

Ein av informantane mine ordlegg seg slik når eg presenterer han for førestillingssituasjonen³⁴ i intervjuguiden og spør om ei slik oppleving hadde øydelagd heile turen:

Informant: ”Nei ikkje øydelagt heile turen, men det at dei tok førstesporet hadde irritert meg noko grønnjævlig. Eg hadde nok kanskje snudd for å ta førstesporet. Men eg hadde vel tenkt ”Eg e jo betre enn dei for eg ha gått opp.” Men du veit jo egentleg at dei gjev jamt F i det. Kven er det som kjem til å bruke heliskiing, jau dei som er rike. Og kven er det som er rike? Kombinasjonen av rik og friluftsentusiast, det går ikkje i hop. Majoriteten av dei som kjem til å bruke helikopter, har ikkje så mange dagar i naturen. Dei er ikkje gode nok. Det er ikkje so mykje det med sikkerheit, men du hadde fått heilt skeiv fordeling. Eg synest ikkje ein hadde fortent å kome på toppen rett og slett, men det e jo nesten eit religiøst synspunkt.”

Informanten konkluderer med at han ikkje tykkjer nokon fortener å kome til ein topp utan å gå dit sjølv. Om ein skal nyte norsk natur, skal ein gjere seg fortent til det. Ein av kjerneverdiane i det tradisjonelle friluftslivet kjem til syne hos informanten: ein skal ha enkel tilrettelegging og gjennom slit gjere seg fortent til lønna ein får.

³⁴ Førestillingssituasjonen i intervjuguiden er slik: ”Du er på fjelltur på vinterstid. Du har bestemt deg for å nå ein strabasjøs topp denne dagen, og lagt ut grytidleg for å få det meste ut av dagen. Etter mange timar med tung marsj åleine i urørt og vakker natur ser du målet nærme seg. Med eitt høyrer du motorlyd bak deg og du ser eit helikopter som ser ut til å ha same mål som deg. Helikopteret passerer deg og landar på toppen av tinden, slepp av 4-5 menneske og flyg tilbake. Menneska kjem i stor fart mot deg, utstyrt med snowboard og alpine ski. I det dei passerer deg ropar og skrik nokon av glede, medan ein av dei har på seg svære hovudtelefonar. Eit par av dei nikkar til deg medan dei andre berre køyrer forbi.” (For heile intervjuguiden, sjå vedlegg 1)

Ein av informantane mine som er tilknytt DNT har ikkje tru på at heliskiing nokon gong kjem til å kome til Noreg, trass i at det er stort innanfor freeridekulturen i utlandet:

Intervjuar: "Men eg tenkjer og på det at scooter og helikopter er viktig del av den internasjonale skikulturen..."

Informant: "Men no ha jo ikkje vi ein sånn natur her då. At det vil presse seg fram..."

Intervjuar: "Trur du ikkje?"

Informant: "Nei. Eg trur ikkje det altså. Då vil det vere meir berre sånn at sånn gjer vi det. For ikkje har vi so høge fjell, og vi har mindre og lågare fjell, og sånn sett er det meir realistisk at du skal få gode opplevingar utan motor."

Intervjuar: "Men det er jo marknad for heliskiing i Sverige."

Informant: "Men det med i Sverige, dei ha jo liksom eitt fjell, stakkarane og det med blir jo litt sånn, dei har jo i eitt og alt kjørt veldig europeisk, Noreg er jo meir sånn uansett kva det gjeld at vi prøvar å køyre meir sånn lokal tradisjon og ikkje har den bindinga mot Europa, det har vore den norske måten å drive på. Nei eg ser ikkje at den dagen kjem at det er fri tilgang i nasjonalparkane for scooter og helikopter, nei det trur eg ikkje på altso. Det ein har sett av norske, altso den norske avarten av den freeridekulturen, er jo at dei, dei har liksom tatt inn over seg det her med at vi går opp. Dei ha jo liksom tatt det inn over seg."

Det er ikkje marknad for heliskiing i Noreg, i følgje informanten. I Noreg har freeridekulturen tatt vare på arven frå det tradisjonelle friluftslivet. Det informanten seier om at den internasjonale kulturen har funne si eiga norske form, stemmer godt overeins med målsetjinga styresmaktene legg opp til i Stortingsmelding 39 om friluftslivet (Miljøverndepartementet 2001). Der ynskjer ein dei nye trendane i friluftslivet velkomen, så lenge dei ikkje bryt med dei tradisjonelle norske krava om eit naturvenleg og ikkjemotorisert friluftsliv. Det at frikøyrarar i Noreg har sin eigen tilpassa variant av den internasjonale frikøyrarkulturen stemmer også med dei funna

Bischoff & Odden (2003) gjer, der dei finn klare teikn til kontinuitet mellom det tradisjonelle og det nye friluftslivet, særleg på haldningsplanet.

Likevel er det mykje som tyder på at om ein hadde fått starte med heliskiing i Noreg ville ein ikkje hatt problem med å fylle helikoptera. Alle informantane mine med ei freestylebasert praksisform var tilhengjarar av heliskiing, fleire av dei var glødande opptatt av det. I samband med at eit amerikansk filmselskap vart nekta løyve til å frakte filmutstyr og skikøyrarar opp på toppar i Lyngsalpane vinteren 2004 gjekk ein oppheta debatt på forumet til nettsida som høyrer til magasinet *Fri flyt*. Ei enkel opteljing av status i debatten 24. mars 2004 synte at 64 innlegg argumenterte for at selskapet skulle få løyve til heliløft, 16 innlegg argumenterte imot og fem var nøytrale saksopplysningar (www.friflyt.no). Nyare forskning syner at støtta heliskiing har hos ungdom generelt er stor. Slik eg nemnde i kapittel 2 syner Vorkinn mfl. at kun 27% av respondentane mellom 15-24 i undersøkinga deira meiner heliskiing bør fortsette å vere totalforbode i Noreg (Vorkinn mfl. 2000:43-44). Det har og blitt gjort spede forsøk med heliskiing i Noreg. Til begeistring for mange frikøyrarar fekk ski- og snowboardinteresserte i ein avgrensa periode vinteren 2004 bli løfta til fjelltoppar i pudderparadiset Røldal for 300 kroner. Miljøsjefen i Odda gav løyve fordi det var pressefotografar med i helikopteret, og målet med helikopterflyginga var profilering (www.friflyt.no).

7.1.4 Andre konkrete konflikter i feltet

Debatten om heliskiing er ikkje det einaste eksempelet på konkrete konflikter som kjem av dei to motstridande natursyna. Informantane uttrykte tilsvarande natursynavhengige synspunkt i høve til alle andre former for motorisert ferdsle i utmark. Ein del av informantane frå freeride og det tradisjonelle var noko meir liberale til scootertrafikk enn det dei var til helikoptertrafikk, men tendensen er at dei kjempar for strenge restriksjonar også her. På den andre sida var informantane frå freestyle for ei kraftig oppmjuking av lovverket på området. Når det gjeld meir konkret tilrettelegging for aktivitetar i utmark teiknar dei same konfliktlinjene seg opp. Utbygging av heisanlegg, vegar og parkeringsplassar ved padleelver, stiar og hopp for terrengsykling; i alle tilfella er trenden i materialet mitt at ein er positiv innanfor freestyle, men motstandarar innanfor det tradisjonelle og freeride.

I den komande analysen av makttilhøva i feltet tek eg utgangspunkt i debatten kring heliskiing då den har vore den mest uttalte i den siste tida. Ved å konsentrere meg om berre ein konflikt slepp eg å presentere nye argument for kvar konflikt. På denne måten får eg kanskje retta merksemda meir mot tilhøva aktørane imellom, og dei strukturane som er bestemmande for korleis dei ter seg i feltet, enn mot sjøve konflikten. Dei konklusjonane eg gjer om makttilhøve og samhandling mellom aktørane vil truleg kunne overførast til dei andre konkrete konfliktane som finst i friluftslivsfeltet, fordi argumentasjonen er svært lik frå diskusjon til diskusjon. Det abstraksjonsorienterte seier i alle diskusjonar at ei liberalisering og mindre vern vil føre til at naturoppleving vert øydelagd, medan det praktisk, produksjonsorienterte seier at ei liberalisering og tyngre bruk av naturen må til for at ein skal få den opplevinga ein ynskjer.

7.2 MAKT

Eksempelet heliskiing syner at det finst element ved dei to natursyna som vanskeleg kan kombinerast i feltet. Ein ser difor ein maktkamp gåande der aktørane prøver å få gjennom sitt syn. I den følgjande analysen vil eg syne at det finst teikn som kan tyde på at denne kampen vert ført mellom dominerande og dominerte aktørar.

7.2.1 Symbolsk makt – symbolsk vald

Symbolsk makt og symbolsk vald er omgrep Bourdieu nyttar for å skildre korleis både dominerande og dominerte aktørar innanfor eit felt opprettheld status i ein situasjon berre dei dominerande aktørane nyt godt av. Symbolsk makt er knytt til symbolsk kapital. I kapittel 6 var eg inne på korleis dei ulike kapitalformene til Bourdieu til saman utgjer symbolsk kapital. Den symbolske kapital i eit felt vert gjennom statusen den har ein naturleggjord del av den doxale strukturen på feltet. Dette tyder at ingen aktørar i feltet set spørsmålsteikn ved den symbolske kapital, fordi den vert oppfatta som naturleg. Dei aktørane i feltet som nyt godt av den symbolske kapitalen har det Bourdieu kallar symbolsk makt i eit felt. Dette er ei makt verken dei sjøve eller andre i feltet ser på som makt, men som ein naturleg del av korleis feltet er bygd opp. Når aktørane med symbolsk makt nyttar denne makta for å få gjennom eigne interesser kallar Bourdieu dette for symbolsk vald. Grunna at både

den symbolske kapital og den symbolske makta er ein del av doxaen på det aktuelle feltet, er heller ikkje symbolsk vald ein prosess som aktørane er medvitne, verken dei dominerande eller dei dominerte.

I den maskuline dominans (Bourdieu 2000) peikar Bourdieu sjølv på den makta menn har over kvinner som eit eksempel på symbolsk makt. I det franske samfunnet er denne makta naturleggjord og akseptert av både dei dominerande mennene og dei dominerte kvinnene som *naturlege tilhøve*. Det at både den dominerande og den dominerte aksepterer tilhøva er ein sentral del av det Bourdieu vil få fram. Dette kallar han ”*det paradoksale ved doxa*” (Bourdieu 2000:9). Målet med forskning vert å avdekke desse strukturane, og:

”å la *doxaen* få tilbake sin paradoksale karakter, og samtidig analysere de prosessene som ligger bak omforminga av historie til natur, av den kulturelle vilkårlighet til *naturalighet*.” (Bourdieu 2000:10, forfattern sine kursiveringar.)

Å la doxaen få tilbake sin paradoksale karakter, er å synleggjere maktstrukturane på eit felt. Når både dei dominerte og dei dominerande aktørane ser desse strukturane, vert dei medvitne korleis ein type aktørar har makt over ein annan. Ved hjelp av Bourdieu sine omgrep vil eg syne korleis det abstraksjonsorienterte kan seiast å ha symbolsk makt.

I eit forsøk på å syne den symbolske makta det tradisjonelle har på feltet vil eg vise til eit sitat med ein av freestyleinformantane mine:

Informant: ”Heliskiing er jo alle sin store draum. Det var jo berre dumt at eg ikkje gjorde det i Canada, men det har eg ikkje diskutert med så mange for det er jo ikkje så aktuelt, men eg trur nok at veldig mange av oss kunne ønska oss på ein måte ei restriktiv form for heliskiing. At ein heller kunne ofra litt av den stillheita då for å kunne få oppleve heliskiing. Men no talar jo eg på vegne av meg sjølv. Men nei det kan ikkje vere helt fritt fram, det hadde gått litt over stokk og stein, eg skjønner konflikten mellom det at dei andre skal få seg ein fin tur i fjellet, og at det nok ville bli et problem med helikopter susande over heile tida, men no er eg vel sopass egoistisk at eg ville ofra litt fred for skigåarane for å få meg ein tur på heliskiing.”

Eg er vel såpass egoistisk at eg ville ofra litt fred for skigåarane, seier informanten og argumenterer for ei restriktiv form for heliskiing. Han ynskjer likevel å avgrense tilbodet, men ikkje av omsyn til seg sjølv. Han vil ikkje at dei som driv med eit tradisjonelt friluftsliv skal få øydelagt sine opplevingar. Dette synet om at heliskiing bør vere lov, men underlagt restriksjonar, er felles for alle informantane mine frå praksisforma freestyle. Sjølv om dei enkelte informantane av omsyn til seg sjølve ikkje har noko i mot eit frislepp av helikoptera, meiner dei det bør vere restriksjonar på aktiviteten for å ta omsyn til dei som vert uroa av det.

I opposisjon til denne haldninga står informantane frå dei andre to praksisformene; freeride og det tradisjonelle. Ein av dei, som tidlegare har jobba i DNT, svara dette på spørsmål om kva han meinte om heliskiing:

Informant: "Det der er Turistforeningen veldig bevisst på. Det er vel ikkje så mange som er så bevisst på det som dei. Den organisasjonen fyller jo den rolla. Med nødvendighet, vil eg seie. Eg meiner det er svært viktig at DNT klarar å stoppe det. For eksempel i Finnmark, der er det store problem i form av innbrot frå scooterar, og det lagar jo utruleg mykje bråk. Når det ikkje har vert nødvendig inntil 2002 kan det ikkje vere nødvendig no. Viss det skal vere turisme kan du jo seie at Noreg er gode på stillheit. Det er større problem å finne områder med god infrastruktur og gode snøforhold der det er stille. Og det er noko genuint vi har og da synes ikkje eg det er verdt å øydelegge det. Dei som iler for det, for å trekke til seg turisme, skjønner nok ikkje konsekvensane av det."

Intervjuar: "Trur du det ligg ei haldning i DNT at viss du skal gå på eit fjell så skal du gjere deg fortent til det og?"

Informant: "Ja heilt klart. Det trur eg og det... det er vel litt av DNT sin natur å mene det."

Intervjuar: "So det er ikkje for alle å vere på Storen for eksempel?"

Informant: "Nei det er ikkje det. Og det var jo ei sak med ein handikappa fyr i rullestol som hadde søkt om å gå på Galdhøggpiggen, og det blei avslått trur eg. Det er farlig å seie så mykje om det men du sit i rullestol og då er det ting som ikkje er tilgjengelige. Konsekvensen av å gjere det tilgjengelig er jo ganske dramatisk då. Men akkurat Galdhøggpiggen, fordi

det er Noregs høgaste fjell, so kunne ein jo laga til et sånt rullefortau som ein har på kjøpesentera, so folk kunne kome seg opp... (gliser) eller so kan ein la vær.”

Informanten er ikkje viljug til å gå inn for noko slags oppmjuking av dei norske lovene som avgrensar motorisert ferdsle i utmark. Han argumenterer med at det må finst område i verda der det er mogeleg å oppleve stille og urørd natur, og at Noreg bør vere eitt av dei. Ein annan av informantane mine meiner dei som er tilhengarar av heliskiing ikkje har eit gjennomtenkt tilhøve til saka:

Informant: ”Dei som er for dette har nok ikkje tenkt skikkeleg gjennom konsekvensane av det dei meiner, trur eg. Det står for meg som ein svært umoden idé.”

Denne kompromisslause haldninga ovanfor heliskiing er svært typisk for informantane mine frå det tradisjonelle og freeride. To av dei meiner det finst gode distriktpolitiske argument for å godta avgrensa scooterturisme, men som eg før har nemnt er alle heilt imot heliskiing i Noreg. Dei er ikkje viljuge til å tillate heliskiing i det heile i Noreg, ikkje ein gong i avgrensa område eller avgrensa tidsperiodar.

Det at informantane innanfor freestyle nesten orsakar seg for at dei er tilhengarar av ei avgrensa form for heliskiing i Noreg er eit uttrykk for den symbolske makta det abstraksjonsorienterte natursynet har på feltet. Sjølv om heliskiing er svært vanleg i store deler av verda, er dei norske tilhengarane redde for å øydeleggje for andre når dei har ynskje om å drive med aktiviteten. Noko av forklaringa på sjølvoppofringa vi ser innanfor praksisforma freestyle kan nok ligge i at det tradisjonelle friluftslivet der ein fokuserer på det urørde og det stille har særleg mange utøvarar i Noreg, og at ein difor kanskje øydelegg for fleire her enn i andre land om ein tillet heliskiing. Likevel kan det verke som om Bourdieu sine skildringar om eit *doxa* som både dei dominerande og dei dominerte aktørane på eit felt aksepterer, passar godt til å forklare utsegnene til informantane mine. Trass i at informantane mine ynskjer å drive med heliskiing, respekterer dei det abstraksjonsorienterte til dei grader at dei kjem med utsegner som:

Informant: ”...men no er eg vel sopass egoistisk at eg ville ofra litt fred for skigåarane for å få meg ein tur på heliskiing.”

eller:

Informant:” Det er eit veldig vanskelig spørsmål. Det er jo klart, det øydelegger jo for dei som vil gå på dei toppane, men kanskje vi kunne få nokon få toppar, for dei som går på tur har jo resten av landet og det er jo ganske masse fjell i Noreg.”

Det kan verke som at informantane mine legg lokk på sine egne ynskje i møte med ”det korrekte” synet på feltet, nemlig at det er feil å drive med heliskiing i Noreg. Dei tek store omsyn til det abstraksjonsorienterte, og ber om å få ein liten del av naturen i Noreg til å drive med aktiviteten sin i. På trass av at dei gjennom kulturuttrykk syner at dei står i opposisjon til det tradisjonelle og freeride slik eg synte gjennom teoriane til Birminghamskulen, respekterer dei det abstraksjonsorienterte natursynet.

Informantane frå det tradisjonelle og freeride tillet seg ei mykje meir avvisande og kompromisslaus haldning ovanfor det praktisk, produksjonsorienterte natursynet. Dei har inga forståing for at ein bør dele noko av naturen i Noreg med dei som har andre interesser enn seg sjølv. Dette kan nok forklarast med at haldningane informantane mine uttrykkjer har så stor symbolsk makt på feltet at dei er sikre på at dei har rett. Det naturlege i norske fjell er i følge doxa eit ikkje-motorisert friluftsliv. Å nytte scooter eller helikopter i naturen strid med doxa, og er rett og slett unaturleg. Difor kan informantane med eit abstraksjonsorientert natursyn vere kompromisslause utan at det vert oppfatta som arrogant, medan tilhengarane av ei avgrensa form for heliskiing som i praksis ikkje går ut over særleg mange kanskje vert oppfatta som kravstore, umodne og urealistiske. Den arrogansen ein syner innanfor det tradisjonelle og freeride kan på denne måten sjåast på som symbolsk vald, fordi den ikkje vert oppfatta som noko overgrep verken av overgriparen eller offeret.

7.2.2 Konsekvensar av doxa

I det følgjande vil eg sjå til tre maktområde – media, forskning og styresmakter – på feltet for å kaste lys over korleis doxa har makt over dei som kan påverke lovgjeving.

Media

Fri flyt kan sjåast på som det fremste mediet innanfor den norske frikøyringskulturen.³⁵ Redaksjonelt er det tydeleg at magasinet heller mot eit abstraksjonsorientert natursyn i saker der norsk utmarkspolitikkk vert diskutert. Ein har uttalt seg på leiarplass mot utbygging av heisanlegg og mot heliskiing, og 1. april 2004 vart denne tungt ironiske aprilspøken lagt ut på nettsidene deira:

”Frekkere Fri Flyt satser på motorsport

Fra og med sommernummeret kommer Fri Flyt til å satse på motorsport. Snøscootere, fete friehjulstrekkere, motocross og helikopterstoff kommer til å oppta en stor andel av bladet i fremtiden. Nå kan DU kan vinne heliskiingtur!

– Slektskapet mellom friluftsliv og motorsport blir stadig tettere. I tillegg ser vi hvor stor vekst det er i markedet for motorsportblader, sier redaktør Erlend Sande. Han forteller at magasinet lenge har lekt med tanken om å inkludere motorisert morro i magasinet, men først nå tar redaksjonen skrittet ut. I neste nummer kommer blant annet en større test av rimelige, motorsterke firehjulstrekkere.

– Vi tror leserne våre vil være interessert i mer stoff om terrenggående kjøretøy. I tillegg vil vi legge vekt på mye helikopterstoff. Vi har lenge skrevet om topturer, og det er jo en kjensgjerning at den raskeste veien til topps går ved hjelp av rotor.

I forbindelse med at Fri Flyt flytter til Oslo denne sommeren, vil det også bli lagt mye sterkere vekt på ”frekke” bilder og mere kjendisstoff.

Magasinet vil bli noe mer ”markedsrettet” for å tiltrekke seg flere lesere.

– Vi skriver jo om kroppslig aktivitet, og da er det bare naturlig at vi i sterkere grad fokuserer nettopp på flotte, veltrente kropper. Ikke minst kvinnekropper, sier Sande.

- Omleggingen av Fri Flyt markeres med at ti av våre lesere vinner en dag med heliskiing på Gaustatoppen.” (www.friflyt.no)

³⁵ Det finst andre publikasjonar innanfor frikøyringskulturen som skate-, snow- og surfmagasinet *Playboard*, skate-, snow- og surfmagasinet *Fjøl*, ekstremsportmagasinet *Ultrasport*, *Adrenalin*-redaksjonen i NRK, og diverse små magasin for terrengsykling, klatring, elvepadling med meir. *Fri flyt* står fram som det magasinet som snakkar til heile kulturen på tvers av aktivitet, og som har hatt mest regelmessige utgjevingar og halde på lengst innanfor feltet.

I tillegg til å gje hovudkonkurrenten *Ultrasport* eit spark for deira satsing på å ha bilete av lettkledde ekstremportsutøvarar på framsida av magasinet sitt³⁶, slo redaksjonen i *Fri flyt* med denne aprilspøken for alvor fast kvar dei står i diskusjonen om motorisert ferdsle i utmark. I ei tid der det gjekk føre seg fleire debattar knytt til natursyn, og særleg om heliskiing, valde redaksjonen tydeleg side. At det viktigaste mediet innanfor feltet har eit så tydeleg standpunkt i det som kanskje er det viktigaste stridstemaet innanfor feltet er nok med på å oppretthalde rådande doxa. *Fri flyt* set som viktigaste medium på feltet dagsorden, og påverkar nok aktørane på feltet med dei redaksjonelle meiningane sine.

Forsking

Bourdieu har eit kompromisslaust tilhøve til forsking på samanhengen mellom maktstrukturar på eit felt og doxa. Om ein som forskar ikkje tek omsyn til at aktørar er påverka av doxa når ein tolkar ein aktør sine handlingar i feltet vil ein ikkje kunne få fram dei løynde strukturane som påverkar desse handlingane. Når ein går inn i eit felt for å forske må ein i følgje Bourdieu tenkje *para-doxalt* (Bourdieu 1996). Ein må fri seg sjølv frå den doxale tenkinga, og syne korleis doxa påverkar aktørane, både dei undertrykte og dei undertrykkande. Bourdieu sin teori vert på denne måten ein kritikk mot all forsking som ikkje gjer det til si oppgåve å synleggjere det para-doxale ved doxa. Problemet med ei slik forståing av forsking er at den føreset at ein aksepterer Bourdieu sin idé om doxaen og maktstrukturane sin eksistens på alle felt. Om ein ikkje aksepterer omgrepsapparatet til Bourdieu kan ein berre avfeie kritikken ved å seie at det ikkje finst noko løynd doxa innanfor feltet ein studerer.

Om ein likevel aksepterer Bourdieu sitt utgangspunkt, vil mykje av forkinga som har blitt gjort på friluftslivet kunne kritiseras for ikkje å ta nok omsyn til måten doxaen påverkar aktørane. Vorkinn mfl. (2001) og Bischoff & Odden (2003), som snakkar om kontinuitet mellom frikøyrarar og det tradisjonelle, tek ikkje opp til vurdering dei undertrykkande strukturane som gjer at aktørar med eit praktisk, produksjonsorientert natursyn nedtonar haldningane sine fordi dei har låg symbolsk kapital på feltet. Om ein skal nytte Bourdieu si forståing, ser ikkje forskarane fullt ut

³⁶ *Ultrasport* hadde ei svært omdiskutert framside der kulekøyrar og vinnar av kåringa Noregs mest sexy kvinne Kari Traa var avbilda kun med ein beskyttelsesvest på kroppen. Dei har og for vane å trykke bilete av lettkledde og atletiske kvinner og menn inne i bladet.

gjennom doxaen. Difor klarar dei ikkje fullt ut å forstå maktstrukturen mellom aktørane på feltet.

Når eg diskuterer Bjørn Tordsson i kapittel 4 konkluderer eg med at forskinga til Tordsson set friluftslivet i ei særstilling det ikkje bør ha om ein skal forske. Tordsson hevdar at eit særtrekk ved det tradisjonelle friluftslivet er at det møter aktørane med ein *naturleggjord* illusjon om at det er *naturleg*. På denne måten går Tordsson langt, men ikkje heile vegen som skal til for å avdekke doxaen på feltet. Der Tordsson bommar, om ein skal følgje Bourdieu, er der han hevdar at det å vere naturleggjord som noko naturleg er eit særtrekk for friluftslivet. Ved å gjere dette mistar han av syne dei prosessane som går føre seg innanfor alle felt, også friluftslivsfeltet, mellom naturleggjorde habitus og den symbolske kapitalen dei ulike habitus knyter til seg. Tordsson syner oss altså at friluftslivet er ei kulturelt bestemd form for praksis i natur, men det at han set friluftslivet i ei særstilling fører til at han bremsar og tek ikkje fullstendig steget over i den para-doxale analysen.

Styresmakter

Styresmaktene gjev i Stortingsmelding 39 (Miljøverndepartementet 2001) si offisielle meining om korleis friluftslivet i Noreg skal vere. Som tidlegare nemnt i denne oppgåva er stortingsmeldinga skeptisk til motorisert ferdsle i utmark. Stortingsmeldinga er inga objektiv framstilling av situasjonen i friluftslivsfeltet, noko den heller ikkje utgjev seg for å vere. Den er meir ei normativ oppteikning av korleis styresmaktene ynskjer at friluftslivet skal bli. Ynskja til stortingsmeldinga er heilt i tråd med det abstraksjonsorienterte natursynet og er på denne måten med på å forsterke rådande doxa i feltet.

Det kan likevel vere noko overraskande at Stortingsmeldinga er så streng i høve til motorisert ferdsle, då statistikk syner at eit stort fleirtal av befolkninga har haldningar som peikar på at dei ynskjer ei oppmjuking av lovverket. (Vorkinn mfl. 2000. N=918, undersøkinga gjort i Trøndelagsfylka). Statistikken stammar frå berre ein landsdel, men tala er tydelege. I ein meir demokratisk prosess ville kanskje politikarane forma stortingsmeldinga meir etter folk sine ynskje. Likevel; det abstraksjonsorienterte natursynet er som eg har synt knytt til betydelege mengder symbolsk kapital på feltet, og politikarane respekterer dette. Margrete Skår hevdar at styresmaktene sine haldningar til korleis friluftslivet bør vere syner at ein kan skilje mellom eit ”*politisk korrekt*” og eit ”*politisk ukorrekt*” friluftsliv i Noreg (Skår: 149

2003). Dei aktivitetane som fell innanfor praksisforma freestyle er mellom dei Skår kallar ukorrekte.

7.2.3 Freestyle og aversjon mot maktstrukturar

Om ein ser til dei tradisjonelle politiske maktarenaene i samfunnet vårt og korleis dei ulike natursyna hevdar seg, vil ein nok finne at det abstraksjonsorienterte natursynet er godt representert, medan det praktisk, produksjonsorienterte gjer seg mindre gjeldande. Det tradisjonelle friluftslivet i Noreg har mange sterke organisasjonar knytt til seg, der den største er DNT. Gjennom *Friluftslivets fellesorganisasjon* utgjer friluftslivsorganisasjonane ein sterk lobby som talar det abstraksjonsorienterte si sak når avgjerder for utmarksbruk skal takast. Mange av informantane mine frå det tradisjonelle har eit aktivt organisasjonsliv der dei mellom anna kjempar for å oppretthalde strenge lover som regulerer motorisert ferdsle. Mange av dei gav under intervju uttrykk for at dei kjenner maktstrukturane i det norske samfunnet godt, og veit korleis dei skal påverke for å få gjennom meiningane sine.

Innanfor praksisformene freestyle og freeride er situasjonen ein annan. Ein av informantane mine formulerte seg slik om dei to praksisformene og organisering:

Informant: "Det har jo blitt sagt ein del om at det er det at ein ikkje har dei tunge, trege organisasjonane som er det som gjer den greia her så populær. Vi slepp å forholde oss til ein svær organisasjon der vi må gjere det og det og ha det og det synet på alle ting. Vi kan berre chille i bakken liksom, hehe"

Som eg har nemnt tidlegare og som sitatet er eit eksempel på, er mykje av skepsisen informantane frå freeride og freestyle uttrykkjer mot det tradisjonelle tufta nettopp på at det er for organisert. Om vi ser til teoriane frå Birminghamskulen (Hebdidge 1979, Willis 1978), peikar dei på ein ekstra dimensjon ved organiseringsvegringa vi finn, særleg innanfor freestyle. Slik eg har diskutert tidlegare gjev denne teoretiske skulen ei noko anna forståing enn den Bourdieu har om korleis aktørar som vert dominerte ter seg i høve til det etablerte. Dei legg vekt på at slike aktørar formar sine eigne subkulturar som står i opposisjon til det etablerte, ved å uttrykkje kulturell motstand mot det rådande synet i eit samfunn. Aktørane innanfor subkulturane nektar å godta dei prinsippa den dominante kulturen set for korleis debatt og meningsytring skal gå

føre seg på feltet, og nyttar difor ei alternativ form for meningsytring – alternative kulturelle uttrykk – for å seie seg ueinige med den etablerte orden.

Ser vi til friluftslivsfeltet i Noreg, vil praksisforma freestyle kunne sjåast som eit eksempel på ein subkultur slik Birminghamskulen skildrar den. Informantane innanfor praksisforma har eit anna natursyn enn det som er dominerande i feltet. Difor uttrykker dei avstand frå det, mellom anna ved å nekte å ta del i debatten på det etablerte sine premissar. Dei vel organisasjonsvegring som ei protestform i ein kontekst der organisasjonar er viktige aktørar. Om freestyle-subkulturen hadde danna sin eigen sterke organisasjon³⁷ og kjempa for interessene sine gjennom den ville dei ha akseptert storsamfunnet sine premissar for korleis ein offentleg debatt skal gå føre seg.

Det å stå på utsida av den offentlege debatten har sin pris. Sjølv om freestyle har eit høgt potensielt medlemstal og dermed kunne fått makt i ein demokratisk prosess, kjem ikkje budskapet fram når ein ikkje organiserer seg. Ein av informantane påpeikte nettopp dette i sin eigen analyse av kva konsekvensar organiseringsvegringa har:

Informant: ”Eg trur det er ei utfordring det her med ressursar då, det fordølar millionar av kroner som er øyremerka ungdom og friluftsliv eller idrettstiltak. Så har du ein vanvittig stor del av ungdommen som ikkje er medlem av ein einaste idrettsorganisasjon eller einaste friluftorganisasjon, som likevel tilbringer kvar helg på fjellet, eller kvar dag, sånn skating og sånn. Det er liksom sånn, det er om lag 300 hoppanlegg i Noreg som vedlikehaldast for offentlege midlar i dag, og det vart selt 300 par hopparki, eitt per anlegg, og det er ganske store summer som overførast til ein sinnsjukt marginal idrett der 10% av utøvarane er toppidrettsutøvarar, men so har du breiddeidretten i dag er det som ikkje skjer organisert, ein må finne nye måtar å distribuere dei midlane som er tilgjengelige, viss man ska få maksimal effekt av.... Viss målet er å aktivisere ungdom, så må ein på ein måte putte inn midlar der ungdom faktisk befinn seg då.”

³⁷ Det finst i dag ulike organisasjonar knytt til freestylepraksisformene som med vekslende hell har blitt etablert – (sjå til dømes Brekke (2003) om NSBF). NSBF er kanskje den største av desse, men det finst også organisasjonar for downhillsyklistar, kiteskierar, basehopperar, elvepadlarar osv. I følgje informantane mine har alle det til felles at dei slit med manglande dugnadsand og organisasjonsvegring i dei ulike miljøa.

Som informanten påpeikar finst det små aktivitetar i Noreg som får store midlar i form av utbygging og vedlikehald av anlegg, trass i at dei er små. Mykje av grunnen til dette er at dei organiserer seg, meiner informanten. Om ein hadde sett den same organiseringsviljen innanfor praksisforma freestyle, kan det hende at lovverket mot heliskiing hadde vore noko mildare i Noreg.

7.3 KONFLIKT OG MAKT – OPPSUMMERING

Analysen har synt at det finst ein konflikt i feltet. Konflikten er basert på at aktørane har to ulike natursyn som i mange tilfelle ikkje kan sameinast. Aktørane innanfor praksisformene det tradisjonelle og freeride har eit abstraksjonsorientert natursyn og ynskjer difor å bevare naturen urørd. Difor er dei motstandarar av motorisert ferdsle i utmark og omfattande tilrettelegging. Praksisforma freestyle har eit praktisk, produksjonsorientert natursyn og vil difor å kunne ta i bruk naturen på ein annan måte enn det abstraksjonsorienterte ynskjer. For å kunne drive med aktivitetane sine i utmarka vil dei ha motorisert ferdsle og større grad av tilrettelegging.

Ein analyse av utsegna frå informantane mine og ulike andre maktorgan på feltet syner oss at det er knytt symbolsk makt til det abstraksjonsorienterte natursynet. Dette ser ein ved at det abstraksjonsorienterte vert oppfatta som det med mest status av alle informantane. Informantane mine frå det abstraksjonsorienterte har ei viss kompromissløyse og ei arrogant haldning ovanfor det praktisk, produksjonsorienterte. På same tid viser det praktisk, produksjonsorienterte ei audmjuk haldning og respekt ovanfor det abstraksjonsorienterte. Argumentasjonen aktørane med eit abstraksjonsorientert natursyn nyttar kan difor sjåast på som symbolsk vald, som også vert akseptert av dei dominerte. Når eg tek for meg media, forskning og styresmakter ser vi at det abstraksjonsorienterte dominerer innanfor alle områda; dette syner kor stor makt det abstraksjonsorienterte har.

Praksisforma freestyle er altså ei dominert praksisform. Aktørane med praksisforma viser motstand mot det dominante gjennom kulturelle uttrykk. Dei tek medvite avstand frå viktige element innanfor det tradisjonelle, og vil ikkje debattere natursyn på dei dominerande sine premissar. Dette kjem mellom anna til uttrykk ved at freestyle har ein sterk aversjon mot det organiserte, sjølv om organisasjonar er aktørar med mykje makt på feltet. På denne måten marginaliserer dei seg sjølve, gjennom å nekte å delta på dei områda avgjerder vert tatt.

8 AVSLUTTANDE DISKUSJONAR

I dette kapitlet vil eg sjå litt ut over det som er sjølve temaet for denne oppgåva. Eg vil diskutere mi eiga oppgåve i høve til anna forskning, og sjå korleis den plasserer seg innanfor ein forskingstradisjon. Eg vil så kommentere om funna mine har nokon relevans for forskning generelt og for feltet eg har forska på. Til slutt vil eg sjå på korleis funna mine går saman med samfunnet rundt seg, og trekke linjer til andre aktørar som påverkar konflikten eg har skildra.

8.1 OVERFØRINGSVERDI OG RELEVANS

Har konklusjonane eg gjer meg nokon overføringsverdi? På grunn av det lave talet av informantar kan eg ikkje ut frå noko statistisk grunnlag hevde at funna eg har gjort gjeld for andre aktørar enn dei eg har snakka med. Eg kan likevel styrke mine egne observasjonar ved å samanlikne dei med andre forskarar sine arbeide. Eg vil og syne relevansen prosessen og funna mine kan ha for forskning og for feltet.

8.1.1 Funna mine og anna forskning

Det å knytte sine egne funn til ein forskingstradisjon er ein viktig del av det å drive forskning. Ved å syne korleis ein står i høve til andre, aukar ein verdien av både sitt eige og dei andre sine arbeide. Det å styrke egne funn gjennom å vise til anna forskning er ein del av det Thagaard (1998) kallar *bekreftbarhet*.

Konklusjonane i denne oppgåva strir delvis med tidlegare friluftslivsforskning. Vorkinn (2001) og Bischoff & Odden (2003) peikar på at kontinuitet frå det tradisjonelle synast å vere trenden hos unge norske aktørar i naturen. Bischoff & Odden seier at det innanfor den norske frikøyingskulturen har førekome ei ”fornorsking” av internasjonale trendar. Ein har importert sider ved den globale kulturen som fokus på leik og det å gjere aktiviteten sin om til ein livsstil. Samtidig har dei tatt vare på den norske kjærleiken til den urørde naturen og skepsisen til for mykje tilrettelegging og motorisert ferdsle. Sagt med termane eg nyttar i denne oppgåva: dei har importert aktivitetsdimensjonen men endra natursynet til den internasjonale frikøyrarkulturen.

I mitt materiale ser vi ein annan tendens. Eg påstår med grunnlag i datamaterialet mitt at det praktisk, produksjonsretta natursynet har etablert seg i det norske friluftslivsfeltet i dag, gjennom praksisforma freestyle. Vidare syner eg at dette synet står i konflikt til det tradisjonelle, og at vi ikkje kan snakke om kontinuitet, men heller om konflikt. Tyder desse ulike forskingsresultata at ein av påstandane er feil? Slik eg ser det finnast det to forklaringar for dei ulike konklusjonane.

Det kan for det første sjå ut som at Vorkinn, Bischoff & Odden har strengare utvalskriterium enn det eg har operert med. Vi seier alle at vi forskar på friluftslivsfeltet, men det kan sjå ut som eg har gått lengre vekk frå dei tradisjonelle praksisformene for å hente informantar. Eg har snakka med informantar som for det meste held seg i område som kan nåast utan særleg gange frå skiheisen, eller som køyrrer bilen med kajakken berre nokre hundre meter frå elva dei skal padle ned. Dette er dei same informantane som har det natursynet som ikkje finnast hos Vorkinn eller Bischoff & Odden. Dei ulike utvalskriteria kan ha samanheng med at dei andre forskarane har ein strengare definisjon av kva friluftsliv er enn kva eg har.

Den andre forklaringa eg ser føre meg er basert på ulikskapar i teoretiske analyseverkty. Eg hadde ei ”grounded” tinærming til møtet mellom teori og empiri. Individualiseringsteori, som vert nytta av Vorkinn og Bischoff & Odden, kunne ikkje forklare dei samhengane som teikna seg opp i mitt materiale mellom praksisformer og natursyn. Analysen min vart difor i hovudsak basert på Bourdieu sine teoriar om at det finnast løynde maktstrukturar innanfor alle felt; maktstrukturar det er forskaren sin jobb å avdekke. Bourdieu gjev forskaren eit sett med omgrep som fungerer som analyseverkty for å finne desse løynde strukturane. Om ein ikkje brukar desse analyseverktya vil ein heller ikkje kunne sjå strukturane. Slik eg framstiller det i denne oppgåva er det praktisk, produksjonsretta natursynet eit undertrykt natursyn innanfor friluftslivsfeltet. Om ein ikkje nyttar Bourdieu sitt analyseverkty vil ein heller ikkje kunne sjå i kva grad dette natursynet eksisterer. Vorkinn og Bischoff & Odden kan ikkje omtale situasjonen i friluftslivet som ein konflikt fordi dei ikkje nyttar Bourdieu sine metodar, og difor ikkje ser den løynde konflikten. Om ein tek desse forklaringane med, tykkjer eg det er lite som skil resultata mine frå funna til Vorkinn og Bischoff & Odden. Dermed kan ein seie at funna supplerer og styrkjer kvarandre, og difor stadfester at ein kan snakke om *bekreftbarhet* mellom funna.

8.1.2 Relevans av funna mine

Fagleg sett er det interessant å sjå at Bourdieu sitt analyseverktøy kan nyttast innanfor eit felt som det norske friluftslivet. Bourdieu sine teoriar vart utvikla tett knytt til empiri, mellom anna frå det franske og det kabylske samfunnet. Difor er det interessant å prøve teoriane i andre felt, for å sjå om dei har relevans i andre felt enn der dei vart konstruerte. Sjølv om eg har hatt ei ”grounded” tilnærming til tilhøvet mellom data og teori, og ikkje hatt som målsetjing frå starten å teste ut Bourdieu sine teoriar, er det at eg nyttar den likevel med på å styrke den som ein universell teori for å forstå eit kvart felt. Bourdieu sine teoriar måtte supplerast med klasseteori frå Birminghamskulen for å forklare autonomiteten som vart uttrykt i den dominerte praksisforma i materialet mitt. Likevel har eg synt at Bourdieu sine teoriar har relevans for å forklare sjølve makttilhøva i feltet mitt.

Funna eg gjer i denne oppgåva kan og ha relevans. Det å avdekke doxale strukturar og synleggjere den symbolske makta som visse aktørar har er med på å frigjere menneske frå urettvise og uuttalte makttilhøve. Når aktørar på eit felt vert medvitne doxa og den symbolske makta som dei ulike aktørane har, ser dei at denne makta berre er symbolsk, og ikkje ein del av ein naturleg orden som berre er slik. Difor vil dei, når maktforma ikkje lenger er løynd, tillegge den mindre vekt når ein skal handle på feltet. På denne måten kan eit felt oppnå meir rettvis tilhøve mellom praksisformer og aktørar. Innanfor mitt felt vil oppgåva mi kunne medverke til at dei abstraksjonsorienterte og det praktisk, produksjonsorienterte natursyna vert oppfatta som to likeverdige natursyn. Om ein avdekkar den doxalske ordenen på feltet som seier at det abstraksjonsorienterte er meir naturleg enn det praktisk, produksjonsorienterte vil debatten mellom dei to praksisformene kunne bli fri for symbolsk vald og bli meir likestilt.

8.2 KONFLIKTEN OG SAMFUNNET UTANFOR

Ein av informantane mine frå praksisforma freeride sa dette om korleis ein bør møte framtida med tanke på konflikten om motorisert ferdsle:

Informant: ”I eit land der ein tredjedel av befolkninga stemmer

Framstegspartiet trur eg nok det er viktig å vere førebudd...det vil oppstå alliansar, det vil oppstå konfliktar, ein nord – sør konflikt. Det er heilt

klart større problem at folk køyrer scooter i sør...meir press på landet i sør, meir scooterkøyring, mens i nord er det ikkje same presset på terrenget, og dei har ein tettare link til Sverige og på ein måte lenger kultur for det. So vil du ha ein konflikt som går på det med kommersielt friluftsliv, eller amerikanisert friluftsliv, innad i frikøyrarmiljøet. Så vil du ha ein sånn bygd vs by-konflikt. Det kan oppstå mange underfundige alliansar her då. For eksempel at dei mest urbane brett og skikøyrarar finn saman med dei mest innhule bønder oppi nord og slår med seg igjen samanhes tradisjonar”

Informanten hevdar at det finnast ulike grupper i det norske samfunnet som ynskjer å mjukne opp rådande lovgjeving for motorisert ferdsle. Han ramsar opp ulike element i samfunnet vårt som på trass av at dei er ulike, jobbar mot det same målet. Han nemner det eg kallar freestylemiljøet, scootermiljøet i Nord-Noreg, og bygdefolk som vil ha motorisert ferdsle og turisme i naturen for å utvikle distrikta. Eg spurde også dei andre informantane mine om dei kunne tenkje seg aktørar utanfor friluftslivsfeltet som ynskjer ei slik utvikling. Grupperingar som vart nemnde var bønder som vil drive turisme, bønder som kjempar imot oppretting av nasjonalparkar, bygdekommunar som vil tene pengar på å tilretteleggje for hyttebygging og skitrekk, nyrike milliardærar som bygger private hyttepalass, nyrike milliardærar som vil byggje alpinsenter og høgfjellshotell, grupper som vil utvide markagrensa i Oslo, ulvejegerar, og unge ”pøblar” med scooterar og ATV-køyrety.

8.2.1 Den praktisk, produksjonsorienterte alliansen

Det kan tenkjast at eit fellestrekk for dei elles ulike grupperingane som vert nemnde av informantane mine er at dei alle deler eit praktisk, produksjonsorientert natursyn. Det finnast ikkje noko særleg datamateriale som knyter dei ulike aktørane direkte til eit slikt natursyn, men slik Skogen (1995) syner oss er det praktisk, produksjonsorienterte knytt til ein ”kultur” for naturoppleving ein finn i arbeidarklassen og den harde middelklassen. Bønder og bygdefolk, ”pøblar” på snøscooterar og ulvejegerar kan kanskje alle knytast til eit arbeidarklassehabitus. Dei ”nyrike milliardærane” kan sjåast på som ein del av den harde middel- eller overklassen som er knytt til store mengder økonomisk kapital, men mindre mengder kulturell kapital.

I artikkelen *Young working class hunters between wolves and modernity* fortel Krange & Skogen (2004) om korleis ulvemotstandarar i Stor-Elvdal føler seg makteslause ovanfor storsamfunnet sin tilsynelatande massive motstand mot ulvejakt. Ulvemotstandarane i Stor-Elvdal gjev uttrykk for at dei har lite erfaring med politiske prosessar, og veit ikkje korleis ein skal kjempe kampen mot ulven på storsamfunnet og det urbane sine premisser. På same måte som for freestyleinformantane mine, vert avstanden dei tek frå storsamfunnet gjennom kulturelle protestuttrykk særleg viktig. Denne motstanden knyter Krange & Skogen til subkulturell motstand og Birminghamteoriane. I staden for å ta til seg dei urbane mansrollene som storsamfunnet krev av dei, tek dei vare på ein tradisjonell bygde-arbeidarklassekultur der jakt spelar ei sentral rolle. Det praktisk, produksjonsretta livet i naturen er ein sentral del av identiteten deira.

Ein kan kanskje tenkje seg at dei same subkulturelle motstandsprosessane utspelar seg innanfor bygdekulturar der styresmaktene overstyrar lokale ynskje og lagar utmark om til nasjonalparkar. Land som bønder vil kultivere med skogbruk og traktorvegar vert freda og difor ubrukbart i eit produksjonsperspektiv. Andre bygdesamfunn vil nytte ressursane i naturen rundt seg for å tene pengar på motorisert turisme, kanskje med restaurantar og tilrettelagde stiar i utmark, men vert nekta av strenge lover. Bygdeungdom som er glade i motorsport får ikkje køyre der dei vil med køyretya sine. Alt dette er eksempel på aktørar som vil ta i bruk naturen i tråd med det praktisk, produksjonsretta natursynet, men som vert stoppa av lovgjeving.

Det kan vanskeleg hevdast at rike menneske som ønskjer å byggje hyttepalass og høgfjellshotell i den norske naturen kan inkluderas i denne samansetjinga av dominerte aktørar i det norske samfunnet. Sidan dei er rike har dei makt, og kan difor ikkje vere dominerte. Likevel står dei på same side som freestyle, ulvejegerar og bygdefolk i debatten eg prøver å teikne opp her. Det praktisk, produksjonsretta natursynet som sameinar dei ulike aktørane, har lite symbolsk makt i Noreg. Når det kjem til politiske avgjerder er ikkje økonomisk kapital alltid utslagsgjevande. Dette gjeld kanskje særleg i Noreg der vi har tradisjon for ein viss skepsis mot dei rike, og særleg dei rike som viser at dei er det gjennom til dømes å bygge hyttepalass.

8.2.2 Den abstraksjonsorienterte alliansen

På den andre sida kan ein tenkje seg at dei som kjempar for streng regulering av utmarka er ein urban allianse av miljøvernarar, naturvernarar og dyrevernarar saman med det tradisjonelle friluftslivet og freeride. Denne alliansen har eit felles natursyn – det abstraksjonsorienterte – som Skogen (1995) knyter opp mot dei humanistisk-intellektuelle delane av middelklassen og overklassen. Ein kan sjå for seg at dette er ein allianse mellom nikkersadelen frå Holmenkollåsen (millionærar med det *riktige* natursynet) og akademikar frå dei store byane. Natursynet som sameinar dei er knytt til mykje symbolsk kapital og gjev dei difor mykje makt på feltet. Denne makta har ført til at dei har fått gjennom natursynet sitt i Norsk utmarkspolitikkk på trass av at forskning kan tyde på at dei er i mindretal i befolkninga (Vorkinn 2000).

Det må nok ein gong understrekast at denne oppteikninga av konfliktlinjer og alliansar ikkje kan understøttast av fleire data enn dei eg har nemnt. Framstillinga er basert på ein analyse av det informantane mine har fortalt om feltet og på tidlegare forskning. Det kunne vore interessant og opplysende å forske vidare på samanhengar mellom ulike grupperingar innanfor den norske naturen og natursynet deira. På denne måten kunne ein fått betre kunnskapar om dei alliansane som ser ut til å bygge seg innanfor feltet.

9 SAMANDRAG OG TANKAR OM FRAMTIDA

9.1 SAMANDRAG

Problemstillinga mi søker svar på spørsmålet ”Finnast det konflikthar mellom det gamle og det nye i det norske friluftslivet?” I denne oppgåva er svaret eit ja, men det er eit ja med eit atterhald. Gjennom analysen min har eg funne ut at ”det nye” er samansett, og gjev ikkje uttrykk for eit felles syn innanfor ulike konflikthar i friluftslivet. Eg har funne at ein kan skilje mellom tre ulike praksisformer i feltet. Det første er det tradisjonelle, som representerer det gamle i spørsmålet over. Dei to andre praksisformene er nye innanfor friluftslivet; freeride og freestyle. Utsegner frå informantane mine samt analysar frå tidlegare forskning peikar mot at praksisformene det tradisjonelle og freeride er knytt til eit middelklassehabitus, medan praksisforma freestyle er knytt til eit arbeidarklassehabitus.

Innanfor feltet finnast det to ulike natursyn som i somme tilfelle ikkje kan sameinast, og det er til desse natursyna konflikthar i friluftslivet er knytt. Det første av natursyna er det abstraksjonsorienterte, som er ein del av praksisformene det tradisjonelle og freeride. Det andre natursynet er det praktisk, produksjonsorienterte, og er ein del av praksisforma freestyle. Gjennom Bourdieu sin teori for analysar av makttilhøve har eg synt at det er knytt symbolsk kapital til det abstraksjonsorienterte. Denne kapitalen fører til at aktørane med dette natursynet får symbolsk makt, og dominerer dei andre aktørane på feltet. Den symbolske makta er av ein slik karakter at både dei dominerande og dei dominerte aktørane aksepter dominanstilhøvet som eit naturleg tilhøve, fordi makttilhøva er naturleggjorde og løynde.

På trass av at aktørane med eit praktisk, produksjonsretta natursyn vert dominert har dei sine egne autonome praksisformer. Gjennom teoriar frå Birminghamskulen om utviklinga av opposisjonelle subkulturar syner eg korleis aktørane uttrykkjer motstand mot det dominerande natursynet gjennom kulturelle uttrykk. Aktørane innanfor den praktisk, produksjonsretta kulturen har likevel på grunn av den symbolske makta til det abstraksjonsorienterte ikkje særleg gjennomslagskraft for sitt eige natursyn i storsamfunnet.

9.2 TANKAR OM FRAMTIDA

Om ein skal prøve å sjå for seg korleis feltet vil utvikle seg vil eg ta utgangspunkt i korleis sjølve konflikten kan tenkjast å utvikle seg. Som eg synte i kapittel 8 kan ein sjå samanhengar utover det avgrensa feltet eg har tatt føre meg i denne oppgåva. Det finnast krefter utanfor friluftslivet som vil vere med i diskusjonen om kva slags natursyn som skal vere rådande. Slik eg ser det kjem desse alliansane til å bli mykje tydelegare og meir uttala i framtida. Også i dag ser vi teikn til at dei ulike partane går saman, Framstegspartiet har ved fleire høve den siste tida gjort seg til talsmann for det praktisk, produksjonsorienterte natursynet.³⁸ Som eg har fokusert på har det vore ein skepsis hos aktørar med eit praktisk, produksjonsorientert natursyn mot å delta i den offentlege debatten, som til no har vore dominert av den symbolske makta til det abstraksjonsorienterte. Kanskje Framstegspartiet vil verte samlande for natursynet og gjere til at ein tør ta opp kampen med det abstraksjonsorienterte på deira eiga heimebane?

Kva hadde så vore konsekvensen av å mjukne opp det norske lovverket om tilrettelegging av natur? På den eine sida har vi svært mykje natur i Noreg. Mange vil hevde at vi har nok til alle, og at det burde finnast område der aktivitetar som heliskiing skal vere lovleg, og andre område der det er forbode. Om ein deler på naturen vil aktørar med tradisjonelle eller freeride praksisformer enno kunne drive med det friluftslivet dei ynskjer i mange område, berre ikkje over alt. Samtidig vil dette føre til at aktørar som vil drive med heliskiing kan få gjere det, kanskje på nokre avgrensa fjelltoppar.

På den andre sida ville nok den symbolske effekten av å mjukne opp lovverket vere stor. Den symbolske kapitalen som er knytt til det abstraksjonsorienterte gjer at aktørane innanfor praksisformene det tradisjonelle og freeride *veit* at dei har det naturlege natursynet, og vil nok ha problem med å kunne dele noko som helst av naturen med snøscooterar og helikopter. Mange av informantane mine uttrykkjer at dei ville sett på eit enkelt løyve for heliskiing i Noreg som eit stort tap for den norske naturen. Berre kunnskapen om at det finnast område av den urørde naturen som vert nytta til slikt, vert ei negativt for aktørar med eit abstraksjonsorientert natursyn.

³⁸ Framstegspartiet har mellom anna støtta bygdefolk i Veitastrond ved Jostedalen nasjonalpark som ynskjer å bruke helikopter for å frakte turistar inn i nasjonalparken.

LITTERATUR:

- Barthes, Roland (1977): "The death of the Author" : 42-148 i *Image Music Text*. London: Forntana
- Bertaux, Daniel (1982): "The Life Course Approach as a Challenge to the Social Sciences" : 127-147 i T. Hareven & K. Adams (red.): *Aging and Life Course Transitions: An Interdisciplinary Perspective*. New York: Guilford Press/ London: Tavistock
- Bourdieu, Pierre (1986): "The forms of capital" : 241-258 i Richardson, John G: *Handbook of Theory and Research for the Sociology of Education*. New York: Greenwood Press
- Bourdieu, Pierre (1990) *The Logic of Practice*. Stanford, CA: Stanford University Press.
- Bourdieu, Pierre (1995) *Distinksjonen*. Oslo: Pax forlag
- Bourdieu, Pierre (1996) *Symbolisk makt*. Oslo: Pax forlag
- Bourdieu, Pierre (2000) *Den maskuline dominans*. Oslo: Pax forlag
- Brekke, Jan-Paul (2003) *Utenfor løypa? – Forsøk med direkte medlemskap i Noregs Snowboardforbund*. Oslo: Institutt for samfunnsforskning.
- Bischoff, A (1999) "Friluftsliv og ungdom – endring fra tradisjonsoverføring til valg og personlig utvikling" : 94-99 i *Rapport fra konferansen forskning i friluft 1998* Hvalstad: FRIFO
- Bischoff, A & Odden, A (2000) "Moderniseringsprosesser i utmarka – konsekvenser av endringer innenfor friluftslivet" i *Utmark no1 2000* Lillehammer: Østlandsforskning. Artikkelen kan lesast på www.utmark.org
- Bischoff & Odden (2003) "Nye trender i norsk friluftsliv. Utvanning eller forsterkning av gamle mønstre og idealer" : 231-247 i Lerkelund, Hans Erik: *Rapport fra konferansen forskning i friluft*. Oslo: Frifo
- Brox, Ottar (2001) *Vår felles eiendom – Tar vi vare på allemannsretten*. Oslo: Pax Forlag A/S.
- Christensen, Olav (1998) "Vinterfriluftsliv i endring" : 66-74 i Strumse, Einar: *Forskning om miljøbetinget livskvalitet: faglig mangfold - nyttig kunnskap* Oslo: Norges forskningsråd.

- Christensen, Olav (2001a) *Absolutt snowboard. Studier i Sidelengs ungdomskulturer*. Dr.Art. – avhandling. Oslo:UiO
- Christensen, Olav (2001b) *Absolutt snowboard. Kampen mot kjedsomheten*. Oslo: Gyldendal
- Coffey, Amanda & Atkinson, Paul (1998) *Making Sense of Qualitative Data*. London: Sage.
- Fangen, Katrine (1995) *Skinheads i rødt, hvitt og blått : en sosiologisk studie fra "innsiden"*. Oslo: Program for Ungdomsforskning, Norges forskningsråd.
- Fossen, Erling (2000) *Antinatur – natur som ideologi*. Oslo: Pax forlag AS
- Glaser & Strauss (1967) *The Discovery of Grounded Theory. Strategies for Qualitative Research*. Chicago: Aldine
- Goldthorpe, J. H. (2000): *On Sociology. Numbets, Narrativs and the Integration of Research and Theory*. Oxford: Oxford University Press.
- Gouldner, A. (1979) *The future of intellectuals and the rise of the new class*. New York: Seabury Press
- Gullestad, Marianne (1990): "Naturen i norsk kultur" : 81-97 i Frønes, Ivar og Deichman Sørensen, Trine: *Kulturanalyse* Oslo: Gyldendal
- Hall, S & Jefferson, T (1988): *Resistance through Rituals: Youth Cultures in Post-war Britain*. London: Routledge.
- Hebdige, Dick (1979): *Subculture. The Meaning of Style*. New York: Routledge.
- Krange, Olve (2004): *Grenser for individualisering – ungdom mellom ny og gammel modernitet*. Oslo: NOVA
- Krange, Olve & Skogen, Ketil (2003) "Skudd i løse lufta" i Engelstad, F og Ødegård, G *Ungdom, makt og mening*. Oslo: Gyldendal akademiske.
- Krange, Olve & Skogen, Ketil (2004): "Young working class hunters between wolves and modernity" : 89-114 i Krange, Olve: *Grenser for individualisering – ungdom mellom ny og gammel modernitet*. Oslo: NOVA
- Kroeber, A L & Kluckhohn, C (1985): *Culture : a critical review of concepts and definitions*. Westport: Greenwood Press

- Kvale, Steinar (1997) *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Ad Notam Gyldendal AS.
- Leirvik, Mariann (2004) *Hvordan virker sosial kapital inn på skoletilpasning? - En kvalitativ studie av ungdom med vietnamesisk bakgrunn*. Oslo: UiO
- Miljøverndepartementet (2001) *Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet*. Stortingsmelding 39. 2001
- Mjøset, Lars (2003): "Hvordan skal vi forholde oss til klassikerne? Kommentar til Rune Nilsen "De seiglivede klassikerne" : 47-68 i *Sosiologisk årbok 2003.2*. Oslo: UiO
- Mæland, Sidsel (2003) "Basehopping – En studie i samtidskultur" : 162-165 i Lerkelund, Hans Erik: *Rapport fra konferansen forskning i friluft*. Oslo: Frifo.
- Næss, Arne (1974) *Økologi, samfunn, livsstil*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Odden, Alf og Aas, Øystein (2003) "Motiver for friluftslivsutøvelse" : 120-139 i Lerkelund, Hans Erik: *Rapport fra konferansen forskning i friluft*. Oslo: Frifo.
- Richardson, Heidi (1994) *Kraftanstrengelse og ensomhet – En analyse av det norske friluftslivets kulturelle konstruksjoner*. Bergen: Institutt for kunsthistorie og kulturvitenskap, UiB.
- Rosenlund, L. (2000) *Social Structures and Change: Applying Pierre Bourdieu's Approach and Analytic Framework*. Stavanger: Stavanger University College
- Sande, A (1999) "Er friluftsliv moderne religionsutøvelse?" : 17-32 i *Rapport fra konferansen forskning i friluft 1998* Hvalstad: FRIFO
- Skogen, Ketil (1995) "Ungdom og natur – Postmoderne identitetskonstruksjon eller reprodusjon av klassekultur?" ss. 75-91 i *Tidsskrift for samfunnsforskning 1995*
- Skogen, Ketil (1998) "Problematferd i villmarka: Sammenhenger mellom friluftsliv og problematferd blant ungdom" : 75-97 i Strumse, Einar: *Forskning om miljøbetinget livskvalitet: faglig mangfold - nyttig kunnskap* Oslo: Norges forskningsråd.
- Skogen, Ketil (2001) "Friluftsliv som seismograf for sosial endring: Jegere og snowboardere i det seinmoderne" ss. 56-67 i Myklebust, Jon Olav: *Ungdom, i spenninga mellom det lokale og det globale*. Oslo: Samlaget.

- Skår, Margrete (2003) ”Dagens friluftsliv – tradisjonelt og moderne. Med sykkelen som eksempel” : 140-151 i Lerkelund, Hans Erik *Rapport fra konferansen Forsking i friluft*. Oslo: FRIFO
- Strandbu, Åse (2000) *Storbyungdom og natur. En undersøkelse av Osloungdoms forhold til friluftsliv og miljøproblemer*. Oslo: NOVA.
- Teigland, J (2000) *Nordmenns friluftsliv og naturopplevelser*. Sogndal: Vestlandsforking.
- Thagaard, Tove (1998) *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Thornton, Sarah (1995) *Club Cultures. Music, media and Subcultural Capital*. Cambridge: Polity.
- Tordsson, Bjørn (1999) ”Kulturelle konstruksjoner og meningen med friluftsliv” : 38-46 i *Rapport fra konferansen forskning i friluft 1998* Hvalstad: FRIFO.
- Tordsson, Bjørn (2003) *Å svare på naturens åpne tiltale. En undersøkelse av meningsdimensjoner i norsk friluftsliv på 1900-tallet og en drøftelse av friluftsliv som sosiokulturellt fenomen*. Oslo: Noregs idrettshøgskole
- Veiden, Pål & Burkeland, Sollaug (1999) *Samfunnsvitenskapelig ordbok*. Oslo: Spartacus.
- Vold, Thomas (2003) ”Reisen til landet Annerledes – Naturforståelse og naturopplevelse som virkemidler i forvaltninga av naturen på Svalbard” : 23-30 i Lerkelund, Hans Erik *Rapport fra konferansen Forsking i friluft*. Oslo: FRIFO
- Vorkinn, Marit; Vittersø, Joar; Riese, Hanne (2000) *Norsk friluftsliv på randen av modernisering*. Lillehammer: Østlandsforskning
- Vorkinn, Marit (2001) ”Norsk friluftsliv – på randen til modernisering” i *Utmark 2* 2001. Lillehammer: Østlandsforskning. Artikkelen kan lesast på www.utmark.org.
- Vorkinn, Marit (2003) ”Tilknytning til naturområder” : 220-230 i Lerkelund, Hans Erik *Rapport fra konferansen Forsking i friluft*. Oslo: FRIFO
- Wadel, C (1991) *Feltarbeid i egen kultur. En innføring i kvalitativt orientert samfunnsforskning*. Flekkefjord: Seek.
- Willis, P. (1978) *Profane Culture*. London: Routledge

Wilson, Edward O (1975) *Sociobiology : the new synthesis*. Cambridge: Belknap Press.

Wilson, Edward O (1984) *Biophilia: The Human Bond with Other Species*. Cambridge: Harvard University Press.

Witoszek, Nina (1998) *Norske naturmytologier – Fra Edda til økofilosofi*. Oslo: Pax Forlag A/S.

Woon, Long Litt (1993) "Hvordan jeg lærte å gå på tur" i Klepp, I. G. og Svarverud, R. *Idrett og fritid i kulturbildet*. Oslo: Det historisk-filosofiske fakultet, UiO.

Østerberg, Dag (1997) "Hermeneutikk" : 112-113 i Korsnes, Olav; Andersen, Heine og Brante, Thomas (red): *Sosiologisk leksikon*. Oslo: Universitetsforlaget.

ANDRE KJELDER EG HAR HATT NYTTE AV

Fjell og Vidde årgangane 1990-2003
DNT-årbok 1990 - 2003
Playboard årgangane 1999 – 2002
Ultrasport årgangane 2000-2002
Fri Flyt årgangane 1999-2003

Fri flyt si nettside.
NRK si nettside – Adrenalin-redaksjonen

Videoar:

2. brett

Amp

Ekstremsportveko på Voss 02

Ekstremsportveko på Voss 03

King Size

Monkey Shine

Nixon Jibfest

Norgasmo

Notice to Appear

Pulse

Soul deep

TB7

TB8

TB9

TB10

The Process

The Resistance

Technical Difficulties

Thirst

Video Gangs

Alle kjelder som er nytta i denne oppgåva er gjevne!

Ord i oppgåva: 37 099

VEDLEGG 1: INTERVJUGUIDE

Intervjuguide

Oppvarming:

Fortelje om kva intervjuet skal bli brukt til:

- Hovudfagsoppgåve i sosiologi ved UiO, skriv i samarbeid med Olve Krange på NOVA.
- Ferdig rundt sommaren 2004
- Oppgåva handlar om endringar i det norske friluftslivet (ikkje sei noko om konflikt)
- All informasjon vil bli behandla konfidensielt, og i presentasjonar av funn vil det ikkje komme fram kven som er intervjuar.
- Eg tek notatar og tek opp på minidisk.

BAKGRUNNSSPØRSMÅL (forklare kvifor)

Alder

Bustad (tidlegare bustad)

Barn?

Gift?

Utdanning

Yrke

Andre interesser???

FRILUFTSLIV

Turen – egne opplevingar

Brukar du naturen mykje? (utdjup – kor mykje – er dette mykje i forhold til andre)

Kan du beskrive ein typisk vellukka tur for deg?

- Forberedelsar (klargjering av utstyr, lesing av kart, veirmelding mm)?
- Med vener eller åleine, eller begge deler? Ulikskapar i opplevelse av naturen åleine eller med andre?
- Andre menneske, turistar, amerikanarar og danskar, osv? Folk som har ei anna oppfatning av kva det er å vere på tur enn deg?
- Utstyr?
- Slit eller rolig?
- Må nå eit mål td ein topp eller berre vere i naturen?
- Er det spanandennadne å vere på tur, likar du litt krevjande ruter, klatring ol.?
- Kva slags område går turen til (bratt terreng eller ikkje, høg fjell eller skog, er terrengtype mindre viktig)?
- Korl lang tid (par timar, dagstur, fleire dagar)?
- Metrologi (sol, skyer, regn eller snø, vinter, vår, sommar el haust?)

Har du minner frå turar som du hugsar som spesielt vellukka (fortell)?

Når starta du å bruke naturen?

- Kven lærte deg å bruke naturen? (foreldre, kompisar eller reklame, filmar, magasin?)
- Kva var viktig å lære seg?
- Kva slags verdiar vart du lært?
- Har måten du er i fjellet forandra seg i løpet av den tida du har vore der (ettersom blitt eldre, trendar forandra seg o.l), eller er det samme fortsatt viktig?
- Føler du at du bær vidare ein tradisjon?
- Når du lærte å gå i fjellet, lærte du dette som noko typisk norsk?

Kva er grunnen til at du likar å vere i fjellet?

- Spanande, ro og fred, vekk frå byen, komme i form, sosialt?

Kva er fjellet for deg?

- legg du spesielle verdiar i det å vere i fjellet – representerer fjellet noko spes (sosiomaterialitet)?

Er det viktig kva slags utstyr du brukar (klede, er det ok å gå i dongeri og joggesko, baggy bukser, med meir eller bør d vere fjellklede – gore tex eller tom anorakk. Bør det vere tradisjonelle ski, eller kan ein gå med truger og snøbrett?)

- Viktig kva type brett eller ski du har?
- Kva slags merke kleda har?
- Kven bestem kva som er bra?
- Reklame viktig?

Uttrykkjer du noko spes med aktiviteten din?

- tilhøyr til ei gruppe?
- Seier det noko om kven du er?
- Ta avstand frå noko (idrett, mainstream a4-liv)?
- Ta avstand frå andre grupper?
- Fører det med seg spesielle haldningar?

Når du går saman med andre:

- Kven er dei?
- Er det viktig at dei har samme oppfatning av korleis ein tur skal vere som du har?
- Bryr du deg om kva slags utstyr dei du går saman med brukar?

Har du nokon gong vore på tur saman med folk som har hatt oppfatningar av korleis ein tur skal vere som skil seg frå dine?

- Korleis var det?
- Øydela det opplevinga?

Når du er på tur, er det viktig med andre tilbud rundt?

- Td afterski, konsertar, matopplevingar, treffe andre menneske?
- Eller er slike ting tvert om øydeleggjande – og om det hadde vorte innført der du hadde gått hadde det øydelagt for deg?
- Om td Turistforeningen hadde satsa meir på fest og moro på arrangementa sine, og kobla det med topturar og actionfylt aktivitet i samband med turisthyttene i td jotunheimen, er dette noko du kunne tenkje deg å vere med på?

Finnast det nokon du ser opp til når det gjeld friluftsliv?

- Kvifor?

Føler du at måten du driv friluftsliv på er utvilkilande for deg på nokon måte?

Er du med i DNT eller andre organisasjonar?

- Er det nyttig for samfunnet å ha ein slik organisasjon, viktig å prøve å få med flest mogeleg?
- Er det viktig at folk brukar naturen, viktig at dei gjer det på riktig måte?
- Er dette berre miljøvern eller og haldningsskapande, dannande, skapar gode samfunnsborgarar?
- Kvifor nyttig?

Andre sine opplevingar

Trur du andre deler oppfatninga di om kva som er ”det gode friluftsliv”?

Har andre omlag dei same meiningane som deg eller trur du det finnast skilnader?

Nasjonalt – egne opplevingar

Føler du deg privilegert som bur i Noreg og har tilgang på flott natur?

Føler du at det er noko eige med den norske måten å drive fjellfriluftsliv, til forskjell frå andre land?

Føler du at du tilhøyrer ein særnorsk friluftstradisjon ((Slingsby), Nansen, Ingstad)?

- Er du stolt av dette?
- Er dette ein arv som er viktig å ta vare på?
- Trur du andre kan synest dette er viktig å ta vare på?

Når du er i naturen, er det då betre for deg å vere i norske fjell enn utanlandske – like gjerne Himalaya eller Canada som Noreg? Eller er heime best?

Trur du det kan vere vanskeleg for menneske som er nye i den norske kulturen å komme inn i den norske måten å drive friluftsliv på (og ser du på dette som eit problem)?

Det kan sjå ut som at det nasjonale ved friluftslivet er i ferd med å verte mindre viktig, sær for unge menneske (internasjonale trendar, klesstilar, utstyr, måtar å bruke naturen på). Er dette eit problem?

Andre sine oppfatningar av det nasjonale

Trur du andre tykkjer den nasjonale arven er viktig – viktig å ta vare på den norske turkulturen?

Trur du andre kan syns dette er eit problem at den ser ut til å forsvinne?

Miljøvern/politikk/natursyn

Kva tykkjer du om den nye typen hytter som har blitt bygd i Noreg dei siste åra (hyttepalass)?

Kva tykkjer du om store skiheisanlegg, (som til dømes Hemsedal)?

Tykkjer du at det bør åpnast for å drive helikoptertransport og snøscootertransport av skituristar til urørte fjellområde slik ein gjer i Alpane og ikkje minst i Nordamerika, om det finnast ein marknad for det (slik at dei skal få stå på ski og snowboard ned att i urørt puddersnø)?

Ulvejakt (er dette noko som engasjerer deg kraftig)?

Ser du på deg sjølv som opptatt av miljøvern?

Er det viktig for deg å komme ut av byen?

Andre sine oppfatningar av miljøvern/politikk

Trur du andre har samme haldningar som deg når det gjeld slike saker?

Endring

Føler du at noko har endra seg i friluftslivet dei siste ti-tjue åra? (nye måtar å nytte naturen på, meir ”ekstremспорт”, trendy, kommersielt, mindre fokus på det tradisjonelle?)

- Har du sjølv konkrete opplevingar som kan illustrere dette?
- Kva slags verdiar er det som forsvinn?
- Kva nye verdiar kjem til?
- Er dette eit problem?
- Kva likar du med det nye?
- Kva med det nye er det eventuelt du ikkje likar?
- Er det ”feil” måte å drive friluftsliv på?
- Er det for ”enkelt”?
- Føler du slike haldningar kan vere ein trussel mot friluftslivet ditt?

NYE: Kva tykkjer du om restriksjonar på korleis du kan te deg i fjellheimen?

- Ikkje køyre scooter eller helikopter
- Ikkje musikk, ikkje bygge hytter, ikkje meir heisanlegg. Får ikkje frikøyre pga naturvern?

GAMLE: Kva tykkjer du om at nye aktivitetar kanskje kan begrense moglegheitene du har til å drive friluftsliv?

- Helikoptertransport og scootertransport av skifolk
- Meir skianlegg, hytter?
- Meir musikk og fest i fjellheimen?

Trur du det er it problem at det eksisterer to ulike kulturar i den norske fjellheimen (generelt)?

- Kva er problematisk?
- Kva slags konflikhtar kan oppstå?

Klasse

Kven er dei som driv med dei nye/gamle aktivitetane(dei som er som deg, dei som er motstandarane dine)?

- korleis ser dei ut
- musikksmak
- alder
- andre interesser
- utdanning
- jobb
- økonomi

Allemannsrett

- Tykkjer du ein kan saksøke eit skitrekk om ein slår seg i bakken deira (kva med utanfor løypene, kva med turarrangørar, rafting osv)?
- Har du nokon meiningar om allemannsretten?

Forestillingssituasjon

Tenk deg følgande situasjon:

Du er på fjelltur på vinterstid. Du har bestemt deg for å nå ein strabasiøs topp, og lagt ut grytidleg for å få det meste ut av dagen. Etter mange timar med tung marsj åleine i urørt og vakker natur ser du målet nærme seg. Med eitt høyrer du motorlyd bak deg og du ser eit helikopter som ser ut til å ha same mål som deg. Helikopteret passerer deg og landar på toppen av tindene, slepp av 4-5 menneske og flyg tilbake. Menneska kjem i stor fart mot deg, utstyrt med snowboard og alpine ski. I det dei passerer deg ropar og skrik nokon av glede, medan ein av dei har på seg svære hovudtelefonar. Eit par av dei nikkar til deg medan dei andre berre køyrer forbi.

Korleis ville du opplevd dette? (Problematisk eller greit, kvifor er dette eit problem? ”Feil måte å bruke naturen på?” Kva om helikopteret hadde blitt bytta ut med snøscooterar? Kunne det vore deg i helikopteret?)

Korleis trur du andre ville opplevd dette og kvifor?

Har du opplevd noko liknande sjølv?

Om intervjuobjektet er medlem i DNT:

- Om DNT – føler du at det er noko konflikt innad i DNT om kva som er det rette friluftslivet?
- Korleis kjem dette til uttrykk (kva handlar konflikten om)?
- Er det bestemte grupper som utkrystaliserer seg (er det generasjonskonflikt)?
- Kor står du sjølv?
- Kva trur du kjem til å hende i framtida?
- Kva er viktig å passe på i framtida?
- Om dei unge skal rekruterast må dette gå på bekostninga av viktige verdiar?

Trur du at du kjem til å fortsette med eit slikt friluftsliv om 10 år? Om 30 år? Om 50 år? Kva endrar seg?